

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 11.12.2008 kl 10.00 – 18.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 086/08 - 127/08

Innkalling til møtet var sendt ut den: 05.12.2008.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordførar</b>	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Jan Otto Daae, vara	Venke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Dina Merete K. Dyrhovden, permisjon		

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
	Tore Helland	

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Rådgjevar Alf Strand

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Håkon Matre
<b>Utlevert i møtet:</b>	Kart og reguleringsføresegner til sak120/08 Vedtaksprotokoll frå formannskapsmøte den 11.12.08
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

Leiar i Masfjorden eldreråd Klaus Nordli møtte.

Ordfører ønsket velkommen til det siste kommunestyremøte i 2008.

### **Innkallinga vart godkjent.**

Ordfører orienterte om saksgangen.

Willy Borge hadde merknad til innkallinga. Vararepresentanten fekk papira for seint.

Ordfører beklaga dette og syntet til at det var knapp tid mellom formannskapsmøte den 03.12.08 og til sakspapira til kommunestyret skulle ut. For ettertida må ein unngå dette.

Ordfører orienterte om at det under skriv og meldingar ville bli lagt fram framlegg til møteplan for 1. halvår 2009.

Ordfører gjorde framlegg om at pga av den lange saklista at sak om skriv og meldingar vert flytta og handsama som siste sak.

Dette vart samrøystes vedteke.

### **Sakslista vart godkjent.**

Ordfører gjorde framlegg om Kari Skår Sørheim og Jan Otto Daae til å skriva under møteboka. Dette vart samrøystes vedteke.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
086/08	08/910	Godkjenning av møteprotokoll	6
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
087/08	08/909	Skriv og meldingar	7
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
088/08	06/917	Barnehagesatsar 2009	9
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
089/08	08/805	Foreldrebetaling - elevbetaling Idrettsskulen for 2009/10	12
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
090/08	06/916	Elevbetaling Kulturskulen for 2009	14
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
091/08	06/918	SFO-satsar for 2009	17
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
092/08	08/806	Rammetimetalet 2009 - 2010	20
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
093/08	08/810	Eigenbetaling pleie og omsorg for 2009	25
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
094/08	08/816	Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2009 for Masfjorden kommune	31
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
095/08	08/822	Kommunale avgifter for 2009 - vatn, avlaup, slam og feiing + landbrukssaker	35
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
096/08	08/823	Gebyrsatsar renovasjon 2009 for Masfjorden kommune	41
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
097/08	08/845	Kommunale vegar - vedlikehaldsplan - budsjett 2009	47
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
098/08	08/770	Vedlikehaldsplan bygg for 2009	50
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
099/08	08/886	Kraftfondsbudsjettet for 2009	53
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
100/08	08/658	Budsjett 2009 og økonomiplan 2008 - 2012	60

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
101/08	08/829	Søknad om tilskot frå Kraftfondet til investering i høve nye lokale - Karina design og agenturer AS	71
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
102/08	08/836	Søknad om lån og tilskot frå kraftfondet til produksjon/sal av slaktekylling - Leif Bjarne Kvinge	75
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
103/08	08/827	Søknad om tilskot frå kraftfondet til anleggsverksemd - Gunnar Trædal	80
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
104/08	08/808	Søknad om tilskot frå kraftfondet til frisørsalong - V. Hjartholm	84
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
105/08	08/828	Søknad om tilskot frå kraftfondet til Taxikøyring i Indre Masfjorden - Ørjan Langhelle	89
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
106/08	08/871	Søknad om tilskot - forstudie til nytt hotell i Stordalen	92
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
107/08	08/809	Søknad frå kraftfondet til nytt firma Berg Fritid - hyttetenester/turisttenester	98
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
108/08	08/807	Søknad om tilskot frå kraftfondet til nytt siloanlegg - K.A. Areklett	102
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
109/08	07/544	Nordhordlandspakken fase 1 - revidert søknad frå Regionrådet Nordhordland IKS	106
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
110/08	08/831	Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Lenas Kafe & Catering	109
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
111/08	08/802	Bjørn West museet - kommunal overtaking	115
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
112/08	08/837	Søknad om fritak for politiske verv	118
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
113/08	07/725	Val av nytt varamedlem til Brukarutvalet for resten av valperioden	120

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
114/08	08/553	Lærlingane i Masfjorden kommune	122
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
115/08	08/860	Høyring - framlegg til endringar i opplæringslova	124
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
116/08	07/765	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - etablering og organisering	128
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
117/08	08/579	Rutinar for varsling i Masfjorden kommune	131
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
118/08	06/947	Sjukefråvær i Masfjorden kommune	Trekt
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
119/08	06/994	Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2008 - endeleg godkjenning	134
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
120/08	07/437	Reguleringsplan - Einestrاند bustadfelt - 2. gongs handsaming	147
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
121/08	06/761	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007 - 2010	153
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
122/08	08/850	Bygging av utleigebustader på Hosteland	160
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
123/08	08/851	Tilbod bustader for sal på Sandnes	164
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
124/08	08/878	Sluttrapport og sluttrekneskap for nytt tak Nordbygda skule	169
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
125/08	07/294	Sluttrapport Solheim kyrkje - restaurering og tilbygg	173
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
126/08	08/902	Budsjettrevisjon 2008	176
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
127/08	08/908	Delegerte vedtak	181

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2008	086/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/910
-----------	---------------------

### SAK 086/08 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 30.10.08 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-086/08 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyremøte den 30.10.08 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2008	087/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/909
-----------	---------------------

### SAK 087/08 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	08/4674	I	29.10.2008	Masfjorden Frp v/Willy Borge	Interpellasjon til kommunestyremøte den 30.10.08
2	08/4180	I	26.09.2008	Nordhordland eldreråd v/Kåre Eide	Tre resolusjonar frå eldrerådskonferansen den 29.08.2008
3	08/4896	I	28.10.2008	Kunnskapsdeparteme ntet	Informasjonsbrev til kommunane om midlar til forsterka opplæring 2009
4	08/4932	I	29.10.2008	Kunnskapsdeparteme ntet	Oppmoding av styrking av heim-skule arbeidet
5	08/4879	X	20.11.2008		Nasjonale prøvar 2008
6	08/4999	U	21.11.2008	Skulane og barnehagane	SKULE- OG BARNEHAGERUTA 2009- 2010
7	08/5087	I	25.11.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Skatt på eige og inntekt pr 31.10.2008
8	08/5128	I	26.11.2008	Helse Bergen	Overordna avtale om samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane innanfor Helse Bergen sitt føretaksområde
9	08/5129	I	18.11.2008	Regionrådet Nordhordland IKS	Møteprotokoll Næringsutvalet 18.11.08
10	08/5130	I	14.11.2008	Reginrådet Nordhordland IKs	Møteprotokoll frå styremøte 14.11.08 Regionrådet Nordhordland IKS
11	08/4979	S	27.11.2008		Valg av entreprenør- utbyggjar
12	08/5151	I	27.11.2008	Kontrollutvalet	Møteutskrift frå kontrollutvalet den 27.11.2008
13	08/5169	I	21.11.2008	Kommunal- og Regionaldepartement et	Meir opne kommunar og fylkeskommunar med ny offentleglov

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**KS-087/08 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:**

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar.

Til skriv 3, 4 og 5:

Rådgjever Alf Strand orienterte.

Liv Oda Dale sa at ho hadde lese i avisa at rådmannen og Kari Skår Sørheim hadde vore i Stortinget i høve folkehøgskulesaka. Dale sa at ho og har vore i Oslo og snakka med Arbeidarpartiet sin representant og lagt fram saka om folkehøgskule. Det ligg to andre søknader i tur før Masfjorden sin søknad.

Masfjorden vart anbefalt å senda søknaden til Folkehøgskulerådet.

Kari Skår Sørheim sa at det er flott at andre og jobbar med denne saka og at me står samla.

Ordførar orienterte om status i nokre saker:

- Minikraftverk Blådalsvatnet Småkraft – saka står i stampe etter at fylkesmannen krev reguleringsplan.  
Wenke Ekren sa at Kjetil Fjellby som representerer minikraftverket har vore i kontakt med fylkesmannen om saka.
- Strategiprosessen i Regionrådet.
- Fylkesdelplan for ny storhamn – det skal lagast ein felles uttale frå kommunane  
Uttalen skal handsamast i Regionrådet og i kvar kommune. Frist for uttale er 23. januar.
- Framlegg til møteplanen vert sendt ut ilag med møteboka.
- Strategimøte i kommunestyret onsdag den 14. januar 2009 i høve lokalsamfunnsutvikling – tiltaksplanen. (heildagsmøte)  
Datoen blir fastslege rett over helga.
- Rådmannen orienterte om planen for Sandgrupa der Asplan har laga ei skisse med framlegg til utnytting av området. Saka kjem til handsaming utpå nyåret.

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.**



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.11.2008	084/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	088/08	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-211	Arkivsaknr.: 06/917
---------------------	---------------------

### SAK 088/08 - BARNEHAGESATSAR 2009

#### KS-088/08 VEDTAK:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2009.

Prisen på 5-dagarstilbodet vert då kr 1650.

Rådmannen får fullmakt til å vurdera satsane i særskilte høve.

#### Finansiering

Ligg inne som føresetnad i framlegget til budsjett.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### SAK 084/08 – BARNEHAGESATSAR 2009

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2009.

Prisen på 5-dagarstilbodet vert då kr 1650.

Rådmannen får fullmakt til å vurdera satsane i særskilte høve.

#### Finansiering

Ligg inne som føresetnad i framlegget til budsjett.

#### Heimel

#### Utskrift til:

Barnehagane

Heimesida

**FS-084/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2009.  
Prisen på 5-dagarstilbodet vert då kr 1650.  
Rådmannen får fullmakt til å vurdera satsane i særskilte høve.

**Finansiering**

Ligg inne som føresetnad i framlegget til budsjett.

**Heimel****Utskrift til:**

Barnehagane  
Heimesida

**Det skjedde i Formannskapet den 03.11.2008:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2009.  
Prisen på 5-dagarstilbodet vert då kr 1650.  
Rådmannen får fullmakt til å vurdera satsane i særskilte høve.

**Finansiering**

Ligg inne som føresetnad i framlegget til budsjett.

**Heimel****Utskrift til:**

Barnehagane  
Heimesida

**SAKSTILFANG:****SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/ FAKTA**

Barnehagesatsane i Masfjorden vart ståande uendra frå 2007 til 2008. Frå 2006 til 2007 gjekk prisen ned med kr 30 pr. mnd.

I budsjettarbeidet elles legg ein til grunn ein prisauke på 5,4 %.

## VURDERING

Det vil by på økonomiske utfordringar å halda oppe det barnehagetilbodet me har i dag. Dersom me aukar satsane slik det her er lagt opp til, vil prisen i 2009 vera 50 kr høgare enn i 2006. Sjølv om me aukar satsane med 5 % frå 1. april, vil me liggja langt under maksimalsatsen på kr 2330.

## KONKLUSJON

Barnehagesatsane vert auka med 5 % frå 1. april 2009. Prisen på 5-dagarstilbodet vert då kr 1650,- pr. mnd.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.11.2008	086/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	089/08	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-212.314	Arkivsaknr.: 08/805
-------------------------	---------------------

### SAK 089/08 - FORELDREBETALING - ELEVBETALING IDRETTSSKULEN FOR 2009/10

#### KS-089/08 VEDTAK:

Frå og med skuleåret 2009-2010 vert foreldrebetalinga for tilbodet i idrettsskulen auka til kr 250 pr. elev for eit skuleår.

#### Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2009.

#### Heimel

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FS-086/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Frå og med skuleåret 2009-2010 vert foreldrebetalinga for tilbodet i idrettsskulen auka til kr 250 pr. elev for eit skuleår.

#### Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2009.

#### Heimel

#### Utskrift til:

Heimesida

#### Det skjedde i Formannskapet den 03.11.2008:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Frå og med skuleåret 2009-2010 vert foreldrebetalinga for tilbodet i idrettsskulen auka til kr 250 pr. elev for eit skuleår.

**Finansiering**

Er lagt inn i budsjettet for 2009.

**Heimel****Utskrift til:**

Heimesida

**SAKSTILFANG:****SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING**

Då idrettsskulen vart oppretta med kommunestyrevedtak 14. desember 2006, vart elevbetalinga sett til kr 200 pr. elev. Satsane har vore uendra sidan då. I budsjettarbeidet elles er lagt til grunn ein prisvekst på 5,4%. Lønsutgiftene i idrettsskulen aukar. Elevbetalinga har så langt vore låg. Ein auke på kr 50 etter at satsane har stått uendra i to år, skulle ikkje vera urimeleg.

**KONKLUSJON**

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka til kr 250 pr. elev pr. skuleår med verknad frå hausten 2009.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.11.2008	085/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	090/08	Alf Strand

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 06/916
--------------	---------------------

### SAK 090/08 - ELEVBETALING KULTURSKULEN FOR 2009

#### KS-090/08 VEDTAK:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert kr. 1.800,- pr år. (uendra frå 2008) med verknad frå 1. august 2009.  
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert som i 2008:  
Born og ungdom kr. 200,- pr time  
Vaksne lag ” 300,- pr time

#### Finansiering

Budsjett 2009

#### Heimel

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FS-085/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert kr. 1.800,- pr år. (uendra frå 2008) med verknad frå 1. august 2009.  
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert som i 2008:  
Born og ungdom kr. 200,- pr time  
Vaksne lag ” 300,- pr time

#### Finansiering

Budsjett 2009

#### Heimel

#### Utskrift til:

Heimesida

#### Det skjedde i Formannskapet den 03.11.2008:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert kr. 1.800,- pr år. (uendra frå 2008) med verknad frå 1. august 2009.  
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert som i 2008:  
Born og ungdom      kr. 200,- pr time  
Vaksne lag            ”    300,- pr time

**Finansiering**

Budsjett 2009

**Heimel****Utskrift til:**

Kulturskulen

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	05.01.2007	Elevane i kulturskulen	Melding om vedtak - Elevbetaling i kulturskulen
4	U	04.01.2008	Kulturskulen	Melding om vedtak - elevbetaling kulturskulen

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vart i perioden 2003 til 2005 auka frå kr 1200 til kr 2200 pr år som følgje av dårleg kommuneøkonomi. Med vedtak i kommunestyret sak 066/06 vart elevbetalinga sett ned til kr 2000 frå 1. januar 2007. I K-sak 118/07 vart elevbetaling sett ned til kr. 1.800,-.

Elevbetalinga er framleis høg sett i høve til nivået før 2003 og i høve til dei fleste kommunar i Nordhordland. Ungdom og kultur er dessutan eit av satsingsområda i prosjektet "Livskraftige kommunar".

### HØYRING

### UTTALE

### FAKTA

### VURDERING

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule bør stå uendra i høve til inneverande år. Elevane i kulturskulen er gode ambassadørar for kommunen, og det er viktig å halda elevbetalinga på eit rimeleg nivå for å sikra ei god rekruttering til tilboda i kulturskulen.

### KONKLUSJON

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2009 og blir kr 1800 med verknad frå 1. august 2009. Søskenmoderasjonen vert som i dag.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.11.2008	083/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	091/08	Alf Strand

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 06/918
--------------	---------------------

### SAK 091/08 - SFO-SATSAR FOR 2009

#### KS-091/08 VEDTAK:

SFO-satsane vert auka med 5 % frå 1. april 2009.

#### Dei nye satsane er:

Opptil 6 timar	kr. 420
Opptil 10 timar	” 840
Opptil 14 timar	” 1.155
14 timar og over	” 1.680

#### Finansiering

Innanfor rammene av budsjettet for 2009.

#### Heimel

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FS-083/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

SFO-satsane vert auka med 5 % frå 1. april 2009.

#### Dei nye satsane er:

Opptil 6 timar	kr. 420
Opptil 10 timar	” 840
Opptil 14 timar	” 1.155
14 timar og over	” 1.680

#### Finansiering

Innanfor rammene av budsjettet for 2009.

#### Heimel

#### Utskrift til:

Skulane  
Barnehagane  
Heimesida

**Det skjedde i Formannskapet den 03.11.2008:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

SFO-satsane vert auka med 5 % frå 1. april 2009.

Dei nye satsane er:

Opptil 6 timar	kr. 420
Opptil 10 timar	” 840
Opptil 14 timar	” 1.155
14 timar og over	” 1.680

**Finansiering**

Innanfor rammene av budsjettet for 2009.

**Heimel****Utskrift til:**

Skulane  
Barnehagane  
Heimesida

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	U	04.01.2008	Skulane Barnehagane	Melding om vedtak

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/ FAKTA**

SFO-satsane skal vedtakast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år. I kommunestyresak 120/07 vart SFO-satsane i Masfjorden fastsette slik for 2008:

Opptil	6 timar	kr. 400
Opptil	10 timar	” 800
Opptil	14 timar	” 1100
14 timar og over		kr 1600

## VURDERING

Det var ikkje auke i satsane frå 2007 til 2008.

I budsjettarbeidet elles er det lagt til grunn ein prisauke på 5,4 %.

Ein auke i SFO-satsane på 5 % må kunne godtakast når ein tenkjer på at det ikkje var auke i satsane i fjor. Sjølv om satsane stig med 5 % vil SFO-tilbodet vårt vera billegare i 2009 enn det var i 2005.

## KONKLUSJON

SFO-satsane vert auka med 5 % frå 1. april 2009.

Dei nye satsane er:

Opptil 6 timar	kr. 420
Opptil 10 timar	” 840
Opptil 14 timar	” 1.155
14 timar og over	” 1.680

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	13.11.2008	096/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	092/08	Alf Strand

Arkiv: N-212.04	Arkivsaknr.: 08/806
-----------------	---------------------

### SAK 092/08 - RAMMETIMETALET 2009 - 2010

#### KS-092/08 VEDTAK:

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2009-10 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2009 til 768 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetale.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

#### Finansiering

Innanfor vedteke budsjett 2009

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS-096/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1 Det endelige rammetimetalet for skuleåret 2009-10 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2009 til 768 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Sosialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

**Finansiering**

Innanfor vedteke budsjett 2009

**Utskrift til:**

Skulane

**Det skjedde i Formannskapet den 13.11.2008:**

Rådgjevar Alf Strand orienterte om to innkomne skriv:

- Pressemelding frå regjeringa om ei høyring: Forslag på auke i timetalet med 2 timar til auka fysisk aktivitet. Dette vil ikkje vera klart før etter at kommunebudsjettet er vedteke.
- Skriv frå Kunnskapsdepartementet om auka midlar til nye læremidlar.

Saka om rammetimetal vart drøfta.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2009-10 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2008 til 768 t/v.

2 Timane skal dekkja:

- a) Timar etter fag- og timebyteplan
- b) Delingstimar
- c) Kontaktlærartenesta
- d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
- e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
- f) Sosialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

### Finansiering

Innanfor vedteke budsjett 2009

### Utskrift til:

Skulane

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	10.11.2008	Strand Alf Magnar	Oversikt over elev- og timetal 2009-10

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i samband med budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjetttramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin

gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

## HØYRING

Rektorane har hatt rådmannen sitt framlegg ute til høyring. Tilbakemeldinga er at det etter rådmannen sitt framlegg blir i minste laget med delingstimar i dei gruppene som er samansette av elevar frå to årssteg, særleg på småskulesteget.

## FAKTA/ VURDERING

Utviklinga av rammetimetal dei siste åra

Skuleår	Rammetimetal	Elevtal
2000-2001	811,1	269
2001-02	783,2	269
2002-03	785	260
2003-04	799	254
2004-05	750	243
2005-06	777,5	241
2006-07	796,5	234
2007-08	796,5	225
2008-09	790	223
2009-10	768	222

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til ein reduksjon i rammetimetallet for skuleåret 2009-2010 på 22 timar i høve til det skuleåret me no er inne i. Dette har sin bakgrunn i dei vedtekne budsjetterammene. Det vil medføra litt færre delingstimar i samanslegne grupper enn det me har hatt råd til dei siste åra. Særleg med tanke på at me no er inne i eit prosjekt for å oppnå betre læringsresultat i dei fyrste skuleåra, er det uheldig å bruka færre timar på småskulesteget.

Som det går fram av tabellen over, vil ikkje elevtalet endra seg frå dette året til neste skuleår. På Nordbygda skule vil det bli ei gruppe meir på ungdomssteget på grunn av elevtalet i dei ulike årskulla.

Etter at framlegget har vore ute på høyring, ser rådmannen at det burde vore sett inn nokre fleire delingstimar på småskulesteget, men har ikkje funne rom for det innan dei vedtekne budsjettframlegget.

Regjeringa har kome med framlegg om å auka timetalet på mellomsteget med 2 t/v til fysisk aktivitet. Dersom det vert vedteke, vil det ikkje få konsekvensar for oss fordi skulane våre av praktiske årsaker ligg over minstetimetallet på mellomsteget.

## KONKLUSJON

Rådmannen vil fremja rammetimetallet for skuleåret 2009-10 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2009.

**1 Det endelege rammetimetallet for skuleåret 2009-10 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2008 til 768 t/v.**

**2 Timane skal dekkja:**

**a) Timar etter fag- og timebyteplan**

**b) Delingstimar**

**c) Kontaktlærartenesta**

**d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving**

**e) Timar til spesialpedagogiske tilleggssressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)**

**f) Spesialpedagogiske timar til vaksne**

**3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norsk 2 for framandspråklege etter godkjenning frå Fylkesmannen.**

**4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.**

**5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.**

**6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.**



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.11.2008	087/08	Gerd Allis Håheim
Eldrerådet	02.12.2008	025/08	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	11.12.2008	093/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 08/810
--------------	---------------------

### SAK 093/08 - EIGENBETALING PLEIE OG OMSORG FOR 2009

#### ELDR-025/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:

#### KS-093/08 VEDTAK:

##### 1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 70 256) Pr 1. mai 2008	Inntektsramme	Satsar pr time	Pris pr måned
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 140.512		150,-
2G - 3 G «	140.512 – 210.768	52,-	533,-
3 G - 4 G «	210.768 – 281.024	64,-	672,-
4 G - 5 G «	281.024 – 351.280	96,-	1000,-
over 5 G «	351.280 -----	128,-	1333,-

##### 2. Husleige i omsorgsbustader 2009 vert kr 4.930,- pr. mnd. Kommunale avgifter er inkludert i husleiga.

##### 3. Satsar for kortidsopphald institusjon: kr. 118,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år. (uendra)

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 59,- (uendra)

##### 4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 55- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 65- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 30,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

##### 5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 225,- pr mnd for 2009. Fritak for minstepensjonistar. (uendra)

#### Finansiering av vedtaket:

Budsjett 2008

#### Heimel

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

**Tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**ELDR-025/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:**

Eldrerådet støttar tilrådinga frå formannskapet.

**Det skjedde i Eldrerådet den 02.12.2008:**

Eldrerådet støtta samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

**FS-087/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:****1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

Grunnlag (1G = 70 256) Pr 1. mai 2008	Inntektsramme	Satsar pr time	Pris pr måned
<b>Inntil 2 G utgiftstak på</b>	<b>0 – 140.512</b>		<b>150,-</b>
2G - 3 G «	140.512 – 210.768	52,-	533,-
3 G - 4 G «	210.768 – 281.024	64,-	672,-
4 G - 5 G «	281.024 – 351.280	96,-	1000,-
over 5 G «	351.280 -----	128,-	1333,-

2. Husleige i omsorgsbustader 2009 vert kr 4.930,- pr. mnd.  
Kommunale avgifter er inkludert i husleiga.

3. Satsar for kortidsopphald institusjon:  
kr. 118,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år. (uendra)

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 59,- (uendra)

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 55- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 65- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 30,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 225,- pr mnd for 2009.  
Fritak for minstepensjonistar. (uendra)

**Finansiering av vedtaket:****Budsjett 2008****Heimel****Utskrift til:**

Masfjorden sjukeheim

Heimetenesta Sør v/Kirsten Øpstad

Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo

**Det skjedde i Formannskapet den 03.11.2008:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

<b>Grunnlag (1G = 70 256)</b> Pr 1. mai 2008	<b>INNTEKTSRAMME</b>	<b>Satsar pr time</b>	<b>Pris pr måned</b>
<b>Inntil 2 G utgiftstak på</b>	<b>0 – 140.512</b>		<b>150,-</b>
2G - 3 G «	140.512 – 210.768	52,-	533,-
3 G - 4 G «	210.768 – 281.024	64,-	672,-
4 G - 5 G «	281.024 – 351.280	96,-	1000,-
over 5 G «	351.280 -----	128,-	1333,-

2. Husleige i omsorgsbustader 2009 vert kr 4.930,- pr. mnd.  
Kommunale avgifter er inkludert i husleiga.
3. Satsar for kortidsopphald institusjon:  
kr. 118,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år. (uendra)  
  
Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.  
  
For fast dagplass betalar ein kr. 59,- (uendra)
4. Matombringing/sal av mat:  
Kr. 55- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim  
Kr. 65- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim  
Kr. 30,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim
5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 225,- pr mnd for 2009.  
Fritak for minstepensjonistar. (uendra)

**Finansiering av vedtaket:****Budsjett 2008****Heimel****Utskrift til:**

Masfjorden sjukeheim  
 Heimetenesta Sør v/Kirsten Øpstad  
 Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	23.10.2008	Hjelp 24	Varsel om prisendring på tryggleiksalarm frå 01.01.2009

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Satsane for eigenbetaling i pleie og omsorgstenestene skal vedtakast årleg i samband med budsjettvedtak. I pleie og omsorgstenestene er delar av eigenbetalingssatsane fastsett ved forskrift sentralt. Dette gjeld eigenbetaling for opphald i sjukeheim, betaling for medisin, transport osv.

Frå sentralt hald er det også sett maksimalsatsar for heimetenester og kortidsopphald i sjukeheim. For 2009 er det lagt inn som hovudprinsipp at satsane ikkje vert endra i høve nivå i 2008.

**Heimetenester**

Staten har fastsett at det ikkje er høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie. For heimehjelp/praktisk bistand i heimen er det sett maksimalsatsar etter inntektsnivå hjå brukaren/husstand.

**SATSAR EIGENBETALING HEIMEHJELP/PRAKTISK HJELP I HEIMEN 2009**

Frå sentralt hald er det opna for endringar i satsane utanom for minstepensjonistar (inntil 2 G) Gruppa er skjerma med ein maksimalsats på 150,- pr mnd.

Masfjorden kommune har ikkje motteke noko skriv frå sentralt hald om nye maksimalsatsar for eigenbetalingssatsane.

**Rådmannen gjer difor framlegg om at satsane vert uendra for 2009.**

**Framlegg: Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen.**

<b>Grunnlag: 1 G = 70.256 Pr. 1. mai 2008</b>	<b>SATSAR PR TIME</b>	<b>Pris pr måned</b>
Inntil 2 G utgiftstak på		150,-
2G - 3 G «	52,-	533,-
3 G - 4 G «	64,-	672,-
4 G - 5 G «	96,-	1000,-
over 5 G «	128,-	1333,-

**Satsar for husleige i omsorgsbustader**

Satsane for husleige i omsorgsbustadene er til vanleg justert årleg i samband med vurdering av pleie og omsorgstenestene. Tiltaket omsorgsbustader er formelt ein del av pleie og omsorgstenestene. Husleige for omsorgsbustadane var i 2007 kr. 4.680,- pr mnd. og var også uendra i 2008.

**Framlegg frå rådmannen:**

For 2009 vert det lagt inn ein auke på 5,4 % for husleige på omsorgsbustader.

**Satsar for kortidsopphald institusjon**

Maksimalsatsar er her fastsett frå sentralt hald.

Satsane vert då kr. 118,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.

Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.

For fast dagplass betalar ein kr. 59,-

**Framlegg frå rådmannen:**

Satsane vert uendra.

**Satsane for matombringning for år 2009**

Kr. 50 - pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim (uendra)

Kr. 60,- pr middag for stor porsjon

Kr. 25,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane har vore uendra frå 2005, 2006, 2007 og 2008)

**Framlegg frå rådmannen:**

Satsane for matombringning vert auka med kr. 5,-.

**TRYGGLEIKSALARM**

Eigenbetaling for tryggleiksalarm vart i budsjett 2008 sett til kr. 214,- pr mnd med fritak for minstepensjonistar.

**Framlegg frå rådmannen:**

Tryggleiksalarm vert auka med 5,4 % for 2009 til kr. 225,- .

I budsjettet for 2008 vart det gjort vedtak om fritak for minstepensjonistar.

Rådmannen gjer framlegg om fritak for minstepensjonistar vert oppretthalde.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	106/08	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	11.12.2008	094/08	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 08/816
--------------	---------------------

### SAK 094/08 - GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR ÅR 2009 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### KS-094/08 VEDTAK:

Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2009 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Ingen kostnad

#### Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Det var gruppeleiar møte før denne saka vart handsama.

**Frode Langhelle, H**, varsla eit fellesframlegg frå alle partia:

Etableringstilskot vert auka tilsvarende kostnad for byggesaksgebyr A5 punkt C.3.3, jfr. Regelverk for etableringstilskot.

Framlegget vil bli sett fram under sak om kraftfondsbudsjettet 2009.

**Tilråding frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### FS-106/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2009 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Ingen kostnad

#### Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte. Ho sa vidareføring vedtak om fritak for byggesaksgebyr for personar under 35 år ikkje ligg inne i rådmannen sitt framlegg.

Formannskapet drøfta saka.

Laila S. Reknes, Ap, sa at ho ville ta dette med fritak for gebyr for personar under 35 år opp med gruppa si før kommunestyremøtet.

Det kom ingen framlegg på endringar i rådmannen sitt framlegg.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Gebyrregulativ for teknisk sektor år 2009 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

**Finansiering**

Ingen kostnad

**Heimel**

Går fram av framsida på gebyrregulativet

**Utskrift til:**

Tilsette på driftsavdelinga

Servicekontoret

Masfjorden kommune sine heimesider v/Frode Vee-Haugen

**SAKSTILFANG:**

- Revidert forenkla gebyrmaal for kommunane i regionen med utgangspunkt i KS-mal med framlegg til gebyrsatsar som kan forsvarast ut i frå sjølvkostprinsippet
- Framlegg til saksframstilling frå styringsgruppa frå dei interkommunale samarbeidet i regionen for verksemdområda geodata og plan- og byggesak og saksområda kart og eigesomsoppgåver.
- Samanstilling av gebyrsatsane for 2008 for dei kommunane i regionen som nyttar KS sin gebyrmaal
- Sjølvkostrekneskapen for 2008

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Masfjorden kommune ligg rimeleg likt med 85 % av gjennomsnittet for kommunane i regionen når det gjeld gebyr for melde- og byggjesaker, men kommunen ligg under det same gjennomsnittet når det gjeld plan- og oppmålingsaker. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

**FAKTA**

Gebyra i regulativet vart sist regulert 01.01.2008 etter vedtak i kommunestyret i sak 121/07 den 13.12.2007.



## VURDERING

I reknearket der gebyra for kommunane i regionen er samanlikna, har ein rekna ut gjennomsnittsgebyret for dei kommunane som har vedtatt gebyr for den einskilde tenesta. Rådmannen har, som tidlegare år, nytta 85 % av dette gjennomsnittsgebyret (for året før) som utgangspunkt for sitt framlegg til dei fleste gebyra for år 2009.

Styringsgruppa for det interkommunale samarbeidet i regionen for verksemdområde geodata og plan- og byggesak, gjorde med bakgrunn i dei vedtekne kommunedelplanane vedtak om å ha like gebyrsatsar for år 2008 for saksområda:

- C.1.1 Digitalt situasjonskart for plansaker
- C.5 Ulovlege byggearbeid

Dette vart gjort for å følgje opp dei vedtekne kommunedelplanane for verksemdområda og ha gebyrsatsar i samsvar med samarbeidsavtalar alle kommunane har med eksterne partar.

Styringsgruppa vedtok samstundes å ha like gebyr for saksområda:

- C.2.5, C.3.8, C.4.3 og G.2.4 Avviste eller mangelfulle saker
- G.3 Kontrollsaker for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg.

For områda der det er gjort vedtak om like gebyrsatsar, er dei for år 2009 gjort vedtak om at desse gebyra skal aukast med 5 % (runda av til nærast 10, 100, eller 1000) med unnatak av C.1.1. Desse gebyra vert ståande uendra.

Ein del endringar i gebyrregulativet er kommentert nedafor:

### **A.2 Kva for regulativ skal nyttast**

Det har kome fram at nokre av kommunane i samarbeidet hadde behov for ei klargjering i kva gebyrregulativ som gjeld når ei sak har hatt lang sakshandsamingstid. Dette er særleg tilfelle i plansaker. Slik som dette pkt var skreve før, vart det tolka slik at det var innleveringstidspunkt som var utslagsgjevande for gebyrfastsetting. Dette førte tid at fleire ufullstendige plansaker kom inn rett før nyttår for slik å spare gebyr. Det er no gjort ei endring i gebyrregulativet som seier at gebyr skal reknast frå den dagen saka vert rekna som fullstendig.

### **B TIMEPRIS SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID**

Rådmannen ser at dei andre kommunane i regionen har høgre timepris for kontorarbeid og feltarbeid enn det Masfjorden kommune har hatt dei siste åra. Kontorarbeid skal blant anna dekke fellesutgifter til telefon, data (inkludert kopiering) og kontormateriell i tillegg til reine lønskostnader. Feltarbeid skal blant anna dekke bruk av digitalt kamera, ferjeutgifter og køyregodtgjersle i tillegg til reine lønskostnader. Det er større kostnader knytt til feltarbeid enn til kontorarbeid. Rådmannen meiner difor det er rett å auke kroneforskjellen mellom timepris for kontorarbeid og feltarbeid og gjer framlegg om å auke gebyr for kontorarbeid med kr 20 og gebyr for feltarbeid med kr 60 slik vil ein ligge relativt jamt med 85 % av snittet for dei andre kommunane.

### **C2 Plansaker**

Masfjorden kommune haldt gebyr for plansaker uendra i fleire år fram til 2006 då kommuneplanen vart vedteken. I tillegg hadde kommune ei ordning fram til 2007 der det vart gjeve 25 % reduksjon i gebyret for dei som leverer private reguleringsplanar i digitalt format. Denne reduksjonen vart aldri nytta fordi ingen leverte planen i digitalt format.

Fast Utval for Plansaker vedtok Kommunale retningslinjer til kartforskrifta den 07.09.04 som sak PS/0021/04. Desse retningslinjene gjev heimel til å krevje at reguleringsplanane vert levert i digitalt format. Desse retningslinjene er like i alle kommunane i regionen..

Alle kommunane utanom Masfjorden har lagt desse retningslinjene fram for kommunestyret og slik vedteke føresegner (juridisk bindande), slik at dei andre kommunane startar ikkje å

arbeidet med private reguleringsplanar før planane ligg føre i digital form. Fast Utval for Plansaker ønska å sjå retningslinene praktisert før ein vedtok dei som føresegner.

Rådmannen ønskjer primært ikkje ei ordning slik dei andre kommunane har med å krevje planforslaga inn digitalt før planen vert handsama første gong, men ser at noko må gjerast for å få private reguleringsplanar inn i digital form når dei er vedteke i kommunestyret. For år 2007 vart det difor vedteke å doble det plangebyret som vert mest nytta, men samstundes gje 50 % reduksjon til dei som leverte digitalt. Det var ingen planar som vart levert digitalt det året. I fjor vart gebyret auka til å samsvare med 85 % av snittet for dei andre kommunane samstundes som ei ga 60 % reduksjon til dei som leverte digitalt. Dette har ikkje ført til at kommunen har fått inn digitale private reguleringsplanar. .

Rådmannen ønskjer likevel å vidareførar ordninga med å gje reduksjon for planar levert i digitalt format framfor å krevje planforslaga inn digitalt før handsaminga startar. Kommunen har siste året nytta ressursar til å få digitalisert (skanna) dei fleste reguleringsplanane og lasta dei opp på braPLAN. Slik er dei tilgjengelege for alle til ei kvar tid. Med økonomisk å stimulere ei ordning som kan gjere at fleire private reguleringsplanar kjem digitalt til kommunen til lettare vert dei tidleg gjort tilgjengelege for publikum.

Rådmannen foreslår at ein og på basisgebyra for denne sakstypen nyttar 85 % av snittet for dei andre kommunane i regionen som utgangspunkt for Masfjorden kommune sine gebyr, og at ein held på refusjonsprosenten på 60 %. Dette gjer eit basisgebyr på kr 20 000 for ein enkel privat reguleringsplan for dei som leverer på papir. Dei som (til slutt, gjerne innan fastsett frist i kommunestyrevedtaket) leverer digitalt vil få kr 12 000 att (gebyret vert då reelt kr 8 000 – ein auke på kr 400 frå i fjor).

Gebyra for tillegg for avklaring av ramme og tillegg for bearbeiding bør stå i forhold til timeprisen fastsett i pkt B. Arbeidet som skal gjerast kan vere kontorarbeid kombinert med synfaring. Rådmannen foreslår difor at gebyra vert fastsett til kr 4 100 for avklaring av rammer og kr 4 300 for bearbeiding.

### **C.3.3 Søknadspliktige tiltak**

Kommunestyret vedtok at kommunen skulle innføre fri sakshandsaming / byggesaksgebyr ved bustadbygging for alle under 35 år for og med 01.01.2008.

Rådmannen har ikkje vidareført denne ordninga i sitt framlegg til gebyrregulativ for teknisk sektor for 2009. Gebyr fastsett med heimel i dette regulativet bør vere basert på sjølvkost. Å gje ei gruppe fritak for gebyr, fører til at andre må betale meir enn sjølvkost for å få utført tenester innan det aktuelle fagfeltet.

Rådmannen har dei siste åra handsama private reguleringsplanar for bustader som om dei var kommunale. Det er difor ikkje sendt gebyr til planframstillar etter kap. C.2. Rådmannen vonar dette gjer at det å tilrettelegge for bustadfelt i kommunen vert rimelegare for utbyggjar, og at ein slik får rimelegare tomter for dei som skal bygge bustadhus.

Rådmannen har dei siste åra halde tilknytingsgebyret for vatn og avlaup konstant. Dette er og noko som kjem dei fleste nybyggjarane til gode.

Å handsame alle reguleringsplanar for bustadfelt som offentlege (kommunale) frå dag ein og å halde tilknytingsgebyret uendra, er etter rådmannen si meining ei betre ordninga for unge (og eldre) nyetablerar enn å gje ei gruppe fritak for byggesaksgebyret.

## **KONKLUSJON**

Sjå vurderingar.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	13.11.2008	091/08	Anne Kristin Rafoss
Eldrerådet	02.12.2008	026/08	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	11.12.2008	095/08	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 08/822
--------------	---------------------

### SAK 095/08 - KOMMUNALE AVGIFTER FOR 2009 - VATN, AVLAUP, SLAM OG FEIING + LANDBRUKSSAKER

#### KS-095/08 VEDTAK :

Gebyransatser for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgaver knytt til landbrukskontoret for år 2009 følger av tabellen under:

Avgift	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Auke
<b>Vassavgift</b>								
Årsavgift	3 000	3 150	3 350	3 430	3 520	3 630	3 820	5,2 %
Årsavgift for hytter		2 500	2 700	2 800	2 900	3 000	3 170	5,7 %
Tilknytingsavgift	12 500	15 00 0	15 100*	15 600*	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Sakshandsamingsgebyr pbl					2 600	2 800	3 000	
Fastpris vassmålar	350	362	600	1 370	1 410	1 450	1 530	5,5 %
Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Avlaup</b>								
Årsavgift	2 128	2 202	2 202	2 202	2 270	2 340	2 470	5,6 %
Tilknytingsavgift	11 275	11 670	12 500	13 000	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Slamtømming</b>								
Slamtømming	670	693	693	693	693	714	790	10,6 %
<b>Feiing</b>								
Feiing	182	260	270	270	270	280	295	5,4 %
<b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>								
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker								
• kontorarbeid		400	460	450	460	470	490	4,3 %
• feltarbeid		450	510	500	530	600	660	10,0 %

\* inkludert sakshandsamingsgebyr

#### Finansiering

Sjølvkostprinsippet

#### Heimel

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilråding for formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## ELDR-026/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:

Eldrerådet støttar tilrådinga frå formannskapet.

## FS-091/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrtsatsar for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgåver knytt til landbrukskontoret for år 2009 følgjer av tabellen under:

Avgift	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Auke
<b>Vassavgift</b>								
Årsavgift	3 000	3 150	3 350	3 430	3 520	3 630	3 820	5,2 %
Årsavgift for hytter		2 500	2 700	2 800	2 900	3 000	3 170	5,7 %
Tilknytingsavgift	12 500	15 00 0	15 100*	15 600*	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Sakshandsamingsgebyr pbl					2 600	2 800	3 000	
Fastpris vassmålar	350	362	600	1 370	1 410	1 450	1 530	5,5 %
Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Avlaup</b>								
Årsavgift	2 128	2 202	2 202	2 202	2 270	2 340	2 470	5,6 %
Tilknytingsavgift	11 275	11 670	12 500	13 000	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Slamtømming</b>								
Slamtømming	670	693	693	693	693	714	790	10,6 %
<b>Feiing</b>								
Feiing	182	260	270	270	270	280	295	5,4 %
<b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>								
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker								
• kontorarbeid		400	460	450	460	470	490	4,3 %
• feltarbeid		450	510	500	530	600	660	10,0 %

\* inkludert sakshandsamingsgebyr

### Finansiering

Sjølvkostprinsippet

### Heimel

**Det skjedde i Formannskapet den 13.11.2008:**

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp spurde kvifor auken på slamtømming var lågare enn det NGIR hadde auka med.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss svara at ein har brukt sjølvkostprinsippet ved fastsetjing av auke på slam og avlaup under eitt. Ut frå dette har ein funne det tilstrekkeleg å auka avgifta noko mindre enn det NGIR legg opp til.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Gebyrsatsar for vatn, avlaup, slamtømming, feiing og oppgaver knytt til landbrukskontoret for år 2009 følgjer av tabellen under:**

Avgift	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Auke
<b>Vassavgift</b>								
Årsavgift	3 000	3 150	3 350	3 430	3 520	3 630	3 820	5,2 %
Årsavgift for hytter		2 500	2 700	2 800	2 900	3 000	3 170	5,7 %
Tilknytingsavgift	12 500	15 000	15 100*	15 600*	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Sakshandsamingsgebyr pbl					2 600	2 800	3 000	
Fastpris vassmålar	350	362	600	1 370	1 410	1 450	1 530	5,5 %
Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Avlaup</b>								
Årsavgift	2 128	2 202	2 202	2 202	2 270	2 340	2 470	5,6 %
Tilknytingsavgift	11 275	11 670	12 500	13 000	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Slamtømming</b>								
Slamtømming	670	693	693	693	693	714	790	10,6 %
<b>Feiing</b>								
Feiing	182	260	270	270	270	280	295	5,4 %
<b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>								
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker								
• kontorarbeid		400	460	450	460	470	490	4,3 %
• feltarbeid		450	510	500	530	600	660	10,0 %

\* inkludert sakshandsamingsgebyr

**Finansiering**

Sjølvkostprinsippet

**Heimel****Utskrift til:**

Kommunekassen

Tilsette driftsavdelinga

Servicekontoret

Masfjorden kommune si heimeside v/Frode Vee Haugen

## SAKSTILFANG:

Budsjettsaka

Vedtak frå representantskapsmøte i NGIR den 27.10.2008

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Dei kommunale avgiftene vert juster ein gong i året basert på sjølvkostrekneskapen og kontrollen med denne.

### FAKTA

Dei kommunale avgiftene vart sist regulert 01.01.2008 etter vedtak i kommunestyret 13.12.2007 som sak 061/07.

### VURDERING

#### Vassavgifta

Sjølvkostrekneskapen for 2007 slår fast at tenesta gjekk med kr 1 553 163 i underskot. Kostra-tal visere at kommunen i 2007 hadde ein finansiell dekningsgrad på 49 % (ei auke frå året før då dekningsgraden var på 42 %). Rådmannen ser at det ikkje er rimeleg å legge sjølvkostprinsippet aleine til grunn for fastsetting av vassavgifta; kommunen må rekne med å subsidierer denne avgifta i åra framover.

Den generelle prisauken siste året er på ca 5,4 % der største delen er relatert til lønskostnader og for dei siste månadane og til kapital. Kostnadane knytt til tenesta er fordelt mellom løn, utstyr og kapital.

**Rådmannen rår til at ein aukar standardavgifta som gjeld vatn nær den generelle prisauken (avrunda til nærast 10 kr) til kr 3 820. Dette gjev ei auke på 5,2 %**

Vassavgift for hytter vart fastsett for første gang i 2004 og sett til kr 2 500 etter framlegg i kommunestyret. Avgifta har auka gradvis og vart sett til kr. 3 000 for år 2008. **Rådmannen rår til at ein aukar vassavgifta for hytter til kr 3 170,-. Dette gjev ei auke på 5.7 %.**

Frå og med år 2005 gjekk ein bort frå omgrepet "leige av vassmålar" og over til **fastpris vassmålar**. Fastpris for vassmålar vart sett til ca 40 % av standardavgifta. Slik sikrar ein at dei som betaler vassavgift etter forbruk betaler "sin del" av dei faste kostnadene (bl.a. renter og avdrag på lån) i tillegg til "sin del" av reine produksjonskostnader. Rekna ut frå framlegg til ny standardavgift og avrunda til næraste 10 kr, vil dette gje ei fastavgift på kr 1 530,-.

Pris pr. m<sup>3</sup> er rekna ut frå gjennomsnitt forbruk (oppgeve i litteraturen) på 0,6 m<sup>3</sup> pr døgn.

**Rådmannen rår til at ein set fastavgift til kr 1 530,- og pris pr. m<sup>3</sup> på kr. 10,45.**

Tilknytingsavgiftene for hus var uendra frå 1999 til 2005, mens tilknytingsavgifta for hytter vart auka opp i 2004 til nivå med avgifta for hus. Ein la og til sakshandsamingsgebyret etter plan- og bygningslova. Tilknytingsavgifta vart auka til 13 000 for år 2006 + sakshandsamingsgebyret og halde uendra for år 2007 og 2008. Avgiftene er oppgitt eks mva, mens byggesaksgebyra er ein teneste som pr i dag ikkje er momsbelagt. **Rådmannen rår til at ein held tilknytingsavgifta for vatn uendra for år 2009. Rådmannen har forslått ei auke i sakshandsamingsgebyr slik at det i rekneskapen vert ført kr. 13 000 på teneste for vatn og 3 000 for teneste for plan- og byggjesaker.** (Gjeld saker der det berre vert søkt om

tilknytning til kommunalt vatn. I saker der det vert søkt om tilknytning i samband med byggeløyve for bustadhus eller hytte, vert det berre sakshandsamingsgebyr på byggeløyvet.)

#### Avlaup

Sjølvkostrekneskapen for 2007 eit framførbart fondsunderskot den 31.12.2006 med kr. 505 746. Årsunderskotet var på kr. 28 313 som er nært sjølvkost.

**Rådmannen rår til at avgifta for avlaup frå hus og hytter vert auka til 2 470. Dette gjev ei auke på 5,6 %.**

Tilknytingsavgiftene for hus og hytte vart slått saman i 2004, slik at ein berre har ei avgift for tilknytning til avløp. Denne avgifta er no lik tilknytingsavgifta for vatn. **Rådmannen rår til at ein held tilknytingsavgifta for avløp uendra for år 2009. Sakshandsamingsgebyr etter plan- og bygningslova kjem i tillegg og er avhengig av storleik på avløpet.**

#### Slamtømming

Avgifta for slamtømming auka i fjor for første gong på fleire år. Tenesta for slamtømming er rekna med i sjølvkostrekneskapen for avlaup.

NGIR har vekteke å auke gebyr septiktank private frå kr 587 til kr 708. Dette er ei prosentvis auke på over 20 %. Auken i gebyr er grunna i auka transportkostnader. Kostnadsbilete for kompostering av slammet har endra seg lite og denne delen av gebyret aukar difor ikkje.

**Rådmannen ønskjer ikkje å ta heile auken frå NGIR over eit år sidan sjølvkostrekneskapen for avlaup viser eit moderat underskot. Kostnadane i denne rekneskapen er i all hovudsak knytt til avlaupsdelen og ikkje slamtømming. Rådmannen rår til at avgifta for slamtømming vert auka til kr 790. Dette gjev ei auke på 10,6 %.**

#### Feiing

Kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund samarbeider om feietenesta. Ein har blant anna leasa eigen feiebil og investert i dataprogram for føring av all feiing og tilsyn. Masfjorden kommune har i 2008 overtatt administrasjonen av feietenesta. 2007 var eit år der nyttilsett feiar gjennomførte tilsyn i heile kommunen. Sjølvkostrekneskapen viser eit framførbart underskot den 31.12.2007 med kr. 279 104.

**Rådmannen rår til at avgifta for feiing vert auka til kr 295. Dette gjev ei auke på 5,4 %.**

#### Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker

Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing føl timeprisane i gebyrregulativet for saker handsama etter plan- og bygningslova.

Dei kommunale avgiftene frå 2003 fram til og med framlegg til avgiftsnivå for 2009 samt % auke frå år 2008 til 2009, er summert opp i tabellen nedafør:

Avgift	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Auke
<b>Vassavgift</b>								
Årsavgift	3 000	3 150	3 350	3 430	3 520	3 630	3 820	5,2 %
Årsavgift for hytter		2 500	2 700	2 800	2 900	3 000	3 170	5,7 %
Tilknytingsavgift	12 500	15 000	15 100*	15 600*	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Sakshandsamingsgebyr pbl					2 600	2 800	3 000	
Fastpris vassmålar	350	362	600	1 370	1 410	1 450	1 530	5,5 %
Vatn inn pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %
<b>Avlaup</b>								
Årsavgift	2 128	2 202	2 202	2 202	2 270	2 340	2 470	5,6 %
Tilknytingsavgift	11 275	11 670	12 500	13 000	13 000	13 000	13 000	0,0 %
Vatn ut pris pr m <sup>3</sup>	12	12	11	9,40	9,60	9,95	10,45	5,0 %

<b>Slamtømming</b>								
Slamtømming	670	693	693	693	693	714	790	10,6 %
<b>Feiing</b>								
Feiing	182	260	270	270	270	280	295	5,4 %
<b>Eigenbetaling knytt til landbrukskontoret</b>								
Eigenbetaling for landbruksfagleg rettleiing i ikkje lovpålagde saker								
• kontorarbeid		400	460	450	460	470	490	4,3 %
• feltarbeid		450	510	500	530	600	660	10,0 %

\* inkludert sakshandsamingsgebyr

## KONKLUSJON

Sjå vurdering og framlegg til vedtak.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	13.11.2008	092/08	Anne Kristin Rafoss
Eldrerådet	02.12.2008	027/08	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	11.12.2008	096/08	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 08/823
--------------	---------------------

### SAK 096/08 - GEBYRSATSAR RENOVASJON 2009 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### KS-096/08 VEDTAK:

Gebyratsar for renovasjonstenesta i år 2009 følgjer av tabellen under:

RENOVASJON	2008		
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 292,-	10,4 %	2 865,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+250,-)	2 492,-	9,5 %	3 115,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-250,-)	2 092,-	11,5 %	2 615,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	1 892,-	12,9 %	2 365,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+250,-))	2 092,-	11,5 %	2 615,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-250,-)	1 692,-	14,6 %	2 115,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 146,-	10,4 %	1 432,50

#### Finansiering

Sjølvkostprinsippet

#### Heimel

Forureiningslova

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli ba om ordet.

Han vil oppretta halda sitt framlegg frå eldrerådet den 02.12.08 kr. 200,- i ekstragebyr for dei som ikkje komposterar. Dette vart ikkje vedteke i eldrerådet.

Det burde og leggst til rette for kompostering på omsorgsbustadane.

Vigdis Søvik, sa at Senterpartiet kan ikkje støtta leiar i eldrerådet i dette då det vil ramma dei eldre hardt.

#### **Røysting:**

Det vart fyrst røysta enkeltvis over dei tre første satsane opp mot Klaus Nordli sitt framlegg.

**Første sats:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Andre sats:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tredje sats:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over dei fire siste satsane samla:

**Formannskapet si tilråding/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**ELDR-027/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:**

Eldrerådet hadde ingen merknader til formannskapet si tilråding.

**Det skjedde i Eldrerådet den 02.12.2008:**

Leiar Klaus Nordli gav uttrykk for at dei som ikkje komposterar burde hatt eit ekstragebyr på minst kr. 200,- utover det som ligg i framlegget for formannskapet.

Det vart ikkje stilt konkret framlegg om endring.

**Eldrerådet støtta samrøystes tilrådinga frå formannskapet.**

**FS-092/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Gebysatsar for renovasjonstenesta i år 2009 følgjer av tabellen under:

	RENOVASJON		2008
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 292,-	10,4 %	2 865,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+250,-)	2 492,-	9,5 %	3 115,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-250,-)	2 092,-	11,5 %	2 615,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	1 892,-	12,9 %	2 365,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+250,-)	2 092,-	11,5 %	2 615,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-250,-)	1 692,-	14,6 %	2 115,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 146,-	10,4 %	1 432,50

**Finansiering**

Sjølvkostprinsippet

**Heimel**

Forureiningslova

**Utskrift til:**

NGIR

Kommunekassen

Tilsette på driftsavdelinga

Servicetorget

Masfjorden kommune si heimeside v/Forde Vee-Haugen

**Det skjedde i Formannskapet den 13.11.2008:**

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss var tilstades under handsaming av denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Gebyrstatsar for renovasjonstenesta i år 2009 følgjer av tabellen under:

	RENOVASJON		
	eks. mva	auke	inkl.mva
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2 292,-	10,4 %	2 865,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+250,-)	2 492,-	9,5 %	3 115,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-250,-)	2 092,-	11,5 %	2 615,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	1 892,-	12,9 %	2 365,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+250,-)	2 092,-	11,5 %	2 615,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-250,-)	1 692,-	14,6 %	2 115,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad (1/2)	1 146,-	10,4 %	1 432,50

**Finansiering**

Sjølvkostprinsippet

**Heimel**

Forureiningslova

**Utskrift til:**

NGIR  
Kommunekassen  
Tilsette på driftsavdelinga  
Servicetorget  
Masfjorden kommune si heimeside v/Forde Vee-Haugen

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	31.10.2008	NGIR	Vedk gebyr renovasjon og slam for 2009

Vedtak frå representantskapsmøte i NGIT den 27.10.2008

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommunen vedtok i k-sak 0064/03 og i k-sak 0132/03 og overføre alle oppgåver som har med renovasjon å gjere til NGIR. Kommunen fastset framleis renovasjonsgebyra for abonnentane i Masfjorden kommune kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

### FAKTA

Dei kommunale avgiftene vart sist regulert 01.01.2008 etter vedtak i kommunestyret 13.12.07 som sak 130/07.

### VURDERING

Vedtak frå NGIR gjer framlegg om ei auke på kr 216,- eks mva for alle avgiftstypene unnateke hytteavgifta som får ½ kronebeløpet i auke. Gebyrauken er grunna slik:

Frå 01.07.2009 er det ikkje lengre tillete å leggja avfall med større innhald enn 10 % TOC (totalt organisk karbon) på deponi. Dette fører til at NGIR må senda restavfallet vekk til forbrenning. Kostnadene vil auke, men sidan dette gjeld halve 2009, vil ikkje all kostnadsauke som følgje av endringa slå ut på renovasjonsgebyret før i 2010. Auke i gebyr for denne delen er rekna til kr 94,-

Lønsveksten har vore stor siste år. Det vert også budsjettert med å gjera ein del arbeid som i dag vert leigd inn eksternt. Auke i gebyr for denne delen er rekna til kr 69,-

I følgje SSB har drivstoffkostnadene auka med 24,7 % siste år. Dette gjev sterkt utslag i kostnadsindeks for renovasjonsbilar (den som regulering av transportanbod tek utgangspunkt i). Frå juli 2007 til juli 2008 auka denne med 8,9 %. Auke i gebyr for denne delen er rekna til kr 49,-

Saman med auke i gebyr for delen andre kostnader/inntekter rekna til kr 4,-, vert gebyra frå NGIR si side auke med kr 216,-.

Renovasjonsgebyra er sett opp i tabellen under saman med renovasjonsgebyra for Masfjorden kommune dei siste åra. (Reduksjonen i gebyra frå 2005 til 2006 skuldast momsauken.)

Rabatt/tillegg er kr 200,- + mva = kr 250,-

Avgift	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Renovasjon</b>							
Årsavgift u/komp. 140 l. (*)	2.115	1 964	1 964,00	1 948,80	1 996,80	2 076,-	2 292,-
Årsavgift u/komp. 240 l. (*+200,00)	2.317	2 165	2 165,50	2 148,80	2 196,80	2 276,-	2 492,-
Årsavgift u/komp. 4.kvar veke (*-200,00)	1.913	1 762	1 762,50	1 748,80	1 796,80	1 876,-	2 092,-
Årsavgift m/komp. m/liten dunk (**)	1.711	1 561	1 561,00	1 548,80	1 596,80	1 676,-	1 892,-
Årsavgift m/komp. m/stor dunk (**+200,00)	1.913	1 762	1 762,50	1 748,80	1 796,80	1 876,-	2 092,-
Årsavgift m/komp. 4.kvar veke (**-200,00)	1.510	1 359	1 359,50	1 348,80	1 396,80	1 476,-	1 692,-
Årsavgift hytte/fritidsbustad	1.058	982	982,00	974,4	998,40	1 038,-	1 146,-

Rådmannen meiner at prosessen med at NGIR overtok alt som har med renovasjon å gjere frå kommunen har gått veldig greitt. NGIR løyser stort sett all oppgåvene sjølv. Rådmannen ser difor ikkje noko grunn til å auke renovasjonsgebyra for abonnentane i Masfjorden kommune neste år med meir enn auken frå NGIR sjølv.

## KONKLUSJON

Renovasjonsgebyra vert auka med kr. 216,- eks mva.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	13.11.2008	097/08	Olaf Mørch
Eldrerådet	02.12.2008	028/08	Olaf Mørch
Kommunestyret	11.12.2008	097/08	Olaf Mørch

Arkiv: N-563.2	Arkivsaknr.: 08/845
----------------	---------------------

### SAK 097/08 - KOMMUNALE VEGAR - VEDLIKEHALDSPLAN - BUDSJETT 2009

#### KS-097/08 VEDTAK:

Kommunestyret vedtar vedlikeholdsplan kommunale vegar for 2009 slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

**Willy Borge, Frp**, synte til handsaminga i formannskapet der han sa at Frp ville koma med framlegg om å auka opp budsjettet for vedlikehald av vegar med 1 mill til asfaltering og vedlikehald. Pga av uttale frå andre parti som støttar oss og dei positive signala, blant anna frå administrasjonen, inkl. Teknisk, miljø og landbruk, ser Frp positivt på at dette går an å få til. Frp meiner at dette må sjåast på under rekneskap og saldering av budsjett i 1. kvartal 2009. Etter at regjeringa vil koma med ein krisepakke utpå nyåret, vil Frp venta med å ta dette opp til budsjettet skal reviderast.

Formannskapet si tilråding/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### ELDR-028/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:

Eldrerådet støttar tilrådinga frå formannskapet til vedlikeholdsplan for kommunale vegar for 2009.

#### Det skjedde i Eldrerådet den 02.12.2008:

Eldrerådet støtta samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

**FS-097/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta vedlikehaldsplan kommunale vegar for 2009 slik han ligg føre.

**Det skjedde i Formannskapet den 13.11.2008:**

Kommunalsjef Olaf Mørch var tilstades under handsaming av denne saka og orienterte om bakgrunnen for saka.

Saka vart drøfta.

Willy Borge, sa at Frp vil koma med framlegg i kommunestyret om å auka budsjettet for vedlikehald/asfaltering av veg for 2009.

Ordførar Håkon Matre sa at han oppfattar at formannskapet har ynskje om at det vert sett på mogleg auke av vegbudsjettet fram mot kommunestyret.

Laila S. Reknes, Ap, hadde ei bekymringsmelding over at vegen til Selvåg ikkje var på prioriteringslista før i 2014. Vegen er dårleg og burde vore sett lenger fram på lista.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta vedlikehaldsplan for 2009 slik den ligg føre.

**Finansiering****Heimel****Utskrift til:**



## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	07.11.2008	Masfjorden kommune	Vedlikehaldsplan 2009 - 2014 - sjå dokument 3 som er oppdatert
3	I	10.11.2008	Mørch Olaf	Skjema-Planlagt vegvedlikehald 2010 - 2014 og VA TIL 2013 og skjema over planlagt vegvedlikehald 2009

- Skjema over planlagt vedlikehald kommunale vegar 2009 – 2014
- Skjema over planlagt vedlikehald for vatn og avlaup 2009 - 2013

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Vedlikehaldsplan for perioden 2009 – 2014 byggjer på tidlige og nye tilstandsregistreringar av kommunale vei, vatn- og avlaupssystem i Masfjorden kommune, samt innmeldte behov for utbetring og vedlikehaldsrapport frå respektive ansvarshavande i kommunen.

Planen består av tre hovuddelar :

1. Vedlikehald finansiert over det årlege vedlikehaldsbudsjett
2. Utbetring og vedlikehald ved tilskotsmidlar
3. Utbetring og vedlikehald finansiert med eigenkapital

Det kan være grunn til å tru at det samla utførte vedlikehald i bere nokon grad vil kunne oppretthalde tilfredsstillande teknisk standard, men samtidig sikra å redusere vedlikehaldsetterslepet.

### HØYRING

### UTTALE

### FAKTA

Ein held seg til dei tall som er lagd inn for økonomiplanen for 2010 – 2012.

### VURDERING

Det som ligg i økonomiplanen er langt mindre enn det som vedlikehaldsplanen legg opp til. Skal ein få gjort meir må det løyvast midlar ut over økonomiplanen.

### KONKLUSJON

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta vedlikehaldsplan for 2009 slik den legg føre. Sjå vedlagd skjema.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	13.11.2008	093/08	Olaf Mørch
Eldrerådet	02.12.2008	029/08	Olaf Mørch
Kommunestyret	11.12.2008	098/08	Olaf Mørch

Arkiv: N-101.5, N-13	Arkivsaknr.: 08/770
----------------------	---------------------

### SAK 098/08 - VEDLIKEHALDSPLAN BYGG FOR 2009

#### KS-098/08 VEDTAK:

Kommunestyret vedtar vedlikeholdsplan bygg for 2009 slik den ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilråding frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### ELDR-029/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:

Eldrerådet støttar formannskapet si tilråding om vedlikeholdsplan for bygg for 2009.

#### FS-093/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta vedlikeholdsplan bygg for 2009 slik den ligg føre.

#### Det skjedde i Formannskapet den 13.11.2008:

Kommunalsjef Olaf Mørch var tilstades under handsaming av denne saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet gav uttrykk for at skjemaet over det planlagde vedlikehaldet med tid for utføring og kostnad var veldig bra og oversiktleg.

Laila S. Reknes gjorde merksam på at det var ein skrivefeil i skjemaet. Det sto Nordbygda sjukeheim i staden for Masfjorden sjukeheim.

Ordførar sa at dette ville bli retta opp.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta vedlikehaldsplan for 2009 slik den legg føre.

**Finansiering****Heimel****Utskrift til:****SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	27.10.2008	Mørch Kommunalsjef Olaf	Kostnadsoverslag for 2009 over planlagt vedlikehald kommunale bygg
2	U	13.11.2008	Masfjorden kommune	Skjema med planlagt vedlikehald 2009 - 2014

Oversikt over planlagt vedlikehald, sjå vedlagt skjema.

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Vedlikehaldsplan for perioden 2009 - 2014 byggjer på tidligare og nye tilstandsregistreringar av bygningsporteføljen i Masfjorden kommune, samt innmeldte behov for utbetring og vedlikehalds rapport frå respektive ansvarshavande for bygningsmassen i kommunen.

**Planen har eit samla planlagt vedlikehald på kr . 34.000.000,-.**

**Saksutgreiing :**

Vedlikehaldsplan for perioden 2009 – 2014 byggjer på tidligare og nye tilstandsregistreringar av bygningsporteføljen i Masfjorden kommune, samt innmeldte behov for utbetring og vedlikehaldsrapport frå respektive ansvarshavande for bygningsmassen i kommunen.

**Planen består av tre hovuddelar :**

4. Vedlikehald finansiert over det årlege vedlikehaldsbudsjett kr 2,0 mill.
5. Utbetring og vedlikehald ved tilskotsmidlar ..... kr 1,5 mill årleg
6. Utbetring og vedlikehald finansiert med eigenkapital/lån .. kr 3,3 mill.

Planen har eit samla planlagt vedlikehald på : kr 10 mill.

Budsjettert løpande vedlikehald for bygningsporteføljen på : kr 24 mill.

Totalt vedlikehald for perioden 2009 - 2014 kr 34 mill.

**Framlegg til vedtak gjeld vedlikehaldsplan for 2009, sjå vedlagt skjema. Kr. 3.8 mill.**

Det kan være grunn til å tru at det samla utførte vedlikehaldet berre i nokon grad vil kunne oppretthalda realverdiane, men samstundes sikra å redusera vedlikehaldsetterslepet.

Planlagt vedlikehald 2009 skjema ligg som vedlegg til saka.

## FAKTA

## VURDERING

Saksutgreiinga omhandlar perioden 2009 – 2014, men framlegg til vedtak omhandlar bere 2009.

## KONKLUSJON

**Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta vedlikehaldsplan for 2009 slik den legg føre. Sjå vedlagd skjema.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	029/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	099/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 08/886
--------------	---------------------

### SAK 099/08 - KRAFTFONDSBUSJETTET FOR 2009

#### KS-099/08 VEDTAK:

#### 1. Årsbudsjett 2009 for Masfjorden kraftfond vert fastset slik;

	<b>Budsjett</b>
	2009
<b>Inntekter:</b> Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	-100 000
<b>Sum inntekter</b>	<u><u>-2 670 000</u></u>
<b>Utgifter:</b> LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	200 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatorordninga	40 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	40 000
Tilrettelegging bustadføre mål	800 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
Landbrukstiltak	100 000
Andre næringstiltak	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	200 000
Etableringsstipend	120 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
<b>Sum utgifter</b>	<u><u>2 670 000</u></u>

2. Tildeling av "frie" midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og behandling av kraftfondsstyre i september. Andre tildeling med søknadsfrist 1. november, og behandling av kraftfondsstyre i desember. Det vert i tillegg opna for å ta opp "hastesaker".

3. Etableringstilskotet vert auka til kr. 40.000 for dei som er under 35 år.

#### Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet

**Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:**

Saka vart drøfta.

**Fellesframlegg frå Ap, H, Frp, Krf og V:**

Etableringstilskotet vert auka til kr. 40.000 for dei som er under 35 år.

Dette vert gjort for å oppnå de same som at denne gruppa frå fritak frå byggesaksgebyret.

**Bjørn Egil Nordland, Ap**, spurde om korleis søknader på midlar frå posten elevbedrifter. Er det mogleg å bruka desse pengane på ein annan måte?

Nordland spurde og om det kunne vore laga eit eige skjema for elevbedrifter som var litt enklare enn det til kraftfondet.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det har ikkje kome søknader på mange år. Ny vurdering av regelverket bør nok gjerast.

Det fins eige skjema til søknad om elevbedrifter.

**Willy Borge, Frp**, gjer forslag om å sende ny informasjon til skulane med søknadsskjema og med oppfordring til å informera i klassane.

**Wenke Ekren, H**, hadde kommentar til posten etableringstilskot og frie fondsmidlar som er blitt halvert i høve 2008.

Ass. Rådmann Svein orienterte om kvifor desse postane er reduserte.

**Liv Oda Dale, Ap**, spurde om auken på etableringstilskotet skal gjelda for alle under 40 eller for dei under 35 år. Dette er viktig å få avklara.

**Vigdis Søvik, Sp**, gjorde framlegg om at etableringstilskotet vert auka til kr. 40.000.

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli kommenterte ferje/automatisering og bemanning.

(Jfr. Post i kraftfondbudsjettet om finansiering av kabelferja.)

Dersom ferja blir automatisert passar det betre inn i konseptet om gratisferje.

**Røysting:**

Fellesframlegget frå AP, H, KrF, V og Frp til auke av etableringstilskot og framlegget frå SP vart røysta mot einannan.

**Fellesframlegget vart vedteke med 14 røyster mot 3 røyster. (Sp og ein frå KrF)**

Det vart så røysta over heile kraftfondsbudsjettet.

**Tilrådinga frå Kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.**

**KRFT-029/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

	<b>Budsjett</b>
	2009
<b>Inntekter:</b> Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	-100 000
<b>Sum inntekter</b>	<u><u>-2 670 000</u></u>
<b>Utgifter:</b> LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	200 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatordninga	40 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	40 000
Tilrettelegging bustadforemål	800 000
Elevbedrift	30 000
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
Landbrukstiltak	100 000
Andre næringstiltak	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	200 000
Etableringsstipend	120 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
<b>Sum utgifter</b>	<u><u>2 670 000</u></u>

4. Tildeling av "frie" midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og behandling av kraftfondsstyre i september. Andre tildeling med søknadsfrist 1. november, og behandling av kraftfondsstyre i desember. Det vert i tillegg opna for å ta opp "hastesaker".

**Finansiering**

Budsjettframlegget er i balanse

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet

**Utskrift til:**

- Nordhordland revisjonsdistrikt
- Innovasjon Norge Hordaland
- Fylkesmannen i Hordaland

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Saka vart drøfta.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om ei endring i budsjettframlegget:

Posten for vidare finansiering av auka rutetilbod kabelferja vert auka frå 100.000 til 200.000.

På inntektssida fører ein refusjon frå Hordaland fylkeskommune med kr. 100.000.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Årsbudsjett 2009 for Masfjorden kraftfond vert fastset slik;

<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 340 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-90 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000
	<b>Sum inntekter</b>	<b><u>-2 570 000</u></b>
<b>Utgifter:</b>	LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	200 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	40 000
	Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	40 000
	Tilrettelegging bustadføremål	800 000
	Elevbedrift	30 000
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000
	Landbrukstiltak	100 000
	Andre næringstiltak	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	100 000
	Etableringsstipend	120 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	600 000
	<b>Sum utgifter</b>	<b><u>2 570 000</u></b>

2. Tildeling av "frie" midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist juni, og behandling av kraftfondsstyre i september. Andre tildeling med søknadsfrist 1. november, og behandling av kraftfondsstyre i desember. Det vert i tillegg opna for å ta opp "hastesaker".

**Finansiering**

Budsjettframlegget er i balanse

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet

**Utskrift til:**

- Nordhordland revisjonsdistrikt
- Innovasjon Norge Hordaland
- Fylkesmannen i Hordaland

**SAKSTILFANG:**

- Rekneskapan pr. 25. november 08 for teneste 32504 kraftfondet, 32501 m.fl.
- Skriv av 8. mars 2005 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) med forslag til ny deling av avgifter for konsesjonane i Matre- og Haugsdalsvassdraget



## SAKSUTGREIING:

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2005, kor konsesjonsavgifta vart sett til 2.340.000. Grunnlag for justeringa gjeld konsesjonsavgift for perioden 01.01.2000 til 31.12.2009 kor NVE gjer framlegg om at dei nye satsane skulle gjelde frå 1.1.2005 – i staden for 1.1.2000. Dette var eit forhold Masfjorden kommune tapte om lag 900.000 på – og som ein klaga inn overfor NVE/departement utan at vi vann fram med klagen.

I tillegg til tilføring av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2009 har vi lagt til grunn kr. 70.000,- i avdrag og 20.000 i rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 140.000,-.

Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 40.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet. Framlegget er i tråd med politisk fleirtal siste åra.

### **Postar under budsjettet til kraftfondet 2009:**

1. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for reiselivslaget (ca. 40.000), regionrådet (70.000) og LVK (90.000) for 2009. Kontingent vert ført under teneste 32501 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
2. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott på inntil kr. 150.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement, støtteannonser, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordfører i felleskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.
3. Det er i budsjettframlegget lagt inn kostnader kring drift av heimesida og anna informasjonsarbeid med 30.000 – lagt inn under teneste 12001 – rådmannskontoret.
4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon.
5. Sertifikatordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov.
6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 40.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det er gitt signal og gjort vedtak om støtte – som kjem til utbetaling i 2009.
8. Det ligg inne midlar til elevbedrift – same nivå som siste åra, men tiltak berre i liten grad iverksett (kr. 30.000). Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles

9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvtar – omfanget av kjøp har svinga, ein har årleg løyvd 30.000,-, men det har sjeldan vorte kjøpt kvotar til det omfanget, difor redusert satsen for 2008 – held fram med redusert sats for 2009. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
10. Nytt tiltak – støtte til tiltak innafor landbruk (eiga sak kraftfondstyret 3.12.08)
11. Har halde att ein sum til andre næringstiltak – her har ein pott som evt. kan brukast til GMU eller andre næringsforhold som er aktuelle – f.eks kjøp av tenester – konsulent – utgreiingar kring utarbeiding av strategisk næringsplan.
12. Kommunen har ordning med etableringstilskot med kr. 30.000 for husbyggjarar under 40 år. Vi legg opp til 4 tilskot for 2009
13. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund i 2008, vidareføring av prøveprosjektet som hittil har gått i litt over 2 år, dvs. løyving frå Masfjorden kommune v/kraftfondet med 100.000,-.
14. Ein har i nokre år budsjettert med 1,2 mill.kr. i frie midlar kraftfondet til næringsføremål. Tanken var at midlane (1,2 mill.kr.) skulle fordelast med 50/50% fordeling på tilskot og lån. Status er at dei aller fleste søker om berre tilskot. Tiltrår ut i frå søknadsmassen dei seinare år (unnatak 2.tildeling 2008) at summen frie fondsmidlar vert sett ned til 600.000,-. Masfjorden kommune toppar klart i Hordaland fylke med sum frie fondsmidlar til næringslivet – dette kan føre fokus vekk frå andre offentlege støtteordningar.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-14 for 2008/9, samt inntektsføresetnadene.

	Budsjett 2009	Budsjett 2008
<b>Inntekter:</b> Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 340 000	-2 340 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-90 000	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-140 000	-140 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 570 000</b>	<b>-2 570 000</b>
<b>Utgifter:</b> LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2009	200 000	200 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	150 000	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	30 000	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	40 000	100 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	40 000	40 000
Tilrettelegging bustadføremål	800 000	460 000
Elevbedrift	30 000	30 000
Mjølkekvtar jf. vedtekne ordning	10 000	10 000
Landbrukstiltak	100 000	
Andre næringstiltak	250 000	
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	100 000	100 000
Etableringsstipend	120 000	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	1 200 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 570 000</b>	<b>2 570 000</b>

Framlegg til årsbudsjett kraftfondet er utarbeidd etter at framlegg til kommunebudsjett 2009 vart utarbeidd, og det vert gjort nokre mindre endringar som får konsekvensar for kommunebudsjettet 2009, men desse endringane får ikkje nokon nettoverknad for kommunebudsjettet.

## KONKLUSJON

Det vert lagt fram eit balansert 2009 budsjett for kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.11.2008	089/08	Svein Helge Hofslundsengen
Formannskapet	13.11.2008	094/08	Svein Helge Hofslundsengen
Eldrerådet	02.12.2008	030/08	Svein Helge Hofslundsengen
Arbeidsmiljøutvalet	02.12.2008	027/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	100/08	Svein Helge Hofslundsengen
Administrasjonsutvalet	11.12.2008	024/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 08/658
--------------	---------------------

## SAK 100/08 - BUDSJETT 2009 OG ØKONOMIPLAN 2008 - 2012

### KS-100/08 VEDTAK:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2009 utgjer 136,6 mill.kr. jf. hovudoversikt drift. Etter budsjettskjema 1A har ein 99,5 mill.kr. i frie inntekter, netto finansutgifter med 6,0 mill.kr. og netto avsetjing med 0,6 mill.kr. , samt 2,4 mill.kr. overføring frå drift til investering, som gjer at sektorane/rammeområda netto får 90,5 mill.kr. i 2009.

### Budsjettskjema 1B

#### Fordelt til;

Folkevalte organ:	1 782 500
Administrasjon:	10 953 200
Barnehage:	3 706 700
Skule:	30 626 700
Helse:	7 112 100
Sosial- og barnevern:	4 471 900
Pleie- og omsorg	30 061 300
Kultur:	3 539 600
Kyrkja:	2 700 000
Teknisk:	5 915 600
Andre tenesteområdet:	-10 353 700
	<u>90 515 900</u>

### 2. Investeringsbudsjettet for 2009 vert sett til kr. 12 mill.kr. (tal i tabell i 1000)

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2009			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP				
eigenkap.innskot	250	250		
IKT/felles	500	0		500
Breiband	0		0	0
IKT/Skulane	0	0		
Opprusting				
komm.bygg	3 036	2 036		1 000
Kommunale				
vegar	1200	1200		0

Vassforsyning	1 000	500		500
Avlaup	500	0		500
Utleigebustadar				
Bustadfelt	500	500	0	0
Omsorgsbustadar	5 000	2 400	1 250	1 350
Sandnes kyrkjegard	0			0
Sum investeringar	11 986	6 886	1 250	3 850

Samt utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak Husbanken – låneramma kan aukast opp ved behov.

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,5 mill.kr. for 2009, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.

4. a) Økonomiplan 2009-12 ramme for drift jf. data i rammesaka

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

b) Økonomiplan 2009-12 for investering;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250			250	250			250	250		
IKT/felles	500	0		500	500	0		500	500	0		500
Breiband												
IKT/Skulane	0			0	0			0				0
Opprusting komm.bygg	3 000	2 000		1 000	3 000	2 000		1 800	2 800	500		2 300
Kommunale vegar	500			500	500			500				500
Vassforsyning	1 000	700		300	1 000	500		500	1 000	500		500
Avlaup	250	250		0	500	0		500	500	0		500
Utleigebustadar	3 000	1000	500	1500								
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Omsorgsbustadar												
Sandnes kyrkjegard	0	0	0	0								
Sum investeringar	9 000	4 700	500	3 800	6 250	3 250	0	3 800	5 550	1 750	0	3 800

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
+ eksterne midlar/tilskot

5. a) Kommunal eigedomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.

b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 12,80 % på inntekt.

6. Masfjorden kommune står for utbygging av veglys på Hosteland under føresetnad av ekstern finansiering av kr 75.000. Kommunal finansieringsdel vert å koma attende til i sak om budsjettsaldering. Veglysa vert overført til Statens vegvesen for løpande drift.

**Finansiering**

Driftsbudsjettet er i balanse og investeringsbudsjettet har finansiering

**Heimel**

Kommunelova – kommunen sitt økonomireglement

**Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:**

Frode Langhelle, H, synte til gruppemøte tidlegare i dag der det kom innspel om veglys til Hosteland. Det er finansieringsmanko for å få det til. Det er tildelt midlar på 75.000 gjennom eit Gjensidigefondet.

Langhelle spurde om kommunestyret er villig til å vera med på å bevilga pengar til dette veglysprosjektet. Kostnad er 150.000.

Willy Borge orienterte om at denne saka har vore innom kommunen sidan i vår. Den har og vore drøfta i veggruppa som har sendt den tilbake til administrasjonen for handsaming. Veggruppa skulle ikkje handsama konkrete søknader.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa at ei nemnd som skal utarbeida retningsliner og tydeleg prioritering av veglys i kommunen har vore i arbeid i 2008. Dei tiltaka dei har gjort framlegg om, er ikkje kostnadsrekna. Når dette arbeidet er ferdig, vil saka koma fram til kommunestyret. Den aktuelle saka med veglys på Hosteland, er ikkje utgreidd og ikkje handsama/prioritert frå politikarane i kommunen.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte. Helselaget på Hosteland har fått tilsagn om 75.000 frå Gjensidigefondet. Desse midlane måtte brukast innan 6 månader.

Han sa at denne søknaden er sendt vidare til Statens vegvesen.

Dersom kommunestyret tar stilling til om ein vil medverka til prosjektet i dag kan ein ta endeleg finansiering opp under saldering av budsjettet. Han la fram følgjande framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune står for utbygging av veglys på Hosteland under føresetnad av ekstern finansiering av kr 75.000. Kommunal finansieringsdel vert å koma attende til i sak om budsjettsaldering. Veglysa vert overført til Statens vegvesen for løpande drift.**

**Røysting:**

Det vart røysta over heile budsjettframlegget med nytt pkt 6 frå administrasjonen.

**Tilråding frå formannskapet med endringsframlegg til nytt pkt 6 frå rådmannen vart samrøystes vedteke.**

**ADM-024/08 VEDTAK:**

Administrasjonsutvalet tilrår kommunestyret å vedta budsjettet som er lagt fram.

**AMU-027/08 UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:**

Arbeidsmiljøutvalet hadde ingen merknader til budsjettet for år 2009.

**ELDR-030/08 UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL KOMMUNESTYRET:**

Eldrerådet støttar tilrådinga frå formannskapet til budsjett 2009.

**FS-094/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2009 utgjer 136,6 mill.kr. jf. hovudoversikt drift. Etter budsjettskjema 1A har ein 99,5 mill.kr. i frie inntekter, netto finansutgifter med 6,0 mill.kr. og netto avsetjing med 0,6 mill.kr. , samt 2,4 mill.kr. overføring frå drift til investering, som gjer at sektorane/rammeområda netto får 90,5 mill.kr. i 2009.

**Budsjettskjema 1B****Fordelt til;**

Folkevalte organ:	1 782 500
Administrasjon:	10 953 200
Barnehage:	3 706 700
Skule:	30 626 700
Helse:	7 112 100
Sosial- og barnevern:	4 471 900
Pleie- og omsorg	30 061 300
Kultur:	3 539 600
Kyrkja:	2 700 000
Teknisk:	5 915 600
Andre tenestoområdet:	-10 353 700
	<u>90 515 900</u>

**2. Investeringsbudsjettet for 2009 vert sett til kr. 12 mill.kr. (tal i tabell i 1000)**

Prosjekt	<b>Kostnad og finansiering 2009</b>			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP				
eigenkap.innskot	250	250		
IKT/felles	500	0		500
Breiband	0		0	0
IKT/Skulane	0	0		
Opprusting		2		1
komm.bygg	3 036	036		000
Kommunale				
vegar	1200	1200		0
Vassforsyning	1 000	500		500
Avlaup	500	0		500
Utleiebustadar				
Bustadfelt	500	500	0	0
		2		1
Omsorgsbustadar	5 000	400	1 250	350
Sandnes				
kyrkjegard	0			0
Sum		<b>6</b>		<b>3</b>
investeringar	<b>11 986</b>	<b>886</b>	<b>1 250</b>	<b>850</b>

Samt utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak Husbanken – låneramma kan aukast opp ved behov.

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,5 mill.kr. for 2009, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.
4. a) Økonomiplan 2009-12 ramme for drift jf. data i rammesaka

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

#### b) Økonomiplan 2009-12 for investering;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250			250	250			250	250		
IKT/felles	500	0		500	500	0		500	500	0		500
Breiband												
IKT/Skulane	0			0	0			0				
Opprusting komm.bygg	3 000	2 000		1 000	3 000	2 000		1 800	2 800	500		2 300
Kommunale vegar	500			500	500			500				
Vassforsyning	1 000	700		300	1 000	500		500	1 000	500		500
Avlaup	250	250		0	500	0		500	500	0		500
Utleigebustadar	3 000	1000	500	1500								
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Omsorgsbustadar												
Sandnes kyrkjegard	0	0	0	0								
<b>Sum investeringar</b>	<b>9 000</b>	<b>4 700</b>	<b>500</b>	<b>3 800</b>	<b>6 250</b>	<b>3 250</b>	<b>0</b>	<b>3 800</b>	<b>5 550</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>	<b>3 800</b>

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
 + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
 + eksterne midlar/tilskot

5. a) Kommunal eideomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 12,80 % på inntekt.
6. Formannskapet viser til orientering om innkomne tilbod på nye utleigebustader i Nordbygda og på Sandnes og bed om at dette vert innarbeidd i budsjettet for 2009.

#### Finansiering

Driftsbudsjettet er i balanse og investeringsbudsjettet har finansiering

#### Heimel

Kommunelova – kommunen sitt økonomireglement



**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2009 utgjer 136,6 mill.kr. jf. hovudoversikt drift. Etter budsjettskjema 1A har ein 99,5 mill.kr. i frie inntekter, netto finansutgifter med 6,0 mill.kr. og netto avsetjing med 0,6 mill.kr. , samt 2,4 mill.kr. overføring frå drift til investering, som gjer at sektorane/rammeområda netto får 90,5 mill.kr. i 2009.

**Budsjettskjema 1B****Fordelt til;**

Folkevalte organ:	1 782 500
Administrasjon:	10 953 200
Barnehage:	3 706 700
Skule:	30 626 700
Helse:	7 112 100
Sosial- og barnevern:	4 471 900
Pleie- og omsorg	30 061 300
Kultur:	3 539 600
Kyrkja:	2 700 000
Teknisk:	5 915 600
Andre tenesteområdet:	-10 353 700
	<u>90 515 900</u>

2. Investeringsbudsjettet for 2009 vert sett til kr. 12 mill.kr. (tal i tabell i 1000)

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2009			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250		
IKT/felles	500	0		500
Breiband	0		0	0
IKT/Skulane	0	0		
Opprusting komm.bygg	3 036	2 036		1 000
Kommunale vegar	1200	1200		0
Vassforsyning	1 000	500		500
Avlaup	500	0		500
Utlegebustadar				
Bustadfelt	500	500	0	0
Omsorgsbustadar	5 000	2 400	1 250	1 350
Sandnes kyrkjegard	0			0
Sum investeringar	<b>11 986</b>	<b>6 886</b>	<b>1 250</b>	<b>3 850</b>

Samt utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak Husbanken – låneramma kan aukast opp ved behov.

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd får ei investeringsramme på 1,5 mill.kr. for 2009, og samla 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12.

4. a) Økonomiplan 2009-12 ramme for drift jf. data i rammesaka

Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

## b) Økonomiplan 2009-12 for investering;

Prosjekt	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012			
	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP egenkap.innskot	250	250			250	250			250	250		
IKT/felles	500	0		500	500	0		500	500	0		500
Breiband												
IKT/Skulane	0			0	0			0				
Opprusting komm.bygg	3 000	2 000		1 000	3 000	2 000		1 800	2 800	500		2 300
Kommunale vegar	500			500	500			500				
Vassforsyning	1 000	700		300	1 000	500		500	1 000	500		500
Avlaup	250	250		0	500	0		500	500	0		500
Utleigebustadar	3 000	1000	500	1500								
Bustadfelt	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Omsorgsbustadar												
Sandnes kyrkjegard	0	0	0	0								
<b>Sum investeringar</b>	<b>9 000</b>	<b>4 700</b>	<b>500</b>	<b>3 800</b>	<b>6 250</b>	<b>3 250</b>	<b>0</b>	<b>3 800</b>	<b>5 550</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>	<b>3 800</b>

Elles legg ein til grunn følgjande prinsipp for finansiering av investeringane;

Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet  
 + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar  
 + eksterne midlar/tilskot

5. a) Kommunal eigedomsskatt etter lov av 6. juni 1975, nr 29, vert å skrive ut for verk og bruk med 0,7 % av takstverdi.
- b) Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna etter høgste sats, dvs. f.t. 10 o/oo på eiga og 12,80 % på inntekt.

**Finansiering**

Driftsbudsjettet er i balanse og investeringsbudsjettet har finansiering

**Heimel**

Kommunelova – kommunen sitt økonomireglement

**Utskrift til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
 Revisjonen  
 Driftseiningane

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	22.08.2008	Barnehagane i Masfjorden v/Anita B. Solheim og	Søknad om VA-utstyr til barnehagane
2	I	25.08.2008	Rektorane i Masfjorden v/Berit Lygre	Vedk vedlikehaldssituasjonen på skulane
6	I	27.08.2008	Matre skule v/Liv Brekken	Oversyn over diverse utstyr til Matre skule
5	I	05.09.2008	Nordbygda skule v/Berit Lygre	Oversyn over innkjøpsbehov på Nordbygda skule
3	I	17.09.2008	Rådgjever Alf Strand	Oversikt kostnad til manglande lærebøker i skulane pr 01.09.08
4	I	18.09.2008	Sandnes skule v/Kjellaug Bolset Strand	Oversikt over utstyr til Sandnes skule
7	I	07.10.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Statsbudsjettet 2009 - kommuneopplegget
8	I	13.10.2008	Biblioteksjef Inger Jåstad	Framlegg til auke på budsjettet for 2009 for Masfjorden folkebibliotek
10	I	29.10.2008	Kommunal rapport	Oversikt over nedgang i frie inntekter for kommunane i Hordaland - endringar i nytt inntektssystem
12	I	06.11.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Skjønstilskot til fornyingsarbeid og utviklingsprosjekt i kommunane
13	U	17.11.2008	Lokalavisene og heimesida	Kunngjering av årsbudsjett 2009 for Masfjorden kommune
14	I	18.11.2008	Kunnskapsdepartementet	Statsbudsjettet 2009 - orientering om ny rentekompensasjon for skole og svømmeanlegg

## SAKSVEDLEGG:

- 1) Budsjett- og økonomiplan hefte
- 2) utdrag av statsbudsjettet st.prp. 1 – forhold som er relevant for Masfjorden, detaljar/dokumentasjon knytt til inntektssystemet, statsbudsjettet og tilskot i form av skjønn i 2009.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjettet for neste kalenderår. Årsbudsjettet er eit overslag over kommunen sine inntekter for det aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har til rådvelde. Budsjettet er det primære styringsinstrumentet i økonomiforvaltninga.

### HØYRING/UTTALE

Driftseiningane har med utgangspunkt i rammesaka utarbeidd budsjettframlegg for 2009. Desse framlegga ligg til grunn for 2009 driftsbudsjettet. For dei fleste rammeområde har det vore dialog og justeringar, som endar opp i rådmannen sitt budsjettframlegg.

## FAKTA

Viser til budsjetthefte og dokumentasjon kring kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2009.

Driftsbudsjettet er framlagt i balanse- og er i hovudsak basert på vidareføring av 2008 budsjett/driftsnivå. I forhold til rammesaka har vi ein del avvik i høve budsjettframlegget.

	Avvik ift. ramma:
Folkevalte organ:	-17 500
Administrasjon:	453 200
Barnehage:	1 206 700
Skule:	626 700
Helse:	2 112 100
Sosial- og barnevern:	971 900
Pleie- og omsorg	1 061 300
Kultur:	339 600
Kyrkja:	0
Teknisk:	-584 400
Andre tenesteområdet:	46 300
samla auke innan rammeområda:	<u>6 215 900</u>

Folkevalde organ tilnærma på ramma.

Administrasjon under ramma når ein korrigerer for adm.teknisk – fordeling av kostnader utover tenester på Teknisk, miljø og landbruk ut i frå etablert praksis tidlegare år, ikkje gjort enno i budsjettframlegget 2009, noko som og inneber at teknisk vil vere litt over budsjetttramme.

Barnehage aukar kraftig i høve til siste års nettobudsjett. Ny avdeling Nordbygda barnehage og arbeidsmiljøtiltak. Oppretta ny teneste med barnehage felles. Styrkingstiltak ved 2 av barnehagane.

Skule – avvik kan relaterast til lønsauke og nokre nye tiltak i tråd med sentrale føringar.

Helse – aukar svært mykje utover ramma. Sjølv om ein tok høgde for omlegging frå øyremerka psykiatritilskot til innlemming av rammetilskot, har vi eit stort avvik på dette rammeområde. Dette inneber at ein satsar uendra/liten auke innan psykiatri. Nye tiltak som jordmorteneste og ungdomskontakt Knarvik, legevakt aukar med 16%, generelt stor lønsauke.

Sosial- og barnevern – stort sett vidareføring – men NAV etableringa gjev kommunen meirutgifter, samt auka kostnader barnevernstiltak.

Kultur – auke innan museum, 10% auke innan kulturskulen – relatert til lønspostane, elles vidareføring inkl. idrettsskulen.

Kyrkja og andre tenesteområde heilt og tilnærma i tråd med budsjetttramme.

Tillitsvalde har teke opp i fellesmøte med arbeidsgjevar ønske om likebehandling kring betalt matpause. Det er spesielt tenesteområde kor dei tilsette går i turnus som ikkje har betalt matpause, men og andre – som barnehage. Indre Masfjorden barnehage har gjennomført ei prøveordning som ledd i fleire tiltak for å medvirke til eit betre arbeidsmiljø. Dette var ei prøveordning først for eitt år og dernest utvida med eitt år til. Barnehagen har tilbakemeldt fleire positive erfaringar med dette og ønskjer å gjere ordninga permanent. Indre Masfjorden barnehage var den einaste barnehagen som hadde betalt matpause. Pleie- og omsorgssektoren har ikkje betalt matpause.

I mai arrangerte derfor arbeidsgjevar eit drøftingsmøte med organisasjonane for å drøfte arbeidstida for tilsette i kommunen, og der skilnadane mellom avdelingane gjev drøftinga ein negativ valør. I dag er det som kjent ulikt mellom avdelingane for kven som har betalt og kven som ikkje har betalt, og det er heller ikkje eintydig at alle ønskjer det. Uansett så vil innføring av betalt matpause vere av ein økonomisk storleik (1,9 mill) som gjer at kommunen må vurdere konsekvensar for drift og økonomi før ein innfører endra arbeidstid for dei tilsette, og det må politisk handsamast som eit forslag for 2009-budsjettet. Rådmannen har ikkje innstilt på at vi gjer endringar i noverande ordning kring matpausar.

## VURDERING

Driftsbudsjettet er basert på ei vidareføring av 2008 nivå på tenestene, med nokre mindre nye tiltak og auke i nivå på tiltak. I stor grad inneber budsjettet justering av årets (sentrale og lokale) lønsoppgjjer. Noko som tilseier at vi skal ha god dekning på lønssida i 2009 budsjettet, med innarbeidd 4,7% forventa lønsvekst i 2009. Med den seinare tids finansuro og vanskelegare økonomiske tider, forventar ein eit lågare lønsoppgjjer i 2009 enn 4,7% - sjølv om store deler av lønsoppgjjeret for 2009 vart teke gjennom 2008 oppgjjeret.

For liten auke i frie inntekter til å dekkje løns- og prisvekst mellom anna grunna bortfall av selskapsskatten gjorde at arbeidet med å leggje budsjett for 2009 har vorte tyngre enn forventa ut i frå rammesaka. På utgiftssida skuldast dette primært ein kraftig lønsvekst gjennom årets lønsoppgjjer. Budsjettbalansen har likevel gått greitt utan at det er gjort så store inngrep i dei budsjettframlegg driftseiningane fremja pr. 1.september.

For investeringsbudsjettet ønskjer ein at det vert fatta eit prinsippvedtak om tak for eigen finansiering for kvart år i økonomiplanen:

- Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet
- + frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
- + eksterne midlar/tilskot

For driftsbudsjettet har ein som mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane.

Ein har ikkje lagt til grunn å auka inntektsgrunnlaget til kommunen med å nytte seg av dei nye reglane for eigedomsskatt som gjev heimel til å utvide eigedomsskattegrunnlaget. I statsbudsjettet opnar regjeringa for at kommunane kan innføre eigedomsskatt overalt, ikkje berre i bynære strøk. For at berekningsgrunnlaget skal bli riktig og skatten rettferdig fordelt, må kommunen først taksere alle eigedommane. Dette er eit svært omfattande takseringsarbeid. Nytt på eigedomsskattesida i 2009 er opning for å skrive ut eigedomsskatt på sjøanlegg som opprettsanlegg – her må vi føreta ei kartlegging, og evt. skattlegging deretter.

Konsesjonskraftinntekt budsjettert etter faktisk forbruk siste år – rundt 26 GWh. Dersom forbruket har teke seg opp siste år, kan konsesjonskrafta gje ei høgare inntekt enn det som er lagt inn i budsjettet. Garantipris på konsesjonskraft gjev ei avkastning på om lag 10 mill.kr. om forbruket vert 30 GWh.

Renta har hatt ei bratt kurve opp sidan starten av 2006 med styringsrente frå Noregs bank på 1,75% som toppa seg med 5,75% i september 2008. I løpet av oktober 2008 har renta vorte sett ned 2 gonger, samla med 1% til 4,75%. Noregs bank legg til grunn ei rente på 5,25% snitt i 2008, 4,25% i snitt for 2009, 3,75% for 2010 og 4,25% i 2011. Vi legg til grunn rente i tråd med rammesaka for 2009 budsjettet og økonomiplan 2009-12.

Det er lagt inn 0,6 mill.kr. i netto avsetjingar (fond), mot rammesaka la til grunn 0 i netto avsetjingar.

Rådmannen har ikkje innstilt på endringar i noverande ordning kring matpausar. Innføring av betalt matpause for dei som går i turnus og nokre andre tenesteområder har vi berekna til å påføre kommunen meirutgifter på om lag 1,9 mill.kr. ut i frå lønsdata 2007. Ut i frå årets lønsoppgjjer med ein kraftig lønsvekst og ikkje minst ein kraftig auke i variable tillegg som tilfell tilsette i turnusordning, vil dette anslaget kunne aukast med 15-20%, opp til om lag 2,2 mill.kr.

## KONKLUSJON

Rådmannen har no klart eit budsjett i balanse.

I høve til rammesaka som bygde på Kommuneprp. frå mai, vart føresetnadene endra til det betre, ved at vi legg oss på gjennomsnittveksten for kommunesektoren i frie inntekter. Ein fekk skjønsmidlar som vi ikkje hadde budsjettert med. Innlemming av øyremerka tilskot slik at ein beheld kommunen sin del ut i frå 2008 nivå. 2009 inneheld ikkje usikre forhold knytt til folketalsutviklinga då folketal pr. 1.7.2008 vert lagt til grunn, og ikkje som tidlegare år tal pr. 1.1. i budsjettåret, med justering midt i budsjettåret.

Budsjettframlegget er grundig gjennomarbeid og er realistisk – oppdatert med lønsdata pr. oktober 2008, har avsetjing til finansiering av investeringsrekneskapen med 2,4 mill.kr. , netto avsetjing med 0,6 mill.kr. og eit netto driftsresultat på 2,2% (som er noko for lågt – skulle ha auka med ca. 1 mill.kr. – noko som kan skje knytt til konsesjonskraftinntekta.

Budsjettet vidarefører 2008 drifta og for ei rekkje områder faktisk styrker tenestetilbodet innafor både sentrale og lokale prioriteringar.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	026/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	101/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/829
----------------	---------------------

### SAK 101/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFFONDET TIL INVESTERING I HØVE NYE LOKALE - KARINA DESIGN OG AGENTURER AS

#### KS-101/08 VEDTAK:

1. Karina Design og Agenturer AS får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i nye lokale for verksemda på Hosteland.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilrådinga frå Kraftfondsstyret/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KRFT-026/08 VEDTAK / TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Karina Design og agenturer AS får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i nye lokale for verksemda på Hosteland.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Karina Design A/S v/Karen M. Sleire, 5987 Hosteland

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Karina design og agenturer AS får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i nye lokale for verksemda på Hosteland
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Karina Design A/S v/Karen M. Sleire, 5987 Hosteland

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.10.2008	Karina Design A/S v/Karen M. Sleire	Søknad om tilskot frå kraftfondet til investering - nye lokale
3	U	17.11.2008	Karina Design A/S v/Karen M. Sleire	vedk. søknad om tilskot frå kraftfondet til investering - nye lokale

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Det vert søkt om kr 160 000,- i tilskot gjennom kraftfondet til ei investering på i alt kr. 829 500,- i nye lokaler på Hosteland.

**FAKTA**

Søklar er Karina Design og agenturer A/S, Foretaksnr. 888 072 012  
Kontaktperson og dagleg leiar: Gullsmed Karen M. Sleire. Aksjekapital 200 000,-.  
2 aksjonærar: Karen M. Sleire 50% og Kjell Joar Sleire 50%  
Tre heiltidstilsett og tre deltidstilsette, totalt seks tilsette.

**Investeringas totale kostnad: kr 829 500,-**  
**Søknadsbeløp: kr 160 000,- i tilskot.**



Me driv med produksjon og sal av bunadsølv, agenturverksamheit og gull/ sølv/ gåveforretning.

Butikk og monteringsverkstad har vore på Hosteland, medan hovudproduksjonen, reparaasjonsverkstaden og kontora har vore i Ytre Haugsdal, med lager på Risnes. Det seier seg sjølv at det er små moglegheiter til å vakse vidare, utan å få samla alt på ein plass.

### Investeringa

Etter fleire år med leiting, var me så heldige å få lokalitetar hjå Magnar Ulvatn, der det tidlegare var kafé og pub. Lokalitetane var i ein slik forfatning, at heile 230 m<sup>2</sup> måtte totalrenoverast. Her har me rive ut alt som var der, og bygd opp veggar, tak og golv, med det mål å få til eit tilfredsstillande lokale, for både tilsette og kundar. Me har fått leige lokala rimeleg, i 5+5 år, mot at me tar kostnadane med oppussinga.

For at butikken/ verkstaden skal fungera tilfredsstillande, må me ha produksjon i all død tid. Difor har me laga verkstad og kontor med vinduløysingar, slik at det er oversiktleg og kanskje spennande for kundar å sjå verkstaden i aksjon. Me vil byggje ein ”gamal” verkstadplass i butikken, både for miljø og effektive arbeidsdagar.

Kaffibar med lekekrok. Til ein koseleg prat eller tilfeldig møte på butikken. God kaffi, med mange typar å velje i.

Butikk med kaffibar og toalett er ferdig. Lunsj rom, monteringsverkstad og lager er delvis ferdig, medan deler av lageret, gamal verkstadløyising i butikken, kontora og produksjonslokala gjenstår.

### Finansiering

Etter drøfting med vår revisor, finansierar me dette over drifta, då vår likviditet er god. Men me ser at arbeidet blir større enn me først hadde rekna med. Det er mykje pengar å investera i eit hus som me ikkje eig sjølv, men me ser nødvendigeita av det for å få tidsmessig lokal som dekkjar dagens krav både for kundar og tilsette. Me håpar og at investeringa vår gjev litt ny giv for Hosteland som senterfunksjon, og tillet oss difor å søkje kraftfondet om eit tilskot. Total investering vil bli avskrive over leigekontraktens tid. Til orientering har me ikkje kalkulert inn alle dugnadstimane som er i tillegg.

### Budsjett prosjekt Hosteland

Byggjemateriale	kr 85 000
Tak	kr 40 000
Ventilasjon	kr 70 000
Golv	kr 66 000
Kjøkken/lunsjrom	kr 28 000
Kaffibar/ toalett/lek	kr 55 000
Elektrikar/ lysarmaturer	kr 40 000
Tømrararbeid	kr 45 500
Arbeid utført, lønningført	kr 180 000
Butikk innreiing	kr 50 000
Handverktøy til 2 nye arb.plassar	kr 70 000
Nytt produksjonsutstyr	kr 100 000
<b>Total investering</b>	<b>kr 829 500</b>

Når alt er ferdig reknar me med å tilsette to personar til, ein 100% stilling, og ein lærling. Me ser fram til positiv behandling av vår søknad.

Selskapet i sin noverande form har ikkje fått støtte gjennom kraftfondet, men Karen M. Sleire har tidlegare fått støtte både i form av tilskot og lån gjennom kraftfondet.


Vedlagt søknaden finn ein rekneskap for åra 2005-07.

## VURDERING

Det vert søkt om støtte/tilskot som utgjer litt under 20% av den totale investeringa på kr. 829.500,-. Tiltaket er positivt for Hostelandsområdet spesielt og for kommunen elles som kan ha eit slikt tilbod i nærområdet.

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemdar, fremja etablering av nye verksemdar og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Karina design og agenturer AS reknar med å tilsette to personar til, ein 100% stilling, og ein lærling.

Rekneskapen for Karina design og agenturer AS for åra 2005-07 viser eit selskap som driv bra – med positiv omsetningsutvikling, høg resultatgrad og driftsresultat i 2007 på nær 2,4 mill.kr. Eigenkapitalandel balansen på 66%, langsiktig gjeld med under 3%. God arbeidskapital og likviditet. = solid selskap.



Frie midlar til fordeling ved 2.tildeling 2008 er forholdsvis liten i forhold til søknadsomfanget – slik at ein ikkje kan innvilga søknaden fullt ut. Karen M.Sleire har tidlegare fått støtte gjennom kraftfondet.

Ein tilrår at Karina design og agenturer AS får eit tilskot med kr. 50.000,- gjennom kraftfondet til investering i lokale og utstyr.

## KONKLUSJON

Karina design og agenturer AS får eit tilskot med kr. 50.000,- gjennom kraftfondet til investering i lokale og utstyr.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	025/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	102/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/836
----------------	---------------------

### SAK 102/08 - SØKNAD OM LÅN OG TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL PRODUKSJON/SAL AV SLAKTEKYLLING - LEIF BJARNE KVINGE

#### KS-102/08 VEDTAK:

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til Leif Bjarne Kvinge gjennom kraftfondet ut i frå at prosjektet er i strid med § 2 4.ledd i vedtektene for kraftfondet. Det vert gjeve eit lån på kr. 120 000,-.
2. Det er stor pågang av søkjarar i år som gjer at det må prioriterast sterkt kven som får tilskot.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Heimel for vedteket:

Vedtektene for kraftfondet § 2.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

**Kari Skår Sørheim** synte til sak 108 der kraftfondsstyret gjorde om på administrasjonen sitt framlegg og gav tilskot.

Dersom kommunestyret opprettheld vedtaket frå kraftfondsstyret i sak 108 vil KrF gjera framlegg om kr. 40.000 i tilskot til Leif Bjarne Kvinge og. Det er viktig at ein behandlar bøndene våre likt. Sørheim ba om gruppemøte før avrøysting.

**Frode Langhelle, H**, sa han ser at her er kan vera ulik behandling og det er lett for at ein gradvis tøyser retningslinene i kraftfondet.

Han sa at Høgre støttar administrasjonen sitt framlegg.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at det var Sp som tok opp dette i kraftfondsstyret. Intensjonen var å behandla søkjarane likt.

Kan gjerne vera med KrF på å yta tilskot i denne saka dersom dei gjer framlegg om det.

**Leila T. Andvik, V**, sa at dette er ei prinsipiell sak. I ein liten kommune som vår er det viktig å følgja retningslinene til kraftfondet.

Venstra støttar Høgre og går for administrasjonen sitt framlegg.

**Liv Oda Dale, Ap**, sa at Ap har drøfta begge desse sakene og sett dei opp mot einannan. Det er viktig at det er forutsigbarheit i ein liten kommune.

Ber om gruppemøte før røysting.

**Senterpartiet v/Vigdis Søvik** gjorde framlegg om eit tilskot på kr. 25.000 til Leif Bjarne Kvinge og eit lån på kr. 120.000.

Det vart no gruppemøte.

**Frode Langhelle, H**, sette fram fellesframlegg frå Høgre, Ap og Venstre:  
Opprettheld rådmannen/kraftfondsstyret sitt framlegg.

**Røysting:**

Framlegget frå Sp og fellesframlegget vart røysta opp mot einannan.

**Kraftfondstyret si tilråding fekk 11 røyster mot 6 røyster (KrF, FrP og SP)**

**KRFT-025/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til Leif Bjarne Kvinge gjennom kraftfondet ut i frå at prosjektet er i strid med § 2 4.ledd i vedtektene for kraftfondet. Det vert gjeve eit lån på kr. 120 000,-.
2. Det er stor pågang av søkjarar i år som gjer at det må prioriterast sterkt kven som får tilskot.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Heimel for vedteket:**

Vedtektene for kraftfondet § 2.

**Utskrift til:** Leif Bjarne Kvinge, 5981 Masfjordnes  
Kommunekassa

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til Leif Bjarne Kvinge gjennom kraftfondet ut i frå at prosjektet er i strid med § 2 4.ledd i vedtektene for kraftfondet. Det vert gjeve eit lån på kr. 120 000,-.
2. Det er stor pågang av søkjarar i år som gjer at det må prioriterast sterkt kven som får tilskot.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Heimel for vedteket:**

Vedtektene for kraftfondet § 2.

**Utskrift til:** Leif Bjarne Kvinge, 5981 Masfjordnes  
Kommunekassa

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.11.2008	Leif Bjarne Kvinge	Søknad om lån og tilskot frå kraftfondet til produksjon og sal av slaktekylling
3	U	17.11.2008	Leif Bjarne Kvinge	Vedk. søknad om lån og tilskot frå kraftfondet til produksjon og sal av slaktekylling

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det vert søkt om lån og tilskot frå kraftfondet til vedlikehald / fornying av slaktekyllinghus.

### FAKTA

Leif Bjarne Kvinge  
Landbruk  
Produksjon og sal av slaktekylling.

#### Det vert søkt om:

Lån kr. 170 000  
Tilskot kr. 80 000

#### Søknadsføremål:

Bygningsmessige investeringar og maskiner/ driftstilbehør.  
Har verksemda tidlegare motteke lån og/ eller tilskot frå kraftfondet: Nei.

#### Eigartilhøve leiing:

Personleg selskap: Ja.

#### Søknadsprosjekt:

Investeringa/ prosjektet totale kostnad kr. 333 000.  
Kort grunngjeving for investeringa/ prosjektet:  
Eg etablerte slaktekyllingproduksjonen i 1989. Det vart bygd opp eit nytt anlegg i frå grunnen. Etter 15 år var det eit omfattande behov for fornying. Dette med bakgrunn i slitasje og nye krav til produksjonsutstyr.  
Dei tre siste åra har eg fornya del for del. No er det behov for å leggja om oppvarminga i frå el-diesel til bioenergi. Opplastingssystemet for levering av kylling må også byggast om.  
Endring av energikjelda vil og gje omfattande kostnadsparing.

#### Tryggleik pant:

Pant i fast eigedom: /  
Eigar av eigdommen: Leif Bjarne Kvinge.  
Eigdommen`s Gnr. 37. Bnr. 78.  
Når lånet skal sikrast med pant, oppgje noverande hefte på pantet:  
Innovasjon Noreg låne nr. 52601250  
Restlån okt. 2008 kr. 74 340.

#### Finansieringsplan:

Kredittinstitusjon	Beløp
Lån kraftfondet	kr 170 000

Tilskot kraftfondet	kr 80 000
---------------------	-----------

Eigenkapital	Beløp
Kontantinnskot	kr 83 000
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>kr 83 000</b>
<b>Total sum finansiering</b>	<b>kr 333 000</b>

### Økonomi

Omsetning og resultat sank betydeleg ifrå 2004 til 2005. Dette kjem seg av at eg då skjøtte garden over på Erik Kvinge. Etter det er det berre kyllingproduksjonen eg sit igjen med.

Driftsresultatet er i midlartid noko unaturleg låg dei siste tre åra grunna ein del vedlikehald og oppjusteringar av driftsapparatet. Det er også noko auke i maskinleige som skuldast leasing av utstyr. Dette vil vera utløyst om ca. 1,5 år.

Post 2244 under gjeld er eit elcon lån på privatbil. Dette er løyst ut no i haust.

### Framtidig drift

Driftsomfanget vert i same storleik som det har vore dei siste åra. Overgong i frå elektrisitet og diesel i oppvarminga til trevirke vil redusera kwh prisen vesentleg. Anlegget brukar ca. 120 000 kwh i året. Med dagens kwh pris på straum vil ein oppnå ei innsparing på ca. 70 000 pr. år, ved overgong til biobrensel. Når leasingperioden er utgått vil resultatet ytterlegare forbetre seg.

### Sal

Som medlem i samverkeføretaket Nortura, har ein varig leveringsavtale.

### Kostnadsoverslag

<i>Ombygging prod. Hus</i>			
Betong	kr 27 000		
Takstolar	kr 23 000		
Sutak	kr 4 000		
2 "x6"	kr 11 000		
Asfaltpl.	kr 4 000		
Kledning	kr 18 000		
Gipspl.	kr 6 000		
Mineralull	kr 13 000		
Dør	kr 5 000		
Div. bygg. Art	kr 10 000		
Port	kr 30 000		
El. Innst.	kr 10 000		
Arbeid	kr 50 000		
<b>Sum</b>	<b>kr 211 000</b>		<b>kr 211 000</b>
<i>Varmeanlegg</i>			
Forbrenningsomn	kr 50 000		
Div. koplingsdelar	kr 10 000		

Kalorifer	kr 25 000		
Montering	kr 5 000		
<b>Sum</b>	<b>kr 90 000</b>		<b>kr 90 000</b>
<i>Ventilasjon</i>			
Vifte	kr 12 000		
Vent. Kassetar	kr 10 000		
Lysspjeld	kr 5 000		
Montering	kr 5 000		
<b>Sum</b>	<b>kr 32 000</b>		<b>kr 32 000</b>
<b>Total kostnad</b>			<b>kr 333 000</b>

## VURDERING

### § 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemdar og kommunen.

Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

I 2008 har det vore stor pågang med søknader til kraftfondet. Søkjar har ikkje motteke tilskot frå kraftfondet tidlegare. Då ein innafor landbruket har ein del støtteordninga elles, samt at landbruket fell inn under § 2 (4.ledd) (Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast), er søknaden i strid med vedtektene til kraftfondet. Søknaden har difor ikkje fyrste prioritet når det er mange søknader. På bakgrunn av dette bør det ikkje gjevast noko tilskot.

## KONKLUSJON

Ein tilrår difor at det ikkje vert gjeve tilskot gjennom kraftfondet til vedlikehald / fornying av slaktekyllinghus, då det er i strid med §2 4.ledd i vedtektene for kraftfondet. Det vert gjeve eit lån på kr. 120 000,-

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	024/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	103/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/827
----------------	---------------------

### SAK 103/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL ANLEGGsverksemd - GUNNAR TRÆDAL

#### KS-103/08 VEDTAK:

1. Gunnar Trædal får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i utstyr.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Kari Skår Sørheim var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.  
Det er no 16 medlemmer tilstades under handsaming av denne saka.

**Tilrådinga frå Kraftfondsstyret/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### **KRFT-024/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Gunnar Trædal får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i utstyr.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel



Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Gunnar Trædal, Furebotten, 5983 Haugsvær

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Gunnar Trædal møtte for å presentera og utdjupa søknaden sin.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Gunnar Trædal får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i utstyr
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Gunnar Trædal, Furebotten, 5983 Haugsvær

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	17.11.2008	Gunnar Trædal	Vedk. søknad om tilskot frå Kraftfondet til anleggsverksemd
1	I	30.11.2008	Gunnar Trædal	Søknad om tilskot frå Kraftfondet til anleggsverksemd

**SAKSUTGREIING:**

**BAKGRUNN**

Det vert søkt om 200.000,- i tilskot til utstyr m.m. Som kjend er aktiviteten i anleggsbransjen for tida på veg nedover. For å sikre sysselsetjing for firmaet har eg difor valt å satsa på vintervedlikehald av vegnettet. Eg har i den samanheng inngått 5.års kontrakt med Nordhordland transportkontor om brøyting av 2 rodar. (Kringla – Mollandseid – Solheim, og Haugsdal – Matre – Stordal – Hestfossen.). Dette er ei utviding av arbeidsområdet som krev investering i ein del forholdsvis kostbart utstyr som det vert søkt om støtte til.

## FAKTA

Gunnar Trædal, har drive som entreprenør og arbeid innan anleggsverksamheit sidan 1998, føretaknr. 969478838. Det vert søkt om kr. 200 000 i tilskot til søknadsføremaal: maskiner/ driftstilbehør. Verksemda har ikkje tidlegare motteke lån/tilskot frå kraftfondet. Selskapet er organisert som eit personleg selskap v/Gunnar Trædal, 56 år, 40 års erfaring.

Investeringa/ prosjektet totale kostnad kr. 1 286 540.

Hjullastar	470 000 kr
Snøfres	75 000 kr
Plogar	221 540 kr
Strøpparat	95 000 kr
Firehjulstrekt lastebil	425 000 kr
<b>Til saman</b>	<b>1 286 540 kr</b>

Alt utan m.v.a.

### Finansieringsplan:

Masfj. Næingsfond	200 000 kr
SG Finans	285 000 kr
Sparebanken Vest	550 000 kr
Sum eigenkapital	251 540 kr
Total sum finansiering	1 286 540 kr

### Budsjett for investeringa:

#### Inntekt:

Berdeskap	Kr 480 000
200 timar a.kr. 617, 50	Kr 123 500
120 timar a.kr. 997,50	Kr 119 700
3000 km a.kr. 32,00	kr 96 000
3000 km a.kr. 26,50	kr 79 500
<b>Til saman</b>	<b>Kr 898 700</b>

Til eige arbeid Kr. 194 700

#### Utgifter:

Diesel	Kr 100 000
Vedlikehald	Kr 100 000
Lønnsutgifter	Kr 300 000
Renter og avdrag	Kr 204 000
<b>Til saman</b>	<b>Kr 704 000</b>

Kontrakt for underentreprise og rekneskapen dei 3 siste åra er med som søknadsvedlegg.

## VURDERING

Transportnæringa er eit område som i utgangspunktet fell utafør kraftfondet og ordninga med offentleg støtte i sin heilskap. Dette ut i frå problem med konkurransevidane forhold – støtte ulovleg og heimla i internasjonale avtalar (EØS-avtalen).

Ut i frå storleik på investering – skulle den etter vedtektene vore til Innovasjon Norge (IN), men ein veit at IN ikkje gjev støtte til dette føremålet – slik at det er eit unødvendig krav til søkjaren.

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Gunnar Trædal vel innafor dette, men omsyn til å sikre eksisterande verksemd. Det framgår ikkje av søknaden om investeringa dannar grunnlag for fleire arbeidsplassar.

Rekneskapen for Gunnar Trædal for åra 2005-07 viser eit selskap med positiv omsetningsutvikling (frå ca. 1,3 mill.kr. 2005, nær 1,4 mill.kr. i 2006 til nær 1,8 mill.kr. i 2007), men låg resultatgrad og driftsresultat.

Støtte til transportmiddel som lastebil & hjullastar fell i utgangspunktet utafor støttegrunnlaget i kraftfondet. Ein står då att med utstyr som

Snøfres	75 000 kr
Plogar	221 540 kr
Strøpparat	95 000 kr
<b>Til saman</b>	<b>391 540 kr</b>

Ein er i utgangspunktet usikker på om ein bør gå inn på støtte til slikt utstyr. Dette kan opne for at mange kan vere berettiga støtte til same føremål. Dette bør kraftfondsstyre vurdere spesielt, og om det evt. bør inn spesifisering i vedtektene for kraftfondet.

Frie midlar til fordeling ved 2.tildeling 2008 er forholdsvis liten i forhold til søknadsomfanget – slik at ein ikkje kan innvilga søknaden fullt ut. Gunnar Trædal har ikkje tidlegare fått støtte gjennom kraftfondet.

Ein tilrår at Gunnar Trædal får eit tilskot med kr. 50.000,- gjennom kraftfondet til investering i utstyr.

## KONKLUSJON

Gunnar Trædal får eit tilskot med kr. 50.000,- gjennom kraftfondet til investering i utstyr.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	021/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	104/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/808
----------------	---------------------

### SAK 104/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL FRISØRSALONG - V. HJARTHOLM

#### KS-104/08 VEDTAK:

1. Veronica´s hårdesign får eit tilskot på kr. 30.000,- til etablering av frisørsalong.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilrådinga frå Kraftfondsstyret/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KRFT-021/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Veronica´s hårdesign får eit tilskot på kr. 30.000,- til etablering av frisørsalong.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Veronica Hjartholm, 5983 Haugsvær

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Veronica´s hårdesign får eit tilskot på kr. 30.000,- til etablering av frisørsalong
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. &amp; 5

**Utskrift til:**

Veronica Hjartholm, 5983 Haugsvær

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.10.2008	Vernoica`s Hårdesign	Søknad om tilskot frå kraftfondet til frisørsalong
3	U	17.11.2008	Vernoica`s Hårdesign	Vedk. søknad om tilskot frå kraftfondet til frisørsalong

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det vert søkt om 80.000 i tilskot gjennom kraftfondet til frisørsalong.

### FAKTA

Namn: Veronica`s hårdesign

Adresse: 5983 Haugsvær

Kontaktperson: Veronica Hjartholm

Bransje: Frisør

Etableringsår: 2008

Telefon: 97149653

Føretaksnummer: 993191949

Kort beskriving av verksemda; Klypper hår og seljer hårprodukter

Det vert søkt om: tilskot kr. 80 000 → viser til § 5 vilkår for stønad til maskiner/driftstilbehøyr. Verksemda har ikkje tidlegare motteke lån og/eller tilskot frå kraftfond.


Personleg selskap

Leiinga i verksemda:

Veronica Hjartholm. 28 år. Utdanna dame/herre frisør og makeup artist. Praksis: Visit your hair 2002-2008

### Investeringsplan;

Salong Service	kr 37 626,00
Tendenz	kr 26 542,50
Skilt	kr 750,00
Resepsjon	kr 1 900,00
Kasseapparat	kr 3 750,00
Betalingsterminal	kr 1 975,00
Div utstyr	kr 15 000,00
Sakser	kr 7 000,00
Maskiner	kr 1 500,00
Føhnar/Krølltang	kr 1 300,00
Barnestol	kr 600,00
Telefon	kr 1 995,00
Sum	kr 99 937,50



## Finansieringsplan for investeringa;

Sparebanken Sogn og Fjordane kr 75 000

## Eigenkapital:

Kontantinnskot kr. 25 000

Eigene materialar kr 2 500


Eige arbeid kr 9 375

Sum eigenkapital kr 36 875

Total sum finansiering kr 111 875

## Driftsutgifter pr. år;

Telefon	kr 7 200,00
Lån	kr 30 000,00
Husleige	kr 12 000,00
Straum	kr 6 000,00
Betalingsterminal	kr 8 280,00
Rekneskapsførar	kr 10 000,00
Forsikring	kr 4 000,00
Div. utgifter	kr 5 000,00
Sum	kr 82 480,00



### Driftsinntekter pr. år;

Behandling	kr 300 000,00
Produkter	kr 60 000,00
Sum	kr 360 000,00

### Sal/marknaden til verksemda;

- 1 Versemda sine viktigaste kundegrupper er alle. Alle treng ein klypp.
- 2 Marknadsføring:
  - Interjuv med avisa Nordhordland
  - Oppslag på butikkar på Hugsvær og Brekke.
  - Flyers i post til alle husstandar på Matre, Solheom, Kalhovda og Brekke.
- 3 Konkurrenter:
  - Edda Frisør på Brekke.
  - Fixit på Hosteland.

### VURDERING

Det vert søkt om støtte til etablering av ny frisørsalong på Haugsvær. Tiltaket inneber at søkjar med familie flyttar attende til kommunen.

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemdar, fremja etablering av nye verksemdar og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Dette tiltaket fell klart inn under det overordna målet med kraftfondet.

Kommunen v/kraftfondet har etter kvart gitt støtte til ein del frisørsalongar – stønadssummen har vore 30.000,- i ein del år no. Pris- og kostnadsvekst tilseier at det kan vere grunn til å sjå på denne satsen – for eksempel med ei heving til 40.000,-. Når ein ser på investeringsplanen – om lag 100.000,-, er dette forholdsvis lågt, og med basis i at ein legg til grunn 25% av investeringskostnadene som støttegrunnlag, tilrår ein at søkjar får eit tilskot gjennom kraftfondet med 30.000,-.

### KONKLUSJON

Det vert gitt eit tilskot på kr. 30.000 til etablering av frisørsalong.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	023/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	105/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/828
----------------	---------------------

### SAK 105/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL TAXIKØYRING I INDRE MASFJORDEN - ØRJAN LANGHELLE

#### KS-105/08 VEDTAK:

1. Ørjan Langhelle får eit tilskot på kr. 40.000,- til etablering av eigen arbeidsplass.
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Kari Skår Sørheim var no tilbake i møtet.

Frode Langhelle spurde om han var ugild i denne saka sidan han er onkel til søkjar.

Per Einar Langhelle spurde om han er ugild i denne saka sidan han er fetter til søkjar.

Ordførar gjorde framlegg om at Frode Langhelle og Per Einar Langhelle var gilde. Dette fekk samrøystes tilslutnad.

**Tilråding frå kraftfondsstyret/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### **KRFT-023/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Ørjan Langhelle får eit tilskot på kr. 40.000,- til etablering av eigen arbeidsplass.
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Ørjan Langhelle, 5984 Matredal

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Ørjan Langhelle får eit tilskot på kr. 40.000,- til etablering av eigen arbeidsplass
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. &amp; 5

**Utskrift til:**

Ørjan Langhelle, 5984 Matredal

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.10.2008	Ørjan Langhelle	Søknad om tilskot til taxikøyring i Indre Masfjorden
3	U	17.11.2008	Ørjan Langhelle	Vedk. søknad om tilskot til taxikøyring i Indre Masfjorden

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Det vert søkt om 150.000 i støtte gjennom kraftfondet i samband med overtaking av taxiløyve og innkjøp av bil.

**FAKTA**

Namn: Ørjan Langhelle. Etableringsår: 2008. Føretaksnummer: 993221805. Personleg selskap. Leiinga i verksemda: Ørjan Laghelle. 28 år. Blmekanikar: 10 år. Sertifikat: A-B-C-CE-D-DE. Kort beskriving av verksemda; Taxi kjøring løyve 106 Indre Masfjorden

Det vert søkt om: tilskot kr. 150000 → viser til § 5 vilkår for stønad til maskiner/ driftstilbehøyr. Verksemda har ikkje tidlegare motteke lån og/eller tilskot frå kraftfond.

Kostnad etablering (kontrakt bil vedlagt søknad) kr 470 000

Finansiering av investeringa;

Sparebanken Sogn og Fjordane


kr 370 000

## Eigenkapital:

Kontantinnskot løyve	kr. 75 000	
Eigne materialar bil	kr 25 000	
Sum eigenkapital		kr 100 000

Total sum finansiering kr 470 000

Ørjan reknar med ei omsetjing på om lag 450.000,- årleg, og med følgjande driftsutgifter



Som vil gje eit netto driftsresultat på om lag 270.000,-.

## VURDERING

Det vert søkt om støtte til kjøp av bil i samband med overtaking av taxiløyve. Ved sist revidering av vedtektene pr. den 23.09.2008 vart det gjort ei endring som medfører at transportmiddel (herunder bil) fell i utgangspunktet utafor det som kraftfondet gjev støtte til. Endringane skulle gjelde frå og med 1.10.2008.

Ørjan viser i søknaden til § 5 for bedriftsutvikling med støtte inntil 75% ved bedriftsutvikling. Støtte til bedriftsutvikling har eit tak på 40.000,- jf. tidlegare og reviderte vedtekter.

Det er gitt støtte til nokre taxiår i Masfjorden knytt til ekstrautgifter i samband med handicap-transport. Ein søkjar fekk støtte til dette kriteriet, i tillegg til etableringsstøtte.

Ørjan Langhelle viser ikkje til noko meirutgifter knytt til handicap-transport.

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemdar, fremja etablering av nye verksemdar og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Ved vurdering av støtte legg ein til grunn støtte i form av bedriftsutvikling, og ikkje støtte til investering i bil. Ein tilrår at det vert gitt etableringsstøtte i tråd med retningslinene for kraftfondet, § 2 – under eksempel på prosjekt som kan få støtte, og fullt støtte til føremålet, dvs. tilskot med kr. 40.000,-.

## KONKLUSJON

Det vert gitt bedriftsutvikling/etableringsstøtte med eit tilskot på kr. 40.000 frå kraftfondet til Ørjan Langhelle.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	027/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	106/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1, N-611	Arkivsaknr.: 08/871
-----------------------	---------------------

### SAK 106/08 - SØKNAD OM TILSKOT - FORSTUDIE TIL NYTT HOTELL I STORDALEN

#### KS-106/08 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune yter eit tilskot på kr. 100.000,- til forstudie for nytt hotell i Stordalen.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

**Tilråding frå kraftfondsstyret/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### **KRFT-027/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Masfjorden kommune yter eit tilskot på kr. 100.000,- til forstudie for nytt hotell i Stordalen.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Forprosjekt nytt hotell Stordalen, v/Petter Sortland, Høyanger næringsutvikling as, 6993  
Høyanger

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Masfjorden kommune yter eit tilskot på kr. 100.000,- til forstudie for nytt hotell i Stordalen
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Forprosjekt nytt hotell Stordalen, v/Petter Sortland, Høyanger næringsutvikling as, 6993  
Høyanger

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	18.11.2008	Høyanger Næringsutvikling AS	Søknad om tilskot - Forstudie - hotell i Stordalen

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Masfjorden kommune har motteke søknad om støtte gjennom kraftfondet med kr. 100.000,- for gjennomføring av eit forprosjekt kring planar om nytt hotell i Stordalen. Stordalen Fjellstove har i dag for liten kapasitet til å kunne drivast lønsamt. Dersom det er grunnlag for eit nytt hotell, vil Fjellstova i framtida bli brukt som "avlastingshotell" når det er behov for dette. Fjellstova sysselsett i dag 2 årsverk, og leiger inn ekstrahjelp ved behov. Omsetningen er på om lag 2,5 MNOK/år (2007). Forprosjekt/studie er kalkulert til kr. 600.000,- samla.

## FAKTA

Til arbeid med forprosjektet er det oppretta ei arbeidsgruppe med desse deltakarane: Hans Henrik Fanebust (noverande eigar av Stordalen Fjellstove), Oddvar Østerbø, (grunneigar i området), Steinar Østerbø, (investor), Bjørnar Vik, (investor) og Petter Sortland (skrivar). Hans Henrik Fanebust er leiar i gruppa.

Arbeidsgruppa vil først få utarbeidd ein forstudie, som skal avklare om prosjektet er mogeleg å realisere. HNU v/ Petter Sortland vil stå som søkjar av midlar – og vere den som tek seg av alt ansvar kring gjennomføring av forstudien.

Det nye hotellet er planlagt med følgande romprogram:

- 40 gjesterom
- konferansesal
- 4 grupperom
- Matsal med kapasitet til 100 personar
- Restaurant med kapasitet til 200 personar

Sjå vedlagte planskisser. Fasadane kan verte endra. Nye teikningar er under arbeid.

Stipulert byggeareal 2.000 m<sup>2</sup>.

Stipulert kostnad 30-35 mill.

Det er inngått intensjonsavtale om kjøp av tomt 15 dekar for hotellet.

Arkitektfirmaet Bjerk & Bjørge AS er engasjert som arkitekt.

Byggestart 2010 / 2011.

Forstudien må femne kring ein marknadsanalyse.

I tillegg vert det arbeidd med å få inn investorar i prosjektet, med sikte på å reise aksjekapital på min. 9 MNOK. Budsjett for forstudien er stipulert til kr. 600.000,-.

Arbeidsgruppa bidreg med kr. 100.000,- av dette. Ein har og fått munnleg lovnad frå BKK om at dei bidreg med kr. 100.000,- til forstudien. I tillegg søkjer ein kommunane Høyanger (HNU) og Masfjorden og Innovasjon Norge, om tilskot til å fullfinansiere forstudien (sjå finansieringsplan).

### **Litt info om Stordalen;**

Kraftutbygginga starta tidleg på 1950 talet med utbygging i Stordalen, med veg fram og driftstunell til Matre. Bygging av dam på Stordalsvatnet og Krokevatnet med tilførselstunellar frå både aust og vest.

Stordalen er innfallsporten til Stølsheimen frå vest, med m.a. merka løype til Vardedalsbu. Historia til Stordalen Fjellstove vart presentert i møtet mellom partane i Stordalen, 01.10.08.

Østerbøgardane i Ikjefjord i Høyanger kommune har drive stølsdrift mest samanhengande fram til om lag 1970 – vi veit ikkje når oppstart, men har avtalar om beiting og ved frå 1850.

Område har infrastruktur som vegar, el-framføring, mobildekning, også tilbod om breiband.

Stordalen har sikre snøforhold med store vidde for turgåing heile året. Svært få område er rasutsett (både snø og stein) område ligg i høgd om lag frå 500 moh til 900 moh.

Gode fiskevatn og mogeleg med både småviltjakt og jakt på hjort –(sjølv sagt etter avtale med grunneigar).

Ny 132kV kraftlinje frå Østerbø-utbygginga i Høyanger kommune skal kablast gjennom Stordalen. Det finns ein intensjonsavtale på at deler av eksisterande 22kV skal leggst i kabel (same grøft som 132kV)

I kommunedelplanen er /skal det avsettast trasè for lysløype sentralt i Stordalen.

I dag er det bygd 200 hytter i fjellområda midt mellom Høyanger og Masfjorden i Stølsheimen. Kommunedelplanen for området (Høyanger og Matre) opnar for nye 200 hytter i planperioden som er på 4 år.

Det er i perioden 2008 -2010 løyvd 18 MNOK til opprusting av fylkesvegen Matre – Stordalen frå Statens vegvesen i Hordaland. Saman med bidrag frå fylke/kommune i Hordland vil totalsummen kunne kome opp i nær 25 MNOK i perioden.

Dei siste åra (2004-2006) har Sogn og Fjordane fylkeskommune brukt i overkant av 40 MNOK på sikring av vegen Førde (i Høyanger kommune) – Stordalen.

Eit nytt alpinanlegg er komme i drift, gjennom m.a. tilskot på 3,5 mill frå "fyrtårnmidlane" frå Hordaland fylkeskommune. Anlegget vert nytta av folk i nordhordalandsregionen, og heilt frå Brekke, Lavik, og Leirvik i hhv. Gulen-, Hyllestad- og Høyanger kommune.

Vegen Matre – Stordalen har i fleire år vore brøytt heile året grunna satsing på reiseliv og ei markert hytteutbygging. Ei arbeidsgruppe frå kommunane i området fekk med seg BKK på laget – og ein utbetra vegen over Fossevatnet, der ein nytta lagra tunellmassar frå anlegg BKK hadde drive i området. I tillegg gjekk Høyanger og Masfjorden kommune inn med 1 MNOK kvar i prosjektet, saman med begge fylkeskommunane. Saman sytte partane for å finansiere til saman 12 MNOK i ny veg. Vegkontoret tok så over ansvaret for heilårs brøyting som ein del av vegpakka.

I kommunedelplan er Stordalen ( felles for Høyanger og Masfjorden ) peika på som eit satsingsområde for turisme og friluftsliv.

Det må også vere eit pluss for BKK at Stordalen kan framstå som eit slikt satsingsområde for turisme og friluftsliv, midt i eit landskap med tung kraftutbygging.

Det skal utgreiast moglegeheitene for eit historisk senter/ opplevevingsenter i eller ved hotellet. Desse tema vil inngå:

Bjørn West –musèet (flytting til Stordalen frå Matre)  
BKK ( historia om kraftutbygginga i Masfjordfjella )  
Stølsdrift i området  
Historia om sandutvinninga i Matre  
Matrehola

Eit historisk senter /opplevingsenter som ein integrert del i det nye hotellet, trur vi vil vere avgjerande for omsetninga ved hotellet, og dermed også lønsam drift.

### **Bjørn West historia;**

I Matre sentrum finn ein i dag Bjørn West-musèet, lokalisert i eit hus frå 1912. Musèet vart opna av Kong Harald V 15. okt 1994 og formidlar saga om den lokale motstandsørsla i Bergen, Nord-hordaland og Ytre Sogn. BW styrkane involverte også mange frå både Bjordalsområde og Ikjefjord, slik at dette er ei felles historie som bør samlast i Stordalen.

Det bør opprettast ei eiga arbeidsgruppe for dette, der også kommunane og BKK er representert.

Bilda under (flyfoto) syner området der det nye hotellet er tenkt plassert. Sjølve tomte ligg i Høyanger kommune, men snakkar vi om få meter i terrenget – er vi i Masfjorden og Hordaland...



## **AKTIVITETAR/BUDSJETT/FINANSIERING**

Arkitekt/øvrige byggtkniske konsulentar;	kr. 350.000,-
Prosjektering dokumentasjonssenter;	kr. 55.000,-
Marknadsgranskning;	kr. 57.200,-
Reiser/synfaringar;	kr. 80.000,-
Diverse/uføresett;	kr. 57.800,-
Sum;	<u>kr. 600.000,-</u>

Dei 3 første forholda er dokumentert i form av konkrete tilbod frå arkitekt & konsulentar



**Finansieringsplan;**

Eigenkapital frå arbeidsgruppa;	kr. 100.000,- *
Tilskot BKK;	kr. 100.000,-
Tilskot Masfjorden kommune;	kr. 100.000,-
Tilskot HNU (private midlar);	kr. 100.000,-
Tilskot IN;	kr. 200.000,-

**Sum finansiert; kr. 600.000,-**

\*Arbeidsgruppa skal også bidra med eigeninnsats i form av eige arbeid i prosjektet.

Kraftfondsstyret fekk ei orientering v/rådmannen under sist kraftfondsstyret om planane og at søknad om støtte ville komme opp som sak i neste møte.

## VURDERING

Stordalen har hatt ei positiv utvikling dei seinare år med vegsikring – vegutbetring – skisenter – stor utbygging av hytter, stabil fjellstovedrift, og vedtak og lovnader om ytterlegare vegutbetring som gjer at området vert enno meir attraktivt.

Noverande fjellstove sysselsett 2 årsverk + ekstrahjelp og har ei omsetjing på om lag 2,5 mill.kr., men fjellstova er for lita til å sikre lønsam drift. Fjellstova er og blir viktig med tanke på å halde Stordalsområde som eit attraktivt område.

Planar om eit hotell i Stordalen, stiller Masfjorden seg positiv til, sjølv om planane for plassering av hotellet vert flytta frå Masfjorden til Høyanger kommune. Eit hotell med større kapasitet på rom, konferansesal – matsal og restaurant – siste med kapasitet opp til 200 personar skapar heilt andre mulegheiter for omsetning og kundegrunnlag, og som vil gje Stordalen eit løft som reiselivsmål.

*Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Ved realisering av hotellplanane legg ein til grunn at dette vil slå positivt ut for Masfjorden kommune, kunne sikre og gje arbeidsplassar til personar i kommunen, gjere kommunen meir attraktiv som bukommune etc.*

Eit forstudie kjem imidlertid i strid med § 2, 5. ledd om at kraftfondet kun kan brukast til støtte av investeringar i varige driftsmidlar. Vidare vart det gjort endringar i vedtektene ved kommunestyrevedtak den 23.09.08 som skulle gjelde frå 1.10.2008 med forenkling av støtteordningane, bedriftsutvikling med inntil 40.000,- og investeringar elles med 200.000,- slik at støtte til denne forstudien skulle hatt eit tak på 40.000,-. Forprosjekt har vi tidlegare gitt støtte til, då under føresetnad om at kraftfondet kun går inn på finansiering av forprosjektet, og ikkje av sjølve realisering av prosjekt. Med dette som utgangspunkt, tilrår ein at omsøkte forstudie – hotell Stordalen – får innvilga søknad om støtte med kr. 100.000,- frå kraftfondet.

## KONKLUSJON

Det vert gitt eit tilskot på kr. 100.000 gjennom kraftfondet til forstudie nytt hotell Stordalen, og kraftfondet er kun aktuelt som finansieringskjelde til forprosjektet og ikkje evt. realisering av hotellbygg i Stordalen.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	022/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	107/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/809
----------------	---------------------

### SAK 107/08 - SØKNAD FRÅ KRAFTFONDET TIL NYTT FIRMA BERG FRITID - HYTTETENESTER/TURISTTENESTER

#### KS-107/08 VEDTAK:

1. Arne Berg får eit tilskot på kr. 40.000,- til etablering av selskapet Berg fritid.
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Tilråding frå kraftfondsstyret/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KRFT-022/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Arne Berg får eit tilskot på kr. 40.000,- til etablering av selskapet Berg fritid.
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

#### Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

#### Utskrift til:

Arne Berg, 5984 Matredal

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Arne Berg får eit tilskot på kr. 40.000,- til etablering av selskapet Berg fritid
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

**Heimel**

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

**Utskrift til:**

Arne Berg, 5984 Matredal

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.2008	Berg Fritid v/Arne Berg	Søknad om tilskot frå kraftfondet til nytt firma - hyttetjenester
2	U	17.11.2008	Arne Berg	Vedk. søknad om støtte gjennom kraftfondet

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Det vert søkt om tilskot med kr. 90.000,- gjennom kraftfondet til etablering av Berg fritid.

**FAKTA**

Søklar er Arne Berg, Bransje: 63.309 turist teneste, etableringsår: 2008

Personleg selskap, føretaksnummer: 993037397.

Leiinga i verksemda: Arne Berg 47 år. Utdanna biolog ved Universitet i Bergen 1989.

Praksis: Havforskningsinstituttet, naturvernforbundet, Grong kommune, vore med å etablert Matre Eigedom AS og Stordalen Skisenter AS

Kort beskriving av verksemda;

Hyttetjenester som gjer fritida enklare; tilsyn, service og vedlikehald.

Hytteformidling og utleige, tjen pengar på hytta di.

Skiskule.

Turarrangør.

Det vert søkt om: Tilskot kr. 90. 000

**Søknadsfremål:**

Bygningsmessige investeringar	kr. 0
Maskiner/driftstilbehør:	kr. 184 000
Produktutvikling:	kr. 163 800
Marknadføring:	kr. 73 300
Anna:	<u>kr. 21.066</u>
Investeringa/prosjektet totale kostnad	kr. 442.166

Verksemda har ikkje tidlegare motteke lån og/eller tilskot frå kraftfond.

Kort begrunning for investeringa/prosjektet:

Auka hyttebygging, storleik og endra bruk av hytter og fritid gjev grunnlag for servicetilbud og tilrettelegging av fritidsaktivitetar. Auka tilbod og profesjonalisering er nødvendig for vidareutvikling av f.eks Stordalen som utfartsstad. Prosjektet utnytter fleire nisjer som tilsaman gjev grunnlag for "Berg fritid".

**Finansieringsplan;**

Regionrådet etableringstipend	kr. 20.000
Kraftfondet:	kr 90.000

Eigenkapital:

Kontantinnskot	kr. 100.000
Eige arbeid:	kr 191.625
Over drifta:	kr 40.541
Sum eigenkapital	kr 332.166
Total sum finansiering	kr 442.166

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste 3 åra er ikkje relevant for eit ny starta selskap. Vedk. driftsbudsjett og marknadføringstiltak viser ein til **saksvedlegg**;

- 1) forretningsplan
- 2) brosjyre

elles finn ein informasjon om selskapet på [www.Bergfritid.no](http://www.Bergfritid.no)

**Tilleggsopplysningar til søknaden;**

Auka hyttebygging og dei seinare års investeringar i Stordalen gjer at det no er grunnlag for nye service-tenester som hytteservice, skisklue og tilrettelagte friluftaktivitetar. Det same gjelder hytteformidling og hytteutleige. Ei slik satsing på å fremje Stordalen og indre Masfjorden som utfartsområde er i tråd med kommunen og fylkeskommunen planar og prioriteringar. Eg er tilsett på Havforskningsinstituttet, begynte først i 1989, så att i 1997. Eg har no permisjon for å etablere/drive "Berg fritid". Etter å ha vore med på å etablere Matre eigedom AS og Stordalen skisenter as, har eg lyst og behov for å jobbe med noko praktisk, og få vere ute i friluft. "Berg fritid" gir meg høve til det, samtidig som det vil vere viktig del av ei vidareutvikling av Stordalen som utfartsområde, og sikre grunnlaget for fjellstova, skisenteret og utbyggjarane.

Søkjjar hadde inne søknad om etableringsstøtte frå regionrådet – resultat vart

## VURDERING

Det er utarbeidd ein fyldig forretningsplan for Berg fritid – som følgjer som saksvedlegg, som viser at søkjar har arbeidd grundig med denne etableringa. Det vert søkt om støtte/tilskot som utgjer litt over 20% av den totale investeringa på kr. 442.166,-. Vidare er det og utarbeidd ein brosjyre, som og følgjer som saksvedlegg.

Berg fritid femnar om eit vidt spekter av fritidstilbod og aktivitetar. Potensialet ligg nok der, men ein vil tru at ein del av tenestene og aktivitetane er ein god del konjunkturavhengig. Det er framlagt budsjett som tilseier ei rimeleg bra inntening – det vert kalkulert med ei omsetjing i 2009 på nær 800.000,- og ein høg resultatgrad – som gjev ei nettoinntekt på 460.000,-. Tiltaket er nytt, og Stordalsområdet spesielt/indrefjorden generelt bør vere stort nok til at denne bedriftsetableringa vil lukkast.

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

I tråd med sist revidering av vedtektene for kraftfondet, tilrår eg at søkjar vert vurdert til å få støtte under ordninga bedriftsutvikling. Ein tilrår at Arne Berg får full støtte som denne tilskotsordninga tillet, eit tilskot med kr. 40.000,- gjennom kraftfondet til etablering av Berg fritid.

## KONKLUSJON

Arne Berg får eit tilskot med kr. 40.000,- gjennom kraftfondet til bedriftsetablering.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	03.12.2008	020/08	Laila Nersveen
Kommunestyret	11.12.2008	108/08	Laila Nersveen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/807
----------------	---------------------

### SAK 108/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL NYTT SILOANLEGG - K.A. AREKLETT

#### KS-108/08 VEDTAK:

1. Det vert ikkje gjev tilskot til Knut Audun Areklett til siloanlegg gjennom kraftfondet ut ifrå at prosjektet er i strid med § 2 4. ledd i vedtektene for kraftfondet.
2. Det er stor pågang av søkjarar som heller må prioriterast.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Heimel for vedtaket:

Vedtektene for kraftfondet § 2

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

**Frode Langhelle, H**, gjorde framlegg om å oppretthalda rådmannen sitt framlegg som lyder:

1. *Det vert ikkje gjev tilskot til Knut Audun Areklett til siloanlegg gjennom kraftfondet utifrå at prosjektet er i strid med § 2 4. ledd i vedtektene for kraftfondet.*
2. *Det er stor pågang av søkjarar som heller må prioriterast.*
3. *Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.*

**Willy Borge, Frp**, gjorde framlegg om å oppretthalda vedtaket frå kraftfondsstyret.

Framlegga vart røysta opp mot einannan.

**Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 11 røyster mot 6 røyster. (KrF, Sp og Frp)**

#### **KRFT-020/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Det vert gjeve tilskot på kr 25.000,- til Knut Audun Areklett til siloanlegg.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 3.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Heimel for vedtaket:

Vedtektene for kraftfondet § 2

Utskrift til: Knut Audun Areklett, 5986 Hosteland

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 03.12.2008:**

Saka vart drøft

**Vigdis Søvik, Sp**, gjer framlegg på kr. 20.000 i tilskot til nytt siloanlegg.

Willy Borge, Frp gjorde framlegg om kr. 25.000.

Etter samordning vart det framlegget frå Frp som det skulle røytast over.

Leila T. Andvik opprettheld rådmannen sitt framlegg,

Rådmannen sitt framlegg og Frp sitt framlegg vart røysta mot einannan.

**FrP sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (V)**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til Knut Audun Areklett gjennom kraftfondet ut i frå at prosjektet er i strid med § 2 4.ledd i vedtektene for kraftfondet.
2. Det er stor pågang av søkjarar som heller må prioriterast.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Heimel for vedtaket:**

Vedtektene for kraftfondet § 2

Utskrift til: Knut Audun Areklett, 5986 Hosteland

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.10.2008	Knut Audun Areklett	Søknad om tilskot frå kraftfondet til nytt siloanlegg

**SAKSUTGREIING:**

**BAKGRUNN**

Det vert søkt om tilskot frå kraftfondet til nytt siloanlegg.

**FAKTA**

Knut Audun Areklett

Landbruk

Deltakar i kjøt/mjølkesamdrift

Bygningsforemål:

Bygningsmessige investeringar i nytt siloanlegg.

Har verksemda tidlegare motteke lån og / eller tilskot frå kraftfondet: Ja

Eigartilhøve leiing:

Personleg selskap: Ja

Søknadsprosjekt:

Investeringa / prosjektet sin totale kostnad er kr. 587 500 ,- inklusiv mva.

Kr. 470 000 eks. mva.

Knut Audun Areklett driv med mjølkeproduksjon i samdrift med Kari Areklett. Det vart bygd ny lausdriftsfjøs i 2005/2006 som fungerer godt. Fjøsset vart bygd av Knut Audun og vert leigt ut til samdrifta for ein sum tilsvarende kapitalkostnadane med bygget. Det er Knut Audun som skal bygge ny silo som også skal leigast ut til samdrifta på same måte som driftsbygningen.

Mjølkekvota er på 122.942 liter i 2008/2009 og samdrifta disponerer 171 daa fulldyrka, 9 daa beite og utmarksbeite vert nytta til kviger og sinkyr. Samdriftsdeltakarane har felles fôrproduksjon i samdrifta.

Nytt Silobygg er no planlagt til erstatning for gamle siloar som ikkje lengre er gode nok miljømessig og i forhold til fôrkvaliteten. I tillegg er nytt siloanlegg naudsynt for aukande lagringskapasitet av fôr i framtida.

Søkjar skriv: ”Samdrifta har sidan starten i 2005 hatt ei positiv økonomi og framdriftsutvikling. Mjølkekvoten vert fylt og me leverer årleg dyr til slakt. Største utfordringa vår er no å skaffe nok fôr for å nytta produksjonskapasiteten betre. Dette slit me med, men håpar auka lagringskapasitet i framtida kan føre til at me kan auka slåtteareal i staden for å kjøpa fôr.

Eit anna moment ved silobygginga er at innhaustingstida kan reduserast. Dette er viktig for å bevare fôrkvaliteten, ikkje minst med tanke på varierende vertilhøve i innhaustingstida. Arbeidet ved silolegginga vert og effektivisert. Dette fordi tilgang på stabil arbeidskraft i onnene i framtida er svært usikker.”

Finansieringsplan:

Kredittinstitusjon	Beløp
Tilskot kraftfondet	kr 150 000
Lån Sparebanken	Kr 300 000

Eigenkapital	Beløp
Kontantinnskot (MVA)	kr 117 500
Eige arbeid	Kr 20 000
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>kr 137 500</b>
<b>Total sum finansiering</b>	<b>Kr 587 500</b>

Det er utarbeida ein driftsplan for bruket for perioden 2008 – 2013. I planen står det: ”Med ny fjøs og silo vil bruket vera godt rusta til å drive mjølkeproduksjon i mange år. I driftsplanen er det rekna med ein produksjon på 125.000 liter, men det er kapasitet til å produsere rundt 150.000 liter.



Samdrifta har tilfredsstillande arealressursar, men kunne hatt litt større avlingar. På sikt bør fôrproduksjonen prioriterast og det bør vera eit mål å koma opp i 400-450 Fem pr daa. Behovet for fôrkjøp vert redusert og lønsemda betrast.

Ny silo sikrar miljøinteressene, gjev betre fôr kvalitet og letar arbeidet. Investeringa er framtidsretta og gjer grunnlag for betre drift. Kostnaden er moderat.

Bruket har i planperioden ein tilfredsstillande eigenkapitalprosent. Likviditeten er også stabil i perioden. Alt i alt er det tilfredsstillande økonomi på bruket, og utbygginga kan og bør gjennomførast med dei føresetnadene som ligg til grunn.”

Verksemda sine viktigaste kundegrupper er TINE og Nortura.

## VURDERING

### § 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemdar og kommunen.

Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

Søkjar har tidlegare fått støtte gjennom kommunen v/kraftfondet og innovasjon Noreg til oppføring av lausdriftsfjøset – og har såleis fått ut ein del støttemidlar. Søkjar har søkt om tilskot frå Innovasjon Noreg til dette prosjektet, men har fått avslag. Han har derimot fått rentestøtte frå Innovasjon Noreg til eit lån på kr. 400 000.

I 2008 har det vore stor pågang med søknader til kraftfondet. Då ein innafor landbruket har ein del støtteordninga elles, samt at landbruket fell inn under § 2 (4.ledd) (Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast) bør ikkje søknaden prioriterast.

## KONKLUSJON

Ein tilrår difor at det ikkje vert gjeve støtte gjennom kraftfondet til siloprosjektet, då det er i strid med § 2 4.ledd i vedtektene for kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	100/08	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	11.12.2008	109/08	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-016, N-561	Arkivsaknr.: 07/544
---------------------	---------------------

### SAK 109/08 - NORDHORDLANDSPAKKEN FASE 1 - REVIDERT SØKNAD FRÅ REGIONRÅDET NORDHORDLAND IKS

#### KS-109/08 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune stør Regionrådet Nordhordland IKS sitt arbeid med ein revidert bompengesøknad basert på fasane 1 og 2 i Nordhordlandspakken. Den noverande bompengesøknaden for fase 1 må reviderast når det gjeld innhald, oppdaterast i samsvar med nye kostnadsoverslag, og tilpassast NTP 2010-2019 på ein måte som sikrar positiv handsaming i Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet.

I den reviderte pakken vil Nyborgtunnelen, som tidlegare låg i fase 2 av Nordhordlandspakken, vera ”spydspissen” og hovudprosjektet.

2. Regionrådet Nordhordland IKS får fullmakt til å gjera naudsynte tilpassingar i bompengesøknaden for å sikra regionen optimal utteljing av vegmidlane i NTP 2010-2019.
3. Selskapet Nordhordlandspakken AS vil vera utførande instans i revisjonsarbeidet.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Ordførar orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Willy Borge, FrP**, sa at Frp ikkje kom til å støtta framlegget då det er staten si oppgåve å byggja vegar.

**Vigdis Søvik, Sp**, støttar tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak.

Søvik spurde om Bergen kommune vore invitert med i dette prosjektet.

Ordførar svara at Bergen kommune har gjeve støtte til prosjektet.

#### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak vart vedteke med 15 røyster mot 2 røyster. (Frp)

**FS-100/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Masfjorden kommune støt Regionrådet Nordhordland IKS sitt arbeid med ein revidert bompengesøknad basert på fasane 1 og 2 i Nordhordlandspakken. Den noverande bompengesøknaden for fase 1 må reviderast når det gjeld innhald, oppdaterast i samsvar med nye kostnadsoverslag, og tilpassast NTP 2010-2019 på ein måte som sikrar positiv handsaming i Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet.

I den reviderte pakken vil Nyborgtunnelen, som tidlegare låg i fase 2 av Nordhordlandspakken, vera ”spydspissen” og hovudprosjektet.

2. Regionrådet Nordhordland IKS får fullmakt til å gjera naudsynte tilpassingar i bompengesøknaden for å sikra regionen optimal utteljing av vegmidlane i NTP 2010-2019.
3. Selskapet Nordhordlandspakken AS vil vera utførande instans i revisjonsarbeidet.

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, sa at han kom til å røysta i mot framlegget.

**Framlegg til vedtak vart vedteke med 4 mot 1 røyst. (Frp)****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Masfjorden kommune støt Regionrådet Nordhordland IKS sitt arbeid med ein revidert bompengesøknad basert på fasane 1 og 2 i Nordhordlandspakken. Den noverande bompengesøknaden for fase 1 må reviderast når det gjeld innhald, oppdaterast i samsvar med nye kostnadsoverslag, tilpassast NTP 2010-2019 på ein måte som sikrar positiv handsaming i Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet.

I den reviderte pakken vil Nyborgtunnelen, som tidlegare låg i fase 2 av Nordhordlandspakken, vera ”spydspissen” i hovudprosjektet.

2. Regionrådet Nordhordland IKS får fullmakt til å gjera naudsynte tilpassingar i bompengesøknaden for å sikra regionen optimal utteljing av vegmidlane i NTP 2010-2019.
3. Selskapet Nordhordlandspakken AS vil vera utførande instans i revisjonsarbeidet.

**Finansiering****Heimel**

**Utskrift til:**

- Regionrådet i Nordhordland IKS, Pb. 16 5902 Isdalstø
- Osterøy kommune
- Austrheim kommune
- Fedje kommune
- Gulen kommune
- Lindås kommune
- Meland kommune
- Modalen kommune
- Radøy kommune

**Sakstilfang: Vedlagt:**

14	I	17.11.2008	Regionrådet Nordhordland IKS	Samferdslesutfordringar i Nordhordland - ny tilnærming
----	---	------------	------------------------------	--

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/VURDERING**

Syner til vedlagt brev frå Regionrådet Nordhordland IKS dagsett 17.11.08.

Det er no gått vel 4 år sidan den første skissa for gjennomføring av ein "Nordhordlandspakke" på samferdselssida vart handsama av representantskapen i Regionrådet Nordhordland IKS, og eit halvår sidan fylkestinget gjorde følgjande vedtak når det gjeld fase 1 av pakken:

- 1. Fylkestinget sluttar seg til revidert søknad frå Regionrådet for Nordhordland IKS, datert 3. januar 2008 om bompengefinansiering av Nordhordlandspakken fase 1.*
- 2. Fylkestinget tilrår at det lokalt vert arbeidd for å gjennomføre Nyborgtunnelen som bompengeprojekt i fase 2 av Nordhordlandspakken når den statlege medfinansieringa til prosjektet er meir avklart.*
- 3. Med bakgrunn i dei råmene som no ligg inne i forslag til NTP, vil fylkestinget be om at Regionrådet for Nordhordland og kommunane i Nordhordland revurderer føresetnaden i bompengesøknaden om minimum 50 % statleg medfinansiering fram mot handsaminga av handlingsprogrammet for NTP 2010-2019 i fylkestinget våren 2009.*

Regionrådet treng no støtte og ei fullmakt frå kommunane for å kunne arbeida målretta, fleksibelt og optimalt med samansetjinga av ein revidert samferdselspakke som inkluderer fase 1 og fase 2 i Nordhordlandspakken. Pakken vil bli revidert og basert på nye kostnadsoverslag, og han må tilpassast NTP 2010-2019 på ein måte som sikrar positiv handsaming i Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet.

**KONKLUSJON**

Sjå framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	105/08	Frode Vee-Haugen
Kommunestyret	11.12.2008	110/08	Frode Vee-Haugen

Arkiv: N-613, N-614	Arkivsaknr.: 08/831
---------------------	---------------------

### SAK 110/08 - SØKNAD OM SERVERINGS- OG SKJENKELØYVE FOR LENAS KAFE & CATERING

#### KS-110/08 VEDTAK:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavar:  
Lenas Kafe & Catering v/Lena Mårud, 5986 Hosteland
2. Løyvehavar for serverings- og skjenkestaden vert også godkjend som styrar.  
Lenas Kafe & Catering får fritak for krav til avlørsar.
3. Serverings- og skjenkeløyvet omfattar eksisterande lokale/uteareal til Kafe Knuten:  
- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst frå kafe.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Serveringsløyvet er permanent frå dags dato, medan skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.01.2009 til og med 31.03.2012 jfr. alkohollova § 1-7.

#### Finansiering

#### Heimel

Serveringslova og alkohollova med forskrifter

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Wenke Ekren var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

#### Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS-105/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavar:  
Lenas Kafe & Catering v/Lena Mårud, 5986 Hosteland
2. Løyvehavar for servering- og skjenkestaden vert også godkjend som styrar.  
Lenas Kafe & Catering får fritak for krav til avlørsar.
3. Servering- og skjenkeløyvet omfattar eksisterande lokale/uteareal til Kafe Knuten:  
- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst frå kafé.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Serveringsløyvet er permanent frå dags dato, medan skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.01.2009 til og med 31.03.2012 jfr. alkohollova § 1-7.

**Finansiering****Heimel**

Serveringslova og alkohollova med forskrifter

**Utskrift vert sendt:**

Berit H. Kongestøl Taule	5936	MANGER
Lensmannen i Masfjorden	5986	HOSTELAND
Rune Lindnes	5957	MYKING
Sosialtenesta	5981	MASFJORDNES
Tor H. Berland	5700	VOSS

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavar:  
Lenas Kafe & Catering v/Lena Mårud, 5986 Hosteland
2. Løyvehavar for serverings- og skjenkestaden vert også godkjend som styrar.  
Lenas Kafe & Catering får fritak for krav til avlørsar.
3. Serverings- og skjenkeløyvet omfattar eksisterande lokale/uteareal til Kafe Knuten:  
- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst frå kafé.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Serveringsløyvet er permanent frå dags dato, medan skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.01.2009 til og med 31.03.2012 jfr. alkohollova § 1-7.

**Finansiering****Heimel**

Serveringslova og alkohollova med forskrifter

**Utskrift vert sendt:**

Berit H. Kongestøl Taule	5936	MANGER
Lensmannen i Masfjorden	5986	HOSTELAND
Rune Lindnes	5957	MYKING
Sosialtenesta	5981	MASFJORDNES
Tor H. Berland	Hardangerveien 536	5700 VOSS

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	31.10.2008	Lenas Kafe & Catering v/Lena Mårud	Søknad om serverings-/skjenkeløyve for Lenas Kafe & Catering
2	U	05.11.2008	Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjaren; Sosialtenesta	Uttale til søknad om serverings- og skjenkeløyve for Lenas Kafe & Catering
3	I	09.11.2008	Politiet v/Ivar Holmaas	Uttale til søknad om serverings- og skjenkeløyve for Lenas Kafe og Catering
4	I	11.11.2008	Masfjorden kommune v/skatteoppkrevjar Mary Hope	Uttale til søknad om serverings- og skjenkeløyve
5	U	17.11.2008	Lena Mårud	Vitnemål for etablerarprøven
6	U	17.11.2008	Lena Mårud	Vitnemål for kunnskapsprøve om alkohollova
7	U	17.11.2008	Lena Mårud	Melding om resultat av etablerarprøve og kunnskapsprøven i alkohollova
9	I	20.11.2008	Sosialtenesta v/Berit Torsvik	Uttale til søknad om skjenkeløyve for Lenas Kafe & Catering

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Lenas Kafe & Catering søker om overføring av eksisterande serverings- og skjenkeløyve til Kafe Knuten ved Knut Tangedal frå og med 01.01.2009.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til og med 31.03.08.

### UTTALE

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 11.11.08 gjeve slik uttale:

”Lena Mårud har vore skattepliktig til Oslo kommune for inntektsåret 2007. Skatteattest frå Oslo kommune ligg føre.

Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til godkjenning av serverings- og skjenkeløyve til Lena Mårud, 5981 Hosteland.”

Lensmannen har i brev datert 09.11.08 gjeve slik uttale:

”Jfr. alkohollova § 1-7, 2. ledd og § 1-7b, 1. ledd har lensmannen ingen merknader til søkjar og styrar.”

Sosialtenesta har i brev datert 20.11.08 gjeve slik uttale:

”Dette er ein søknad om å overta eksisterande skjenkeløyve til Kafè Knuten som har skjenkeløyve for perioden 2008-2012. I sosialtenesta sin uttale ved oppattnying den gongen, jf uttale 27.03.08 tilrådde sosialtenesta å ikkje gje vidare skjenkeløyve.

Den same vurderinga vert òg lagt til grunn for denne uttalen.

Masfjorden sosialteneste kan, utifrå sosiale og helsemessige tilhøve, jf alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden, ikkje tilrå at søkjar får skjenkeløyve.



Masfjorden kommune sin alkoholpolitiske handlingsplan, revidert 13.05.04 har som målsetjing å avgrensa dei skader som alkoholforbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i kommunen.

I planen står mellom anna, sitat: *”Det skal leggjast til rette for å gjera barn og unge sine opphaldstader og nærrområder alkoholfrie. Opphaldstader og nærrområder for barn og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid”*, sitat slutt.

Skjenkeløyve gjeld på dagtid både i kafelokalet og uteskjenking og spesielt sommarhalvåret med bl a båttrafikk vil området vera opphaldstad for barn og unge.”

## FAKTA

Lena Mårud søker om å overta eksisterande serverings- og skjenke løyve til Kafe Knuten: Alle dagar frå kl. 13.00 – kl. 01.00, ikkje alkoholgruppe 3. Slutta lag: Frå kl. 13.00 – kl. 02.00, utvida for alkoholgruppe 1, 2 og 3.

Sidan det er snakk om overdraging av verksemda til Lena Mårud frå og med 01.01.2009 kan ho halda fram på Knut Tangedal sitt skjenkeløyve inntil tre månader, når kommunen er orientert om dette, jfr. alkohollova § 1-10.

### Område for eksisterande serverings- skjenkeløyve:

- Eksisterande kafelokale til Kafe Knuten og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst til kafé.

Alle skjenkestader utan overnatting har skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 – kl. 01.00.

Lena Mårud har greidd etablerarprøven og kunnskapsprøven i alkohollova som Masfjorden kommune har halde den 12.11.2008, og dermed dokumentert tilstrekkeleg kunnskap om drift av serverings- og skjenkestad.

Det er sendt inn meldeskjema for Mattilsynet.

## VURDERING

Rådmannen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgd for serverings- og skjenkestaden som ho no vil overta. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Lensmannen og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at aktuelle søkarar får overta serverings- og skjenkeløyvet.

Ved oppattnying av dei eksisterande skjenkeløyva, kom rådmannen fram til at ingen av skjenkestadene var typiske nærrområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 1.3: *”Opphaldsstader og nærrområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.*

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk. Både barnehage og skule ligg eit godt stykke unna skjenkestaden.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingstilbod, sjå også pkt. 5 i alkoholpolitisk handlingsplan.

Etter ei samla vurdering vil rådmannen gå inn for at Lena Mårud får overta eksisterande serverings- og skjenkeløyve til Kafe Knuten v/Knut Tangedal i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan. Innan for dette tidsrommet kan den enkelte verksemd sjølv avgjera skjenketidene. Som ein konsekvens av dette må reglane i alkohollova handhevast strengt. Det vert ikkje sett aldersgrense for adgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Dei etablerte skjenkestadene har utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag. Rådmannen går inn for at dette også skal gjelda for Lenas Kafe og Catering.

Løyvehavar har dokumentert gode kunnskapar om serveringsverksemd og alkohollova sine reglar, ved at ho har greidd kunnskapsprøvene som kommunen har halde.

## KONKLUSJON

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin frå kl 13.00 til 01.00 alle dagar.

Det vert gjeve uteservering og skjenking på eit nærmare definert område.

Alle skjenkestadene får utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.

Løyvet gjeld for perioden 01.01.2009 til 31.03.12.

Lena Mårud vert godkjend som styrar.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	102/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	111/08	Alf Strand

Arkiv: N-255	Arkivsaknr.: 08/802
--------------	---------------------

### SAK 111/08 - BJØRN WEST MUSEET - KOMMUNAL OVERTAKING

#### KS-111/08 VEDTAK:

Masfjorden kommune vil overta det administrative ansvaret for drifta av Bjørn West-museet frå 01.01.2009. Spørsmålet om framtidig organisering og drift av museet må vera ferdig utgreidd og vedteke av kommunestyret i fyrste halvår 2009. Kommunen føreset at dette utgreiingsarbeidet blir gjennomført i samarbeid med styret.

#### Finansiering

Det må leggst inn ein sum i budsjettet til drift av museet. Dette blir å komma attende til under salderinga.

#### Heimel

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Ordførar orienterte om saka. Det er det administrative ansvaret kommunen skal overta og ikkje stiftinga.

**Tilrådinga frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### FS-102/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune vil overta det administrative ansvaret for drifta av Bjørn West-museet frå 01.01.2009. Spørsmålet om framtidig organisering og drift av museet må vera ferdig utgreidd og vedteke av kommunestyret i fyrste halvår 2009. Kommunen føreset at dette utgreiingsarbeidet blir gjennomført i samarbeid med styret.

#### Finansiering

Det må leggst inn ein sum i budsjettet til drift av museet. Dette blir å komma attende til under salderinga.

#### Heimel

#### Utskrift til:

Bjørn West-museet v/ styret

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at Masfjorden kommune overtek det administrative ansvaret for Bjørn West museet frå 1. jan. 2009.

Saka vart drøfta.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune vil overta det administrative ansvaret for drifta av Bjørn West-museet frå 01.01.2009. Spørsmålet om framtidig organisering og drift av museet må vera ferdig utgreidd og vedteke av kommunestyret i fyrste halvår 2009. Kommunen føreset at dette utgreiingsarbeidet blir gjennomført i samarbeid med styret.

**Finansiering**

Det må leggest inn ein sum i budsjettet til drift av museet. Dette blir å komma attende til under salderinga.

**Heimel****Utskrift til:**

Bjørn West-museet v/ styret

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.10.2008	Bjørn West-museet v/Alf Solheim	Kommunal overtaking av Bjørn West-museet og endring av stiftinga

**SAKSUTGREIING:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.10.2008	Bjørn West-museet v/Alf Solheim	Kommunal overtaking av Bjørn West-museet og endring av stiftinga
3	I	17.11.2008	Bjørn West museet v/Alf Solheim	Innkalling til styremøte i stiftinga Bjørn West museet 3.12.08

## BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Styreleiar Alf Solheim har varsla at han vil gje seg med verknad frå 1. januar 2009. Han har som styreleiar stått for den daglege drifta av museet gjennom fleire år.

Bjørn West-museet er kome til eit vegskilje. Til dessar har museet i stor grad vore drive på entusiasme og dugnad. Styret innser at det ikkje er truleg at ein kan driva vidare på den måten. 4. september d.å vart det halde møte mellom representantar frå styret, styret i venneforeininga og Masfjorden kommune for å drøfta vegen vidare for Bjørn West-museet.

I innkallinga til møtet 4. sept. oppsummerer styreleiaren utfordringane for museet slik:

*Museet treng pengar*

*Styret treng ny leiar*

*Museet må ha ein person i løna stilling, helst ½, i alle fall 1/3 stilling*

*Me må satsa meir på marknadsføring*

*Museet treng fleire omvisarar, desse må få opplæring*

*Utstillingane må fornyast*

På møtet vart det sett ned ei nemnd som skulle arbeida med framtidig organisering av museet. Med i nemnda vart Erling Virkesdal, Kjell Løvik og Alf Strand.

Nemnda hadde møte 6. oktober og kom då fram til at det mest fornuftige vil vera at kommunen i fyrste omgang overtek drifta av museet, anten i form av ei stifting eller som rein kommunal drift. Steg to vil vera å søkja om å komma inn under den konsoliderte museumstenesta i Nordhordland.

Det er viktig å halda oppe drifta av Bjørn West-museet og å fornya utstillingane slik at ein kan dra nye og fleire besøkande. Museet har vore drive på ein god måte til no, men når det minkar på kreftene hjå entusiastane som har halde drifta oppe, må me innsjå at museet må drivast på ein annan måte. No er det viktig å sikra at museet kan vera ope også i framtida. Eit avbrot i drifta vil vera særst uheldig.

Rådmannen ser det slik at det må vera ein person i løna stilling som har ansvaret for drifta av museet. Kor stor stilling dette skal vera, og om me skal sjå denne stillinga i samheng med kommunale stillingar/ behov i dei andre samlingane kommunen har, er noko av det som må utgreiast. Det er ikkje rom for noka stilling innanfor dei årlege inntektene museet har i dag.

Ut frå tidlegare politiske handsamingar av saker som gjeld Bjørn West -museet, har rådmannen grunn til å tru at kommunen vil strekkja seg langt for å sikra ei god framtid for museet. Men det er umogleg å gje ei god og framtidretta utgreiing av saka på den tida som er att fram til årsskiftet. Det er viktig å gjennomføra ein god prosess med dei andre kommunane/eigarane i stiftinga og med museumstenestene/kulturavdelinga i fylkeskommunen. Også forsvaret er ein viktig samarbeidspart. Bjørn West- museet har mange vener, og desse må vi ta vare på slik at dette og kan vera ein styrke for museet i framtida.

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune vil overta det administrative ansvaret for drifta av Bjørn West-museet frå 01.01.2009. Spørsmålet om framtidig organisering og drift av museet må vera ferdig utgreidd og vedteke av kommunestyret i fyrste halvår 2009. Kommunen føreset at dette utgreiingsarbeidet blir gjennomført i samarbeid med styret.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2008	112/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022	Arkivsaknr.: 08/837
--------------	---------------------

### SAK 112/08 - SØKNAD OM FRITAK FOR POLITISKE VERV

#### KS-112/08 VEDTAK:

Kristi Juvik Nybø får fritak for sine politiske verv i Masfjorden kommune som varamedlem til brukarutvalet og 5. vara for Frp til kommunestyret.

Fritaket gjeld frå dags dato.

#### Grunngjeving:

Søkjar har flytta frå Masfjorden kommune.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kristi Juvik Nybø får fritak for sine politiske verv i Masfjorden kommune som varamedlem til brukarutvalet og 5. vara for Frp til kommunestyret.

Fritaket gjeld frå dags dato.

#### Grunngjeving:

Søkjar har flytta frå Masfjorden kommune.

#### Finansiering

#### Heimel

#### Utskrift til:

Kristi Juvik Nybø

#### SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	06.11.2008	Kristi Juvik Nybø	Søknad om fritak for politiske verv

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kristi Juvik Nybø skriv i brev til Masfjorden kommune at ho har flytta frå Masfjorden kommune. Ho søker difor om fritak for sine politiske verv.

### FAKTA

Søklar vart ved sist kommunestyreval i 2007 innvalt som varamedlem til Brukrutvalet og 5. vara til Frp i kommunestyret.

### VURDERING

I kommunelova § 15 pkt 2. står det:

*”Kommunestyret kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet”.*

Det seier seg sjølv at når nokon flyttar frå kommunen er det ikkje lett så skjømte sine plikter som folkevald.

Søklar får difor fritak for sine politiske verv i Masfjorden kommune.

Det må då veljast nytt varamedlem til brukarutvalet. Dette vil bli oppretta eigen sak på.

### KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2008	113/08	Gerd Allis Håheim
Arkiv: N-022.3		Arkivsaknr.: 07/725	

### SAK 113/08 - VAL AV NYTT VARAMEDLEM TIL BRUKARUTVALET FOR RESTEN AV VALPERIODEN

#### KS-113/08 VEDTAK:

Bjørn Egil Nordland er ny varamedlem til Brukarutvalet.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Laila S. Reknes leiar i valnemnda gjorde framlegg på Bjørn Egil Nordland som ny vara til Brukarutvalet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vert lagt fram utan tilråding.

#### Finansiering

#### Heimel

#### Utskrift til:

Den valde



## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	29.10.2007	Valde medlemer og varamedlemer	Melding om vedtak Brukarutval for valbolken 2007 - 2011

## SAKSUTGREIING/VURDERING:

### BAKGRUNN

Kristi Juvik Nybø har bede om fritak for sitt verv som varamedlem til brukarutvalet fordi ho flyttar frå Masfjorden kommune.

### VURDERING

Kommunestyret må no velja nytt varamedlem til Brukarutvalet.

Laila S. Reknes som er leiar i valnemnda får i oppdrag å finna framlegg til person til dette vervet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	02.12.2008	024/08	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	03.12.2008	020/08	Jane Britt Daae
Kommunestyret	11.12.2008	114/08	Jane Britt Daae

Arkiv: N-04	Arkivsaknr.: 08/553
-------------	---------------------

## SAK 114/08 - LÆRLINGANE I MASFJORDEN KOMMUNE

### KS-114/08 VEDTAK:

Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden vert vedteke.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Wenke Ekren var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### AMU-024/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

”Lærlingane i Masfjorden kommune” vert tilrådd vedteke som retningslinjer.

#### Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 02.12.2008:

Hovudverneombod ba rådmannen vurdere om tittelen på dokumentet burde rettast til retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### ADM-020/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

”Lærlingane i Masfjorden kommune” vert tilrådd vedteke som retningslinjer.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”Lærlingane i Masfjorden kommune” vert tilrådd vedteke som retningslinjer.

#### Finansiering

## Heimel

### Utskrift til:

Leiarane

Fagleg ansvarleg/instruktør

Lærlingane

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	07.08.2008	Opplæringskontoret; HTV Fagforbundet og HTV Delta; Oddny Daae, Liv Trædal, Laila S.R Reidun Kvamsdal; Alf Strand Anita Solheim	Høringsrunde: Lærlingane i Masfjorden kommune

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune har hatt lærlingar i fleire år og det er gjort eit kommunestyrevedtak på at me til ei kvar tid skal ha tre lærlingar. I tillegg til lærlingar har me praksiskandidatar og ein TAF-elev. Ved rekruttering av nye lærlingar våren 2008 såg me behov for å auke kunnskapen om lærlingeordninga i verksemda vår.

### HØYRING

I august 2008 vart eit utkast til "Lærlingane i Masfjorden" sendt eit utval av leiarar og faglege ansvarlege/instruktørar som har erfaringar med lærlingar. I tillegg vart hovudtillitsvalte i Fagforbundet og Delta, og Opplæringskontoret i Hordaland involvert. Me fekk to tilbakemeldingar: Frå Laila Solhaug Reknes og Opplæringskontoret. Begge tilbakemeldingane er arbeida inn i dokumentet.

### UTTALE

Retningslinjer for lærlingane har vore tema med dei hovudtillitsvalte i kommunen 22.04.08 og 09.10.08.

### VURDERING

Med retningslinjene vil involverte partar i lærlingeordninga få informasjon og tydeleggjort målsettingane kommunen har vedrørende lærlingar. "Lærlingane i Masfjorden kommune" er eit supplement til Personalreglementet . Det visast til dokumentet i si heilheit.

### KONKLUSJON

**"Lærlingane i Masfjorden kommune" vert tilrådd vedteke som retningsliner.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	103/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	115/08	Alf Strand

Arkiv: N-21, N-210	Arkivsaknr.: 08/860
--------------------	---------------------

### SAK 115/08 - HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA

#### KS-115/08 VEDTAK:

Masfjorden kommune har ingen merknader til høyringsutkastet med framlegg til endringar i Opplæringslova.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Wenke Ekren tiltrådde no møtet att.

Kari Skår Sørheim sa at det er flott å få ei slik sak der kommunestyret kan sjå kva konsekvensar vedtak har som vert gjort sentralt.  
Saka er oversiktleg oppsett.

**Tilråding frå formannskapet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### FS-103/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune har ingen merknader til høyringsutkastet med framlegg til endringar i Opplæringslova.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknader til høyringsutkastet med framlegg til endringar i Opplæringslova.

#### Utskrift til:

Kunnskapsdepartementet

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.11.2008	Kunnskapsdepartementet	Høyring - forslag til endring i opplæringslova og privatskolelova

## BAKGRUNN

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova. Framlegg til endringar gjeld både grunnskulen og vidaregåande opplæring. Sidan kommunen er skuleeigar for grunnskulen, er berre dei endringane som gjeld grunnskulen, tatt med i denne saksutgreiinga. Endringane er omtala i den rekkefølgja departementet legg dei fram.

## FAKTA/ VURDERING

### 1 Framlegg om å lovfesta plikt til forsterka opplæring i norsk og matematikk på 1.-4. årssteg.

Departementet bygger på St.meld nr. 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen og prinsippet om tidleg innsats for å sikra tilfredsstillande læringsutvikling for elevane. Ein meiner at ein forsterka innsats i dei to grunnleggande faga i småskulen vil gjera fleire elevar til gode lesarar og reknarar på eit tidlegare tidspunkt enn i dag. Dette vil departementet få til ved at kommunane blir pålagde å setja inn meir lærarressursar i desse to faga i småskulen. Departementet refererer til Finland som har drive på denne måten i mange år. I Finland har ein oppnådd gode læringsresultat samstundes som større lærartettleik har minska behovet for spesialundervisning lenger oppover i grunnskulen.

Midlane som dei siste 3 åra har vore tenkt brukt til å kjøpa inn læremidlar etter ny læreplan, skal frå hausten 2009 brukast til å ha fleire lærarar i småskulen. Masfjorden vil for 2009 etter denne modellen få 197000 kroner til forsterka opplæring. Midlane ligg inne i overføringa til kommunen. Summen tilsvarar om lag 10 rammetimar.

Departementet kjem med framlegg om følgjande lovtekst i ny § 2-2a i Opplæringslova:

*§2-2a Plikt for kommunen til å sørge for forsterka opplæring*

*Kommunen skal sørge for forsterka opplæring i norsk eller samisk og matematikk på 1. til 4. årstrinn. Den forsterka opplæringa skal mellom anna liggje i særleg høg lærartettleik og vere særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

Vurdering: Masfjorden kommune har sett i gang prosjektet Tidleg tiltak – varig verknad nettopp med tanke på å styrka opplæringa på småskulesteget og få til ein god overgang mellom barnehage og skule. Lovteksten og departementet si satsing på å setja inn ekstra ressursar i opplæringa i norsk og matematikk i småskulen vil vera med å forsterka det arbeidet me alt er i gang med. Kommunestyret må ta stilling til kva ein vil gjera med lærartettleiken på småskulesteget hos oss.

### 2 Framlegg om å endra reglane om organisering av elevane i grupper- kravet til elevane si sosiale tilhøyrse

I St.meld 31 er det opna for å endra reglane i Opplæringslova §8.2 om elevane si sosiale tilhøyrse. Det har vore aukande bekymring for at læringsfellesskapet i norske skular har vorte svekka etter at det vart opna for å endra inndelinga av elevane i klasser frå 2003. Frå den tid har ein brukt ordet gruppe om det som tidlegare vart kalla klasse.

Departementet slår fast at sosial tilhøyrse og eit godt læringsfellesskap er viktig for elevane si læring og trivsel. Det sosiale fellesskapet gir positive effektar for den faglege læringa til elevane. Departementet vil difor gjeninnføra omgrepet klasse i skulen og seier at klasse eller

basisgruppe blir ”namnet på den grunnleggende sosiale pedagogiske enheten som opplæringa skal foregå i”.

Departementet kjem med framlegg om følgjande lovtekst i § 8-2 i Opplæringslova. Endringar i høve til no gjeldande § er utheva.

§8-2. Organisering av elevane i **klasser eller basisgrupper**

**I opplæringa skal elevane delast i klasser eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For deler av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov.** Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. **Klassene, basisgruppene og gruppene** må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

**Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar** (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld **klassen eller basisgruppa**, mellom anna kontakten med **heimane**.

Vurdering: For Masfjorden kommune vil det ikkje ha noko praktisk å seia om denne paragrafen vert endra. Heller ikkje reint prinsipielt har rådmannen noko merknad til dette. Det er heilt greitt at ordet klasse på nytt vert teke i bruk, ordet gruppe har uansett aldri klart å trengja vekk det gamle klasse.

### **3 Framlegg om å lovfesta plikt til å utarbeida årleg rapport om tilstanden innan grunnopplæringa**

Dagens § 13-10 i Opplæringslova lyder slik i 2. ledd:

”Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskrifta til lova blir oppfylte. Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.”

Departementet slår fast at kommunestyret er skuleeigar etter Opplæringslova og har såleis ansvaret for at rammene som sentrale styresmakter har fastsett i regelverket, vert følgde. Ut frå dette meiner departementet at skuleeigar skal gjennomføra kontinuerlege og heilskaplege vurderingar av den verksemd som vert driven etter Opplæringslova.

Det er behov for å stilla klåre mål for kvaliteten i grunnopplæringa, både lokalt og nasjonalt. Det må og presenterast indikatorar som gjev grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigaren og landet er komne i å nå måla. Departementet meiner at kommunestyret årleg skal handsama ein rapport om tilstanden innan grunnopplæringa i eigen kommune. Denne rapporten skal i stor grad bygga på data som er tilgjengelege på udir.no/skoleporten.

Departementet vil difor setja inn eit nytt 3. punkt i §13 – 10 andre ledd:

*Som ein del av oppfølgingsansvaret etter dette leddet skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.*

Vurdering: Eit slikt tillegg til §13-10 vil gjera ansvaret for oppfølging av krava til kvalitet i opplæringa tydelegare. Kommunestyret er skuleeigar. Eit slikt tillegg til lova vil gje kommunestyret meir innsikt i utvikling og utfordringar i skulen.

### **4 Framlegg om å presisera plikta til foreldresamarbeid i grunnopplæringa**

Departementet kjem med framlegg om å føya til ein ny §13-3d i Opplæringslova. Den nye § skal lyda slik:

*§ 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til foreldresamarbeid*

*Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for samarbeid med foreldre i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.*

Paragrafen kjem fyrst og fremst på plass for å sikra at vidaregåande skular samarbeider med foreldra. Departementet reknar med at ei lovfesting av dette kan vera med på gjera

overgangen til vidaregåande skule lettare og å redusera det store fråfallet i vidaregåande opplæring.

Vurdering: For grunnskulen vil ikkje den nye paragrafen få mykje å seia då foreldresamarbeidet der alt er godt utbygt og fungerer godt.

### **5 Framlegg om å lovfesta rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa**

Regjeringa har i St.prp. nr. 1 (2008-2009) uttalt som mål at fysisk aktivitet skal vera ein del av ein utvida skuledag på barnesteget. Departementet kjem med framlegg om å auka timetalet på barnesteget med 2 timar pr. veke til fysisk aktivitet. Dette skal vera fysisk aktivitet utanom kroppsvingstimane. Aktiviteten skal ikkje ha eigne kompetansemål og heller ikkje eiga vurdering. Det vil ikkje vera krav om at aktiviteten skal leiast av pedagogisk personale. Departementet ser føre seg at ein kan t.d. auka timetalet med ein time i veka på 6. og 7. årssteget.

Departementet gjer framlegg om at §2-3 tredje ledd skal lyda slik (endringar frå dagens lovtekst står i kursiv).

”Departementet gir forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. *Departementet gir forskrifter som regulerer aktivitetar som ikkje er opplæring i fag.* Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar og privatistar og om klage på vurderinga, om eksamen og om dokumentasjon.”

Vurdering: Det er viktig med meir fysisk aktivitet i skulen. Dei av skulane våre som har innført meir fysisk aktivitet, meiner at det har positiv innverknad på elevane.

Rådmannen helsar difor framlegget om to timar meir til fysisk aktivitet på barnesteget velkomen, men er skeptisk til at dette skal vera ein aktivitet som korkje skal ha kompetansemål eller vurdering. Det vil krevja mykje tilrettelegging, motivering og ein fast struktur dersom ein skal få alle elevar til å delta aktivt på dette.

Masfjorden kommune har elles ingen merknader til framlegget til endringar i Opplæringslova.

## **KONKLUSJON**

Masfjorden kommune har ingen merknader til høyringsutkastet med framlegg til endringar i Opplæringslova.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Brukarutvalet	29.10.2008	002/08	Gerd Allis Håheim
Brukarutvalet	05.11.2008	005/08	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	11.12.2008	116/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.3	Arkivsaknr.: 07/765
----------------	---------------------

### SAK 116/08 - RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE - ETABLERING OG ORGANISERING

#### KS-116/08 VEDTAK:

Brukarutvalet rår kommunestyret til å oppretta Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Brukarutvalet tilrår at Rådet vert samansett av tre representantar frå brukargruppene og to politikarar.

Frå brukargruppenene:

1. Laila Nyland
2. Anne Kari Mjanger
3. .... vert valt seinare

Frå politikarane:

Ordførar Håkon Matre

Leiar i brukarutvalet Laila S. Reknes.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Vigdis Søvik spurde om det ikkje skulle vera ein tredje person frå brukargruppene.

Laila S. Reknes, leiar i brukarutvalet svara at det skal det, men denne personen er ikkje valt enno.

**Tilrådinga frå brukarutvalet vart samrøystes vedteke.**

#### BRUK-005/08 VEDTAK:

Brukarutvalet rår kommunestyret til å oppretta Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Brukarutvalet tilrår t Rådet vert samansett av tre representantar frå brukargruppene og to politikarar.

Frå brukargruppenene: Laila Nyland  
Anne Kari Mjanger

Frå politikarane: Ordførar Håkon Matre  
Leiar i brukarutvalet Laila S. Reknes.



**Det skjedde i Brukarutvalet den 05.11.2008:**

Brukarutvalet drøfta saka og vart samde om slikt framlegg:

Brukarutvalet rår kommunestyret til å oppretta Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Brukarutvalet tilrår t Rådet vert samansett av tre representantar frå brukargruppene og to politikarar.

Frå brukargruppenene:           Laila Nyland  
  Anne Kari Mjanger

Frå politikarane:                Ordførar Håkon Matre  
  Leiar i brukarutvalet Laila S. Reknes.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

**BRUK-002/08 VEDTAK:**

Utsett.

**SAKSTILFANG:****Ikkje vedlagt:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.08.2007	Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Rundskriv A-28/27 Om lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar
2	I	30.08.2007	fylkesrådet Hord. senterparti Benthe Bondhus	Gjeld råd for funksjonshemmaoppmoding til kommunane om å oppretta separate råd for funksjonshemma
4	U	28.03.2008	her Sosialkontoret	Melding om vedtak - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (nytt)

**Vedlagt:**

1. Møtebok frå kommunestyre sak 103/07           den 25.10.2007
2. Møtebok frå kommunestyre sak 065/08       den 23.09.2008

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Syner til vedlagt sakspapir frå K-sak 103/07 om at bakgrunn for denne saka er skriv frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet om Lov om råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Lova vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005. Etter denne lova skal alle kommunar ha eit råd eller ei anna representasjonsordning for denne gruppa. Lova trådde i kraft 10.09.07.

Kommunestyret gjorde i K-møte den 25.10.07 slikt vedtak:

***”Masfjorden kommune legg funksjonen som Råd for menneske med nedsett funksjonsevne til brukarutvalet. Brukarutvalet må i perioden etablera kontakt med organisasjonar for denne brukargruppa, og vurderer om det er tenleg å etablera eit eige utval for desse.”***

Etter møtet i kommunestyret den 25.10.07 har det ikkje skjedd noko i saka. Brukarutvalet har ikkje hatt møte sidan 29.08.07 då funksjonen til brukarutvalet som har vore noko uklart i den seinare tid, vart drøfta.

Den 19.08.08 vart det halde møte med dei ulike brukargruppene. Dei har valgt 2 representantar til Råd for funksjonshemma.

Det er: Laila Nyland og Anne Kari Mjanger.

Sak om Råd for funksjonshemma kom på nytt til kommunestyret den 23.09.08. Det vart der gjort slikt vedtak:

***”Saka vert utsett og oversendt Brukarutvalet som saman med dei oppnemnde brukarrepresentantane går gjennom opplegg for samordning mellom Brukarutvalet og nytt råd for funksjonshemma.”***

Vurdering

### KONKLUSJON

Saka vert lagt fram utan tilråding

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	02.12.2008	026/08	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	03.12.2008	021/08	Jane Britt Daae
Kommunestyret	11.12.2008	117/08	Jane Britt Daae

Arkiv: N-041	Arkivsaknr.: 08/579
--------------	---------------------

### SAK 117/08 - RUTINAR FOR VARSLING I MASFJORDEN KOMMUNE

#### KS-117/08 VEDTAK:

Rutinar for varsling vert vedteke slik dei ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Willy Borge synte til skjema for varsling der ein kan kryssa av om ein vil vera anonym. Dette må uthevast litt meir slik at den som varslar blir merksam på dette.

Frode Langhelle sa at det er eit leiaransvar å informera dei tilsette.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at ho var samd med Langhelle i dette.  
Det vil bli informert til alle tilsette om kvar dei kan finna retningslinjene.

**Tilrådinga frå administrasjonsutvalet/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

#### AMU-026/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Rutinar for varsling vert tilrådd vedteke.

#### Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 02.12.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## **ADM-021/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

**Rutinar for varsling vert tilrådd vedteke.**

### **Finansiering**

#### **Heimel**

Arbeidsmiljølova §3-6

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rutinar for varsling vert tilrådd vedteke.

#### **Heimel**

Arbeidsmiljølova §3-6

#### **Utskrift til:**

Leiarar, tillitsvalte og vernetenesta

## **SAKSTILFANG:**

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

Med revidert arbeidsmiljølov fekk arbeidslivet i januar 2007 krav om å utarbeide rutinar for varsling. Masfjorden kommune etablerar med dette skriftlege rutinar om varsling.

### **HØYRING/UTTALE**

Ulike aktørar har på ulike måtar har medvirka til varslingsrutinar:

- Arbeidsmiljøutvalet har handsama temaet varslingsrutinar i møte 22.04.08 (sak 011/08)
- Tema i møte med dei hovudtillitsvalte i kommunen 19.06.08 og 09.10.08.
- Leiarane har fått forslag til rutinar utsendt til gjennomgang
- Hovudvernombodet har vore aktiv med gode innspel
- Gjennomgang av etiske retningslinjer i heile organisasjonen

### **VURDERING**

Varslingsrutinar skal leggje til rette for at ulovlege, uetiske eller uforsvarlege tilhøve i kommuneorganisasjonen vert avdekka og korrigert. Rutinane skal gje kunnskap og tryggleik ved å skildre rettsreglar som gjeld og plassere oppgåver og ansvar. Det er utarbeida forslag til skjema for sjølve varslinga og for handtering av varslinga.

Varsling assosierast med stort alvor og store konsekvensar for involverte partar. Forsking (Fafø 2005) viser at dei fleste saker det vert varsla om, er av mindre alvorleg karakter og vert ordna på minneleg vis. Unntaka er få, men svært alvorlege. Å ha skriftlege rutinar for varsling er eit lovpålagt system. For at systemet skal virke fordrar det etiske diskusjonar og å videreutvikle ein kultur for open, modig og trygg kommunikasjon.

### **KONKLUSJON**

**Rutinar for varsling vert tilrådd vedteke.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	19.09.2008	018/08	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	19.09.2008	015/08	Jane Britt Daae

Arkiv: N-044	Arkivsaknr.: 06/947
--------------	---------------------

### SAK 118/08 - SJUKEFRÅVER I MASFJORDEN KOMMUNE

SAKA VART TREKT AVSAKLISTA.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	03.12.2008	061/08	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	11.12.2008	119/08	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.4, N-PERM TML	Arkivsaknr.: 06/994
----------------------------	---------------------

### SAK 119/08 - KOMMUNEDELPLAN STORDALEN - RULLERING 2008 - ENDELEG GODKJENNING

#### KS-119/08 VEDTAK:

I samsvar med pbl § 20-4 vert kommunedelplan for Stordalen vedteken slik han ligg føre med følgjande atterhald og endringar:

- Vert motsegna på V11 i planlagt hyttefelt HF11 oppretthalde av fylkesmannen i Hordaland, vert dette arealet trekt ut av planen. Det vert Masfjorden kommune si oppgåve å gjennomføre mekling med fylkesmannen, men meklingsprosedyren skal ikkje vere til hinder for at kommunane kan realisere resten av tiltaka som er skissert i kommunedelplanen. Masfjorden kommune er ansvarleg for å ferdigstille plankartet etter gjennomført mekling.

#### Endringar i juridiske dokument:

- Side 14 i plandokumentet: H5 Fagerbotn (MK) vert tal regulerte hytter auka med 1 hytte.  
Denne auken blir ført i kolonna nye.
- Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3  
Retningslinje: Konkret vegtrace må leggjast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.

#### Finansiering

Ingen direkte kostnader utover driftsbudsjettet

#### Heimel

Plan- og bygningslova

**Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:**

Frode Langhelle, spurde om han var ugild sidan han som representant for arbeidsgjevar BKK har gjeve innspel til planen.

Det vart samrøystes vedteke at Frode Langhelle var ugild i saka. Langhelle forlet møtet-

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte om saka og delte ut store kart i fargar der representantane kunne gjera seg kjende med planen.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om:

- Alle kommentarane er for det meste teke til følge.
- Caravanplassen er inne i planen og det er gjort framlegg om å utarbeida ein privat reguleringsplan for plassen.
- Plassering av det nye hotellet.
- 2 vegar som fylkesmannen hadde motsegn på.  
Den eine vegen er det lagt inn endra føremål frå hytte til erverv (utleige)  
Den andre vegen blir og i planen etter Fup sitt vedtak, men på vilkår  
Regulert tal hytter vert auka med ei hytte (til 40) i Fagerbotn hyttefelt.

Kari Skår Sørheim spurde om korleis det vil vera å ha ei alternativ løysing når saka no går vidare?

Rådmannen svara at det er stort press på utbygging i Stordalen. Det er viktig å få ein plan som er ferdig. Skal dette feltet takast i bruk må ein ha veg inn i området.

I ein dialog med fylkesmannen kan det opna seg andre moglegheiter, men me har gode argument for det som det er gjort framlegg om.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.**

## **FUP-061/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

I samsvar med pbl § 20-4 vert kommunedelplan for Stordalen vedteken slik han ligg føre med følgjande atterhald og endringar:

- Vert motsegna på V11 i planlagt hyttefelt HF11 oppretthalde av fylkesmannen i Hordaland, vert dette arealet trekt ut av planen. Det vert Masfjorden kommune si oppgåve å gjennomføre mekling med fylkesmannen, men meklingsprosedyren skal ikkje vere til hinder for at kommunane kan realisere resten av tiltaka som er skissert i kommunedelplanen. Masfjorden kommune er ansvarleg for å ferdigstille plankartet etter gjennomført mekling.

Endringar i juridiske dokument:

- Side 14 i plandokumentet: H5 Fagerbotn (MK) vert tal regulerte hytter auka med 1 hytte.  
Denne auken blir ført i kolonna nye.
- Side 25 i plandokumentet § 7.1, PBL § 20-4-b, kulepunkt 3  
Retningslinje: Konkret vegtrace må leggast fram for Fast utval for plansaker før reguleringsplanarbeidet startar for hyttefelt HF 11.

### **Finansiering**

Ingen direkte kostnader utover driftsbudsjettet

### **Heimel**

Plan- og bygningslova

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med pbl § 20-4 vert kommunedelplan for Stordalen vedteken slik han ligg føre med følgjande atterhald:

- Vert motsegna på V11 i planlagt hyttefelt HF11 oppretthalde av fylkesmannen i Hordaland, vert dette arealet trekt ut av planen. Det vert Masfjorden kommune si oppgåve å gjennomføre mekling med fylkesmannen, men meklingsprosedyren skal ikkje vere til hinder for at kommunane kan realisere resten av tiltaka som er skissert i kommunedelplanen. Masfjorden kommune er ansvarleg for å ferdigstille plankartet etter gjennomført mekling.

### **Finansiering**

Ingen direkte kostnader utover driftsbudsjettet

### **Heimel**

Plan- og bygningslova



Utskrift til:**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	01.11.2006	Høyanger kommune v/Aril Gjelsvik	Rullering av kommunedelplan for Stordalen - Høyanger og Masfjorden kommunar
2	I	07.11.2006	Høyanger Kommune v/ Aril Gjelsvik	Møte om rullering av kommuneplan for Stordalen
5	I	27.11.2006	Høyanger Kommune	Kommunedalplan Stordalen 2007 - 2018
6	U	14.12.2006	Likelyande brev til	Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2006 Grunneigardeltaking
7	I	03.01.2007	Hans Henrik Fanebust	Vedr.Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2007
9	I	26.02.2007	Ing. Bjørnar Vik	Innspel på dei endringar som Masfjord- grunneigarane ynskjer seg. Jan Olav Fosse, Hans Henrik Fanebust og Walter Fosse.
10	I	28.02.2007	Thor Stordal	Vedr revidert kommunedelplan Stordalen - 2007
11	I	19.03.2007	NAF avd. Nordhordland v/Per Heggernes	Viser til søknad av 240806 og ber om at den vert tatt med i komande kommunedelplan.
13	U	15.06.2007	Sendt i h t adresseliste	Kommunedelplan Stordalen - Rullering
14	I	22.06.2007	Hordaland fylkeskommune	Kommunedelplan Stordalen - rullering - innspel
15	U	19.07.2007	Hordaland fylkeskommune Kommunesamarbeid	Kommunedelplan Stordalen - rullering - innspel
18	I	29.08.2007	Statens vegvesen	Kommunedelplan Stordalen - Masfjorden kommune - Rullering - Innspel
16	I	04.09.2007	Fylkesmannen i Hordaland	Masfjorden kommune - Innspel til rullering av kommunedelplan for Stordalen
20	I	21.11.2007	Masfjorden kommune	Planprogram for kommunedelplan Stordalen
22	U	11.12.2007	Sjå adresseliste	Kommunedelplan Stordalen - Planprogram - Høyring
23	I	17.12.2007	Interkommunalt samarbeid mellom Høyanger og Masfj	Planprogram for kommunedelplan Stordalen - Høyring
24	I	20.12.2007	Landbruksavdelinga Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - Planprogram - Masfjorden - Framlegg til planprogram for kommunedelplan Stordalen
26	I	09.01.2008	Statens vegvesen Region	Vurdering av framlegget til planprogram
28	I	01.02.2008	BKK Produksjons AS	Merknader frå BKK
27	I	01.02.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til høyring av planprogram for kommunedelplan Stordalen i Masfjorden
29	I	19.02.2008	Strategi- og næringsavd. Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til planprogram med konsekvensutgreiing for kommunedelplan Stordalen

31	U	31.03.2008	Hordaland fylkeskommune Kommunesamarbeid; Høyanger Kommune v/ Aril Gjelsvik; Hordaland fylkeskommune v/Kjetil Christensen	Melding om vedtak - Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2006
32	U	08.04.2008	Mottakarane av utskrift	UTSKRIFT AV VEDTAK - FUP sak 011/08
34	U	18.04.2008	Høyringsinstansane	Melding om vedtak - Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2008 - Høyring
35	U	21.04.2008	Sjå adresseliste	Kommunedelplan Stordalen - Rullering 2008 - Høyring
38	I	28.04.2008	region Vest Statens vegvesen	Uttale til kommunedelplan Stordalen - rullering 2008
40	I	30.04.2008	Samfunnsavdelinga Høyanger kommune	Offentleg høyring av kkommunedelplan for Stordalen 2008 - 19
39	I	13.05.2008	NAV avd Nordhordland	Innspel kommunedelplan Stordalen
41	I	14.05.2008	Litlekupa hyttelag	Merknader til Stordalsplanen
43	I	20.05.2008	Idrettsrådet i Masfjorde	Høyringsuttale for arealdelen for kommunedelplanen for Stordalen
44	I	28.05.2008	BKK Produksjon AS	Merknader til kommunedelplanen for Stordalen
46	I	10.06.2008	Brukarane av caravanplassen v/Torill Bjerke	Uttale til kommunedelplan for Stordalen
45	I	23.06.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til kommunedelplan for Stordalen 2008 - 2019
48	I	26.06.2008	Litlekupa hyttelag v/Elsebeth Johannessen	Innspel til kommunedelplan 2008 - 2019
49	I	16.09.2008	NAF Nordhordland v/Per Heggernes	Kommentarer og merknader til Kommunedelplan Stordalen 2008 - 19
50	I	09.10.2008	Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentleg høyring av kommunedelplan Stordalen
51	U	19.11.2008	NAF Nordhordland v/Per Heggernes	Svar på Kommentarer og merknader til Kommunedelplan Stordalen 2008 - 19

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune har saman med Høyanger kommune samordna felles planoppstart for rullering, høvesvis i planutvalet sak 25/06 – 13.11.06 for Høyanger og Fast Utval for Plansaker sak 59/06 - 30.11.06 for Masfjorden.

Som ledd i varsel og kunngjering av oppstart av planarbeid vart det utarbeida eit framlegg til planprogram som vart vedteke sendt på høyring som sak 53/07 den 03.12.2007 jf forskrifta §§ 5-7. Ved utlegging av planprogram til offentleg ettersyn skal det gjerast greie for konsekvensar av framlegget, jf forskrifta §§ 8-9. Planprogrammet vart utlagt i 6 veker med frist for innspel satt til 03.02.2008. Planprogrammet vart endeleg vedteke av Fast Utval for Plansaker 13.03.2008.

Fast Utval for Plansaker har i sak 019/08 den 15.04.2008, vedteke offentlig ettersyn av kommunedelplan for Stordalen i samsvar med plan- og bygningslova § 20-5. Frist til merknader vart sett til 19.05.2008.

Planframlegget legg opp til eit maksimum tal hytter på 383. Dette er 33 fleire enn i førre plan der 7 nye er i Høyanger kommune. Nytt hyttefelt HF 14 vil delvis erstatte HF 9 (som går ut). Det er lagt fokus på tryggleik og universell utforming. Det er lagt opp til etablering av køyreveg inn i hyttefeltet. Utarbeida KU/ROS analyse for nye tiltak i planen.

Plangruppa er samansett av:

- Aril Gjelsvik, kommuneplanleggjar, Høyanger kommune
- Tore Svendsen, avdelingsleiar, Masfjorden kommune (til juni 2008)
- Olaf Mørch, kommunalsjef, Masfjorden kommune (frå aug 2008)
- Jostein Nyland, teknisk sjef, Høyanger kommune
- Oddvar Østerbø, politkarrepresentant/grunneigar, Høyanger kommune
- Bjørnar Leif Vik, representant/grunneigarlag, Masfjorden kommune
- Marit Steinstø, politisk representant, Masfjorden kommune
- Synne Nessestrand Vefring, Høyanger kommune/HNU
- Anne Kristin Rafoss, rådgjevar, Masfjorden kommune (frå okt 2008)

Planen inneheld eit oversyn over planlagde tiltak ein vil prioritere for utbygging dei neste fire åra, i tillegg til eit oversyn over aktuelle utbyggingsområde i neste tolvårs periode. Hovudrevisjon av kommunedelplanen skal skje kvart 4. år.

## UTTALE

### **Hordaland Fylkeskommune, Strategi- og næringsavdelinga**

Hordaland Fylkeskommune meiner at forslag til kommunedelplan for Stordalen i all hovudsak er i samsvar med regional politikk. Fylkeskommunen rår til at kommunedelplanen legg klarare føringar for detaljplanlegging av interne vegar i hyttefeltet og at vegsystemet bør differensierast for å skilje mellom område som bør opnast for meir brukarvenleg tilkomst og område som bør skjermast av omsyn til natur-, friluftsliv og landskap.

Rådmannen synes at rådet om å differensiera vegsystemet er ein god tanke, men for Masfjorden sitt område av kommunedelplan for Stordalen er det ikkje store arealet som bør skjermast. Største delen av arealet er allereie påverka av kraftutbygging. Stordalsvatnet med sin dominerande dam og fylling er det første ein møter når ein nærmar seg planområde. Der etter kjem ein til skitrekktet der det er gjort store inngrep siste åra. Når ein køyrer innover til Stordalen Fjellstove (der dei fleste av hyttefeltet på Masfjordsida har sitt utgangspunkt) køyrer ein langs eit regulert vatn som store deler av sommar- og haustsesongen er mykje nedtappa. I tillegg til dette er det fleire godt synlege kraftliner i området.

### **Noregs Automobil-forbund – avdeling Nordhordland**

Noregs Automobil-forbund ser med stor uro på innhaldet i planen der ein ønskjer å avvikle caravanplassen innan 2011.

Rådmannen ser at formuleringane i plandokumentet ikkje er heilt eintydige. Det vart prøvd å sette ord på at det var / har vore ei brukskonflikt mellom caravanplassen og hyttefolk, men kommunen ser av merknadane som har kome i høyringsfasen at formuleringane har blitt oppfatta som at det er ei eksisterande personkonflikt mellom partane. Rådmannen seier seg lei for at dette hende.

Rådmannen ønskjer caravanplassen og brukarane av plassen velkomne til å bruke område i Stordalen mange år fram i tid, men finn å ville sette plankrav til caravanplassen slik det er plankrav til kvart eitt byggeområde innafør plangrensene. Denne planen må utarbeidast som ein privat reguleringsplan innan gjevne fristar.

**Elsebeth Johannessen, leder Litlekupa hyttelag**

Elsebeth Johannessen skriv at ut i frå dei reaksjonane ho har fått på planframlegget er det ingen som kjenner seg igjen i at det er ei konflikt mellom hytteeigarane og caravanplassen. Ho presiserer at dei har eit godt og nært naboskap.

[Sjå rådmannen sin kommentar til Noregs Automobil-forbund.](#)

**Torill Bjerke, på vegne av brukarane av caravanplassen**

Torill Bjerke har på rim formulert ei bøn om at caravanplassen må få bli i Stordalen.

[Sjå rådmannen sin kommentar til Noregs Automobil-forbund.](#)

**Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga**

Miljøvernavdelinga har nokre merknader som gjeld karttekniske ting og samanhengen mellom føresegnene og kartet. Dei har og bede om ei kort analyse av kor mange landingar ein kan forvente på helikopterplassen i løpet av eit år. Dette er tatt omsyn til og retta opp i dei respektive dokumenta

Miljøvernavdelinga listar opp dei planlagde bilvegane inn i hyttefeltet slik:

- Librotet V6
- Kleivtoppen V10
- Stordalshammaren V11
- Storekupa V14
- Fagerbotn V5
- Stordalen V12

og har, grunna i omsyn til miljø- og landskapsverdiar i område, fremja motsegn til to av dei planlagde vegframføringane:

- Stordalen V12
- Stordalshammaren V11

[Rådmannen forstår motsegna frå miljøvernavdelinga slik at ho berre gjeld for V11 og V12. Det er ikkje fremja motsegn mot V5, V6, V10 og V14. Desse vegane kan difor realiserast når kommunedelplanen for Stordalen er vedteken.](#)

[Når det gjeld den planlagde vegen inn i område V12 så er dette område merka i kartet med utleigehytter. Det er eigar av Stordalen Fjellstove som ønskjer å bygge utleigehytter for å styrke drifta av fjellstova. Det er i kartframstillinga nytta same sosi-koder både på hytter og utleigehytter \(orange farge\). Rådmannen ser at her er det gjort ein feil i kartframstillinga; område for utleigehytter burde vore merka som erverv. Dette er retta opp i kartet. Ein veg inn i område med utleigehytter er naudsynt med tanke på universell tilgjenge. Vegen må naturlegvis planleggast og byggast på ein skånsom måte med omsyn på miljø- og landskapsmessige forhold.](#)

[Vegen V11 er planlagt inn i det planlagde hyttefeltet HF11. Alternativet til denne vegen er at hytteeigarane i det komande hyttefeltet parkerer langs fylkesvegen eller at det vert laga ein parkeringsplass kloss i fylkesvegen mot Stordalsvatnet. Dette alternativet vil vere i konflikt med innspelet får Statens vegvesen etter oppstartsvedtaket der dei bad om at all "hytteparkering" vart planlagt i avstand til fylkesvegen. Vegvesenet argumenterte blant anna med at parkering langs fylkesvegen vanskeleggjer brøyting, og parkeringsplassar kloss i vegen vil få store snømassar kasta over seg veg normal brøyting.](#)

Rådmannen ønsker heller ikkje ei parkering langs fylkesvegen. I tillegg til at dette vanskeleggjer brøyting fordi "hyttebilane" gjerne står parkert i fleire dagar, vil ei slik ordning "stele" parkeringsplassar frå dagsturistar. Etter at skitrekket vart etablert, har talet på dagsturistar Stordalen auka, og ein opplever allereie i dag parkeringskaos på store utfartsdagar.

Rådmannen ser at vegen inn i det planlagte hyttefeltet HF11 vil vere ei utfordring å få til på ein skånsam måte. Det er ei bratt skråning ein må skyte seg inn i for å kome til byggeområdet. Men samanstillt med alle dei tekniske inngrepa som er etablert i Stordalen allereie finn rådmannen å ville gå inn for vegen V11 trass den varsla motsegna frå miljøvernavingdelinga. Skal hyttefeltet HF11 byggast ut (det er ikkje fremja motsegn mot dette feltet) må parkeringa planleggast i feltet. Det er ikkje noko alternativ å planlegge parkeringsplass langt borte frå aktuelt felt. Det vil berre føre til parkering langs fylkesvegen. Rådmannen minner om at næraste "nabo" til det planlagte feltet på kvar si side er eit regulert vassmagasin og 132 kV luftline. Ein bratt veg inn i eit hyttefelt vil i denne samanheng ikkje råke store miljø- og landskapsmessige verdiar.

### **BKK produksjon as**

BKK meiner at planen på ein god måte tek omsyn til vassdraget med å markere byggeforbod og flaumområde med restriksjonar langs elv, bekkar og vatn, men dei ønsker at planen fullt ut tek omsyn til dei kraftverkanlegga som er i bruk at vassdraget. Nokre kraftverksdelar er merka som industri, men fleire bygg og konstruksjonar viser ikkje på planen. Dei ønsker at plankartet skulle vore tydlegare på dette punktet.

BKK peiker på at eksisterande kraftleidningar må visast i plankartet

Rådmannen har vore i dialog med BKK og fått kartfesta alle bygg og konstruksjonar som er ein del av kraftverksproduksjonen og innarbeidd desse i planen.

### **John Torsvik, leiar Idrettsrådet i Masfjorden**

Idrettsrådet er uroa over at det ikkje er sett av nok areal til parkering for dagsturistar. Dei skriv at det er særleg vinterparkering som er flaskehalsen.

Idrettsrådet peiker på at ei merka turløype (ikkje T-merka) frå Stordalen til Litle-Matre stølen (den såkalla Bjørn West – traseen) ikkje er merka i planen. Vidare ber dei om at det vert sett av areal til skiløype / turløype med lysanlegg i området.

Rådmannen deler idrettsrådet si uro over at det kanskje ikkje er sett av nok areal til parkering for dagsturistar i kommunedelplanen, men vil peike på at det er sett av meir areal til dette formålet i denne planen enn i den forrige. Dessutan vil dei planlagde nye vegane inne i einskilde hyttefelt frigje parkering til dagsturistar. Rådmannen reknar og med at når opprustinga av fylkesvegen er fullført, vil det gje meir rom for parkering for dagsturistar langs vegen.

Rådmannen har ikkje funne tid til innarbeide trase for lysløype / turløype med lysanlegg i denne omgang. Tanken er interessant, men må vente til neste rullering.

### **Per Heggernes, leiar NAF avd. Nordhordland**

NAF avd. Nordhordland ser med uro på framlegget om at caravanplassen skal avviklast.

Sjå rådmannen sin kommentar til Noregs Automobil-forbund.

### **Statens vegvesen, region vest**

Vegvesenet gjer rekning med at dei einskilde reguleringsplanane vert oversendt til handsaming og at ein der ser på detaljane og gjev uttale. Vegvesenet har elles ingen merknader til kommunedelplanen.

## VURDERING

I reviderte planen er det totalt 14 hyttefelt med krav om reguleringsplan. Plangruppa har sett opp følgjande grunnlag for maks hyttebygging for den kommande planperioden:

	Områdenamn	Eigar	Reg	Bygde	Søkt	Nye
HF 1	Stordalen hyttegrend (HK)	Østerbø grunneigarlag	61	57	16	7
HF 2	Stordalstølen (HK)	Østerbø grunneigarlag	40	40	0	0
HF 3	Utleiehytter Stordal (HK)	Østerbø grunneigarlag	18	0	0	0
HF 4	Litlekupa (MK)	Walter Fosse/Hans Henrik Fanebust	47	44	0	0
HF 5	Fagerbotn (MK)	Hans Henrik Fanebust	<b>39</b>	27	0	0
HF 6	Librotet (MK)	Jan Olav Fosse	36	11	6	5
HF 7	Kleivebotnen (MK)	Walter Fosse/Jan Olav Fosse	6	3	0	0
HF 8	Fitjane (MK)	Jan Olav Fosse	25	0	0	0
<b>HF 0</b>	Kleivtoppen (MK)	Walter Fosse	15	0	4	4
<b>HF 11</b>	Stordalshammaren (MK)	Walter Fosse	15	0	2	2
HF 12	Utleiehytter Fjellstova (MK)	Hans Henrik Fanebust	15	0	10	8
HF 13	Bjørkelia (HK)	Østerbø grunneigarlag	30	0	7	7
<b>HF 14</b>	Storekupa (MK)	Walter Fosse	<b>12</b>	0	0	0
			<b>350</b>	192	45	<b>33</b>

Etter høyring har plangruppa vurdert følgjande innkomne merknader:

### Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga

Merknad	Kommentar/ending
Sogn og Fjordane Fylkeskommune har ikkje utført arkeologiske registreringar i utbyggingsområda i planen. Fylkeskommunen kan difor ikkje sei seg formelt einig i arealbruken. Dette betyr at Fylkeskommunen må, som tidlegare, få alle detaljplanar som reguleringsplanar og utbyggingsplanar til høyring.	Merknaden er tatt til etterretning, men fører ikkje til innholdsmessige endringar i planen.

### Fylkesmannen i Hordaland

Merknad	Kommentar/ending
Det er positivt at det er fastsett byggjegrænse mot vassdraga. På plankartet er dette likevel merka som byggeområde. Fylkesmannen rår til at denne sona vert vist som LNF-område.	Merknaden er innarbeid i plankartet for nye byggeområder.
I planomtalen vert det slått fast at tillete hyttestorleik skal vere maks 100 m <sup>2</sup> . Dette er ikkje tekne med i reguleringsføresegna. Fylkesmannen ber om at dette vert gjort.	Merknaden er innarbeidd i kap 7. føresegner og retningslinjer.
I Nordenden av Stordalsvatnet i Høyanger kommune er det sett av landingsplass for helikopter. Fylkesmannen saknar ei nærmare vurdering av tema støy, samt ei analyse av kor mange landingar ein kan forvente i løpet av eit	Ei kort skildring av forventa aktivitet og bruksområde til helikopterlandingsplass er innarbeid i kap. 5.3.4.

år. Fylkesmannen rår til at dette vert gjort.	
Grunna omsyn til miljø – og landskapsverdiar i område, finn Fylkesmannen grunn til å fremje <b>motsegn</b> mot to av dei planlagde vegframføringane. Stordalen V12 og Stordalehammaren V11.	<p>V12: Dette er veg inn i eit felt der det skal byggast utleigehytter for å styrke drifta til Stordalen Fjellstove. Arealet for nybygging, HF12, er difor sett at til erverv.</p> <p>V11: Alternativet til veg inn i hyttefeltet er parkering langs fylkesvegen. Dette vanskeleggjer brøyting (bilar som står parkert over natta og gjerne i fleire dagar) og ”stel” parkeringsplassar frå dagsturistar. 132 kV lina går i luftspenn over planlagt hytteareal og 20 kV lina går i luftspenn like bak planlagt felt. Kraftlinene har ført til inngrep i naturen; det er ikkje eit urørt areal som er planlagt bygd ut til hyttefelt. Skal feltet utbyggast, bør parkering planleggast i feltet og ikkje langs fylkesvegen.</p>

## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Merknad	Kommentar/ending
Første kulepunkt i føresegner under pbl § 20-4 er ikkje i tråd med vilkåra i plan – og bygningslova som gjeld spreidd bygging i LNF – område. Denne føresegna må difor takast ut av planframlegget	Føresegna er teken ut av planen.
25 meter byggjeforbodssone langs elvar er i minste laget og det blir rådd til at ein generelt set byggjegrenser til 50 m langs både elver og vatn.	Det er i retningslinjene teke med at byggjeforbodet på 25m langs elver er å rekne som ein minimumsavstand. I vidare planlegging bør ein generelt søkje å oppnå ein avstand på 50m.
Krav til maksimal hyttestorleik høyrer inn under pbl § 20-4, bokstav b og ikkje under bokstav c. Dette bør rettast opp. Hyttestorleiken er i føresegnene oppgjeven som BRA (bruksareal), og bør då også fastsetje maksimal høgd.	Merknaden til maksimal hyttestorleik er innarbeidd i planen og byggjeområde er avgrensa til 1.etasje, der hems er tillate.
Byggjeforbodet langs vassdrag er i føresegnene plassert under pbl § 20-4, bokstav c, men føresegna er heimla i bokstav f. Dette bør rettast opp.	Merknaden er innarbeidd i planen.
Same tekst går opp at to gonger i byrjinga av kap 7.0. Føresegner og retningslinjer.	Teksten har blitt fjerna

## Liv Sissel Rolland

Merknad	Kommentar/Endring
I fordelinga av dei 18,5 mill frå Hordaland Fylkeskommune har fylkesveg 381 Matre – Stordalen fått for liten prioritet. Vegen er pr. dags dato ikkje tilfredsstillande og bør oppgraderast. Dette er ikkje ein kostnad private hytteeigarar skal ta på seg.	Merknaden er tatt til orientering, men fører ikkje til innhaldsmessige endringar i planen.

## Grunneigar på Førde gnr. 20 v/Egil Førde

Merknad	Kommentar/ending
Førde grensar opp mot utbyggingsområde. Utbygginga må ikkje hindre Førde på nokon måte å starte opp med utnytting av eigne område til utbygging av fritids/næringsdrift	Merknaden er tatt til etterretning, men fører ikkje til innhaldsmessige endringar i planen.

## Telenor Networks Engineering

Merknad	Kommentar/ending
Bekrefter å ha mottatt kommunedelplanen. Har ingen kommentarar på dette tidspunktet, men reknar med å bli varsla i rimeleg tid før evt. arbeid blir satt i gang.	Ingen endringar/kommentarar.

## Grethe Solvang Johnsen

Merknad	Kommentar/ending
Feil prioritering i tilknytning til opprusting av Fylkesveg frå Matre til Stordalen. Det bør ikkje setjast i gang meir utbygging og fortetting, før dei trafikale og miljømessige utfordringane er forbetra.	Merknaden er tatt til orientering, men fører ikkje til innhaldsmessige endringar i planen.

## NVE

Merknad	Kommentar/ending
Langs elver og vassdrag set planen forbod mot byggaktivitet på høvesvis 25m og 50m. Kommunane bør vurdere om det er naudsynt å utvide dette til å gjelde også anleggsaktivitet. Det vil vere naturleg å gjere unntak for bygningar som naturleg høyrer til vassdrag, t.d. naust.	Det er ikkje aktuelt å utvide forbodet til også å gjelde anleggsaktivitet. Dette grunna nødvendig vedlikehald, opprusting, utbetring, osv. av reguleringsmagasin i området.
Tilrår at reguleringsmagasina får eit eige farge-symbol, t.d. mørke blå og blir lagt under arealbrukskategorien "område for særskilt bruk eller vern av sjø/vassdrag" med underføremål kraftproduksjon.	Stordalsvatnet og Krokevatnet er merka med høgste og lågaste regulerte vannstand (HRV og LRV) og slik merka som reguleringsmagasin. Reguleringsmagasina er og merka med blå farge.
Stordalen kraftverk er lagt under kategorien byggjeområde med underføremål industri. Tilrår at det blir lagt kategorien byggjeområde med underføremål kraftproduksjon.	Merknaden er innarbeidd i plankartet



Det er søkt om konsesjon for ei ny kraftlinje frå Østerbø til Stordalen i samband med søknaden om bygging av Østerbø kraftverk. Omsøkte trasear bør som minimum omtalast i planen, eller at kommunen vurderar og bandlegge arealet for traseen.	Kraftlinje frå Østerbø til Stordalen er omtala i kap. 5.3.6
---	---

## BKK produksjon AS

Merknad	Kommentar/ending
Det er ynskjeleg at planen fullt ut tek omsyn til dei kraftverksanlegga som er i vassdraget, og held att nødvendig areal for vedlikehald og rehabilitering av anlegga. Nokre kraftverksdelar er merka som industri, men fleire konstruksjonar visar ikkje på planen. Her kunne plankartet vore tydelegare	Merknadane er innarbeidd i planen og tilført plankartet.
BKK planlegg å rehabilitere dammen ved Krokevatnet. For å kunne hente stein til oppgradering av dammen, er det planlagt å utvide steinbrot like vest for dammen. Dette bør illustrerast i planen.	Merknadane er innarbeidd i planen og tilført plankartet.
Ved Langevatnet ligg tunneløpet for overførings-tunnel frå øvre del av Mosedalen. Området må merkast som spesialområde for energiforsyning/industri.	Tunnelinnslaget er merka som byggeområde med underformål kraftproduksjon. Spezialområde for energiforsyning/industri er ikkje eit formål i kommunedelplan.
Dammen ved utlaupet av Stordalsvatenet er merka som industri. Eit større område av dammen bør setjast av til same føremål for å kunne utføre framtidig vedlikehald og rehabilitering.	Arealet for industri er utvida og innarbeidd i plankartet.
Vest for dammen i Stordalsvatnet kjem det ut ein overføringstunnel frå Mosedalen. Området frå Lukehuset og ned til vatnet bør merkast på same måte som området ved dammen.	Arealet for industri er utvida til å omfatte desse anlegga
Området rundt Stordal kraftverk bør utvidast slik at tunnelverrslag ved vegkrysset mellom fylkes- og kommunalveg også kjem innanfor industri/spesialområde.	Tunnelverrslag er merka som byggeområde med underformål kraftproduksjon. Spezialområde for energiforsyning/industri er ikkje eit formål i kommunedelplan.
Tunnelverrslaget i Grønli like under vegen på vestsida av Krokevatnet, bør merkast som spesialområde for energiforsyning/industri.	Tunnelverrslag er merka som byggeområde med underformål kraftproduksjon. Spezialområde for energiforsyning/industri er ikkje eit formål i kommunedelplan.
Krokevatnet bør merkast som reguleringsmagasin på same måte som Stordalsvatnet.	Merknaden er innarbeidd i plankartet.
Eksisterande kraftleidningar må visast i plankart. Planlagde leidningsanlegg må bli innarbeidd og omtala	Eksisterande kraftleidningar er innarbeidd i plankartet. Planlagde leidningsanlegg er omtalt i planen.
I uttale frå 1.2.2008 er det peika på at eksisterande kraftleidningar må visast på plankartet, samt at planlagde leidningsanlegg vert innarbeidd og omtala i planen. Vi kan ikkje sjå at dette er teke omsyn til.	Merknaden er innarbeidd i plankartet.
Trace for hovudledning Matre – Stordalen kraftverk er berre vist på Høyangersida av plankartet. Leidningen har innverknad på m.a. område HF11	Merknaden er innarbeidd i plankartet.

Konsekvensar av SFE sin konsesjonssøknad for linje i Stordalen – Østerbø kraftverk er ikkje omtala i planen	Kraftlinje frå Østerbø til Stordalen er omtala i kap. 5.3.6.
Område I1 kan vere i konflikt med eksisterande distribusjonslinje avhengig av om området vert rekna som idrettsanlegg.	Merknaden er tatt til orientering. Planen legg opp til at den nye 132 kV lina vert kabla. Område I1 er å sjå på som eit idrettsanlegg tilrettelagt for den minste aldersgruppa.

### NAF Campingplass i Stordalen i Masfjorden, bebuarane på plassen

Merknad – kommentarar til pkt 5.3.3	Kommentar/ending
Ser med stor uro og vantru på innhaldet i planen der Masfjorden og Høyanger kommune ynskjer å utvikle caravanplass innan 2011. Grunngevinga er for tynn og meininga i innhaldet er uklår.	Kommunane tillett at caravanplassen kan eksistere i framtida på vilkår at det blir utarbeidd privat reguleringsplan for området. Reguleringsplanen må fokusere på utforming, plassering og estetikk.
Bebuarane på campingplassen har teke initiativ til å plante og så igjen steinfyllinga for å gjere området grønar og meir trivleg.	Merknaden er tatt til orientering men fører ikkje til innhaldsmessige endingar i planen.
Påstanden om at det eksisterer konflikt mellom caravanplass og hyttefolk er grunnlaus og usann. Ein kan lure på kva som er motivet som ligg bak når det vert konstruert opp ei påstått konflikt mellom hyttefolk og campingfolk.	Aldri vore hensikt å konstruere ei konflikt mellom caravanplass og hyttefolk. Formuleringa visar til ei brukskonflikt og ikkje ei personkonflikt.

## KONKLUSJON

Masfjorden og Høyanger kommunar har samordna planprogram for område. Masfjorden kommune la ut sitt planprogram seinare enn det Høyanger kommune gjorde, noko som førte til at ingen merknader til Høyanger kommune sitt planprogram er knytt opp til Hordaland fylke. Det vart difor oppretta kontakt mellom Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane og Hordaland for å få mest mogleg felles føresetnader og krav til planarbeidet.

Rådmannen meiner at planen oppfyller dei målsettingane kommunane hadde sett seg i planprogrammet. Planen tek i vare miljø- og friluftskvalitetar, rekreasjonsverdiar og kulturlandskap. Samtidig frå reiselivsnæringa moglegheiter for utvikling.

Rådmannen viser til vedlagt plan og ber kommunestyret gjere endeleg vedtak av kommunedelplan for Stordalen mellom Masfjorden og Høyanger kommune.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	13.11.2008	057/08	Kjersti Furnes Soltvedt
Kommunestyret	11.12.2008	120/08	Kjersti Furnes Soltvedt

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 07/437
---------------------	---------------------

### SAK 120/08 - REGULERINGSPLAN - EINESTRAND BUSTADFELT - 2. GONGS HANDSAMING

#### KS-120/08 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert Einestrand bustadfelt m/føresegner eigengodkjent.

#### Finansiering

Gebyrregulativet

#### Heimel

Plan- og bygningslova

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Frode Langhelle tok plass i møtet.

Ordførar orienterte om saka.

Reguleringsføresegner og kart vart delt ut i møtet.

Møtet vart heva så representantane kunne få lesa dei utleverte dokumenta.

Møtet vart sett att.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka.

#### **Alt som var motsegn på er trekt ut av planen:**

- Naustområdet – det må takast i kommuneplanssamanheng
- Friluftsområdet i sjø vert trekt ut – arealet vert liggjande uregulert
- B2 vert nær sjø vert og trekt ut – arealet skal avetjast til friluftsområde
- Har trekt ut nordre avkøyrsløse og opprettheld avkøyrsløse i sør (det er der me har interessantar i første omgang)
- Miljøvernavingdelinga meiner det er for mange bueringar.  
Dei seier dette er i strid med overordna kommuneplan, noko me er usamde i.

Det vert no lagt fram ein redusert plan til eigengodkjenning. Planen skal så inn til fylkesmannen der ein vil prøva å koma til semje.

#### Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker/framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FUP-057/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert Einestrاند bustadfelt m/føresegner eigengodkjent med følgjande endringar:

- Naustområde vert trekt ut – arealet skal regulerast til friluftsområde
- Friluftsområde i sjø vert trekt ut – arealet vert liggjande uregulert
- Tomt 13 i bustadfelt B2 vert trekt ut – arealet skal regulerast til friluftsområde
- Den nordre avkøyrslø vert trekt ut – arealet skal regulerast til bustadområde (delast mellom tomt 6 og 9)

**Finansiering**

Gebyrregulativet

**Heimel**

Plan- og bygningslova

**Utskrift til:**

Alle som har kome med innspel

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert Einestrاند bustadfelt m/føresegner eigengodkjent med følgjande endringar:

- Naustområde vert trekt ut – arealet skal regulerast til friluftsområde
- Friluftsområde i sjø vert trekt ut – arealet vert liggjande uregulert
- Tomt 13 i bustadfelt B2 vert trekt ut – arealet skal regulerast til friluftsområde
- Den nordre avkøyrslø vert trekt ut – arealet skal regulerast til bustadområde (delast mellom tomt 6 og 9)

**Finansiering**

Gebyrregulativet

**Heimel**

Plan- og bygningslova

**Utskrift til:**

Alle som har kome med innspel.

**Sakstfang- vedlagt:**

Reguleringsføresegner

Kart

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	03.05.2007	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Utbyggingsplan - Einestrand bustadfelt
2	I	24.05.2007	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Reguleringsarbeid - Einestrand bustadfelt - tilbud
3	U	30.05.2007	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Reguleringsarbeid - Einestrand bustadfelt - Aksept av tilbud
4	I	15.06.2007	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Varsel om oppstart av reguleringsarbeid - gnr 59/1 og 59/2 - Einestrand
5	U	17.07.2007	Jon Egil Einestrand	Utbyggingsplan - Einestrand bustadfelt
6	I	31.07.2007	Kilde Akustikk AS v/Sigurd Solberg	Støyfaglig assistanse - oppklaring
7	U	14.08.2007	Harriet og Olav Einestrand	Invitasjon til orienteringsmøte - Utbyggingsplan - Einestrand bustadfelt
8	I	29.08.2007	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Oversendelse av første skisseforslag for reguleringen på Einestrand
12	U	11.12.2007	Sjå adresseliste	Utbyggingsplan - Einestrand bustadfelt - Høyring
14	I	19.12.2007	Telenor Networks Engineering	Bekreftelse på mottatt reguleringsplan
13	I	21.12.2007	Fiskeridirektoratet Region Vest	Ad framlegg til reguleringsplan for gnr 59/1,2 - Einestrand
15	I	03.01.2008	Kultur- og idrettsavd Hordaland fylkeskommune	Innspel om kulturminne frå Hordaland fylkeskommune - til reguleringsplanen
16	I	09.01.2008	Fiskeridirektoratet Region Vest	Innspel til reguleringsplan for gnr 59/1 og 2 - spørsmål knytt til eksisterande akvakulturverksemd
17	I	10.01.2008	Statens vegvesen Region vest	Merknader til framlegg til reguleringsplan for Einestrand bustadfelt
18	U	15.01.2008	Hordaland fylkeskommune	Einestrand Bustadfelt - Reguleringsplan - Arkeologisk registrering
20	I	15.01.2008	Siri Hindenes og Terje Torsvik	Kommentarer og synspunkt til reguleringsplanen
19	U	15.01.2008	Mattilsynet Hordland	Reguleringsplan - Einestrand bustadfelt - Innkalling til møte
21	I	21.01.2008	Advokatfirmaet Rasmussen & Broch	Innspel i høve reguleringsplan
24	I	25.01.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - offentlig ettersyn Masfjorden - framlegg til reguleringsplan m/føresegner for Einestrand bustadfelt
23	I	31.01.2008	Kystverket	Uttale til reguleringsplan gnr 59/1 og 2 på Einestrand
25	I	06.02.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til offentlig ettersyn gnr 59/1 og 2 - Einestrand
26	I	11.02.2008	Adv Rasmussen & Broch	Marøy Salmon AS - vedk lokalitet

27	I	25.02.2008	Fiskeridirektoratet Region Vest	Motsegn - Reguleringsarbeid Einestrand
28	I	19.05.2008	Strategi- og næringsavd Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentlig ettersyn for reguleringsplan for Einestrand
30	U	13.11.2008	Masfjorden kommune	Føresegner
31	U	19.11.2008	Fylkesmannen i Hordaland	ad dykkar uttale til reguleringsplan m/føresegner for Einestrand bustadfelt samt utskift av politisk vedtak

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det vart søkt om å skilje ut 4 bustadtomter ved dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Kommunen set krav om utbyggingsplan før søknad om dispensasjon kunne handsamast. Då arbeidet med utbyggingsplanen vart kjent, kom nabobruket og med ønskje om å bygge ut. FUP gav løyve til at det kunne utarbeidast reguleringsplan for begge områda, eksisterande industritomt inkludert

Framlegg til reguleringsplan m/føresegner datert 09.11.2007 for Einestrand Bustadfelt vart godkjent lagt ut til offentleg høyring i FUP-vedtak 056/07 den 03.12.2007.

### HØYRING

Planen har vore ute til offentleg ettersyn frå 13.12.2007-17.01.2008

### UTTALE

**Telenor Networks Engineering har ingen merknader til planen.**

#### **Kultur- og idrettsavdelinga Hordaland fylkeskommune**

Kultur- og idrettsavdelinga ser at det omsøkte planområdet er skrint med mykje berg som stikk opp i dagen, men vil føreta ei mindre arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Kostnadsoverslag vart lagt med der avdelinga ba om skriftleg godkjenning.

Masfjorden kommune aksepterte kostnadsoverslaget på kr 37 500,- i brev av 15.01.2008.

Den arkeologiske registringa vart utført 28.02.2008. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Hordaland fylkeskommune har **ingen vesentlege merknader** til planforslaget.

#### **Fiskeridirektoratet Region Vest**

Utan nærare avklaring til spørsmål ikring akvakulturverksemda, ser regionkontoret konfliktpotensialet som så stort at dei varslar motsegn til planframlegget.

I ny uttale fremjar Fiskeridirektoratet **motsegn** på bakgrunn av at "friluftsområde i sjø" ikkje er i samsvar med kommuneplanen og at naustrekkja vert liggjande for nært AK-lokaliteten.

**Rådmannen tek motsegna til følgje.**

#### **Statens vegvesen Region vest**

Statens vegvesen kan ikkje sjå at det er trong for meir enn eitt kryss på kvar side av riksvegen og vil derfor krevje at eitt av dei to kryssa på vestsida vert teke bort. Dersom kravet ikkje vert lagt til grunn vil Statens vegvesen fremje **motsegn** mot eigengodkjenning av planen. Det må visast plassering av busslommer med stort nok areal til plassering av busskur.

**Rådmannen** vil ta ut krysset i område B2.

**Siri Hindenes og Terje Torsvik**

Dei ber om at avkjørsel vest for riksvegen lengst sør vert flytta til nordre begrensing av eksisterande busslomme.

**Rådmannen** tek ikkje innspelet til følgje.

**Marøy Salmon v/ advokatfirmaet Rasmussen & Broch**

Marøy Salmon har lokaliteten Vikane 1 som ligg nært opp til det området som er søkt regulert. Lokaliteten har ikkje vore i drift, men det er lagt inn ein godkjent driftsplan frå 2009. Marøy Salmon er redd for at omfanget av reguleringsplanen vil føre til ein så stor aktivitet i byggjeperioden og seinare at fisken i anlegget vil verte utsett for forureining og skadepåverknad. Utslepp frå industriområdet må verte leda bort frå AK-området og ut på djupare vatn.

**Rådmannen** tek innspelet delvis til følgje ved å ta ut naustområdet og friluftsområde i sjø. Det vil verte opp til Mattilsynet å avgjere om utslepp vil vere i konflikt med akvakulturverksemda.

**Kystverket Vest**

Ingen merknader.

**Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga**

Landbruksdirektøren finn ikkje å gå imot planen utifrå landbruksinteresser, men er kritisk til at det vert planlagt eit så stort byggefelt som ikkje er i tråd med overordna plan.

**Rådmannen sin kommentar**

Sjå kommentarar til miljøvernavdelinga.

**Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga**

Miljøvernavdelinga fremjar motsegn til reguleringsplanen for Einestrand grunna mangelfull handtering av strandsonevernet og ein arealbruk i strid med overordna kommuneplan. Konkret er fremja motsegn mot bustadområde B3, tomt 13 i bustadområde B2, naustområdet og talet på bueiningar i bustadområde B1 og B2.

**Rådmannen** tar deler av motsegna til følgje. Naustområde med tilhøyrande friluftsområde i sjø vert trekt ut av planen saman med tomt nr13 i bustadområde B2.

Rådmannen er ikkje viljug til å trekke bustadfelt B3 ut av planen og vil ikkje redusere tal bueiningar i bustadområde B1 og B2.

Rådmannen har gjennomført drøftingar med fylkesmannen si miljøvernavdeling. Der vart det frå kommunen si side lagt vekt på at reguleringsplanen for Einestrand viser at Masfjorden sin kommuneplan fungerer. Det var kommunen sjølv som la inn områda som bustadområde, men me var på det tidspunktet ikkje klar kor populært dette området skulle verte med omsyn på bustadbygging.

I kommuneplanen er det sett av to felt der spreidd bustadbygging er tillate. For det eine feltet er det sett krav til enkel tomteplan. Det var etter krav frå fylkesmannen i høyringsprosessen at tal bueiningar for kvart nye utbyggingsområde kom med i kommuneplanen. Når det no er utarbeidd reguleringsplanen for heile område + eit felt (B3) knytt til desse områda, kan ikkje tal på bueiningar som kom til ved "tenk på eit tal" metoden, nyttast som motargument for å redusere tal bueiningar i framlegg til reguleringsplan for Einestrand. Rådmannen meiner at når ein no vel å punktere eit område og etablerer nytt byggefelt, må ein ha ein utbyggings-tettheit som kan forsvare både ei slik punktering og kostnadane med naudsynt infrastruktur for området. Tomtene som er teikna inn i planen har storleik som samsvarar godt med ei "gjennomsnitts Masfjordtomt".

For sørsida sin del var utbygging bestemt av tidlegare knutepunkt - særleg opp mot Sandnes. Etter at Austfjordvegen kom i 1987, er byggeaktiviteten trekt seg lenger mot sør. Det presset kommunen har sett etter at det vart kjent at det var utarbeidd reguleringsplan for Einestrand, var positivt overraskande for kommunen. Masfjorden kommune sitt fremste mål er å oppretthalde, og helst auke, folketalet i kommunen. Når den då får så mange positive tilbakemeldingar på eit aktuelt byggeområde, er det svært viktig for kommunen å gjennomføre denne utbygginga.

## FAKTA

Det er gjennomført fleire møte som gjeld reguleringsplanen sitt forslag om naustområde med tilhøyrande friluftsområde i sjø som er i konflikt med eksisterande oppdrettsanlegg. Det er ikkje semje mellom partane om korleis ein skal løyse denne konflikten. Rådmannen vel difor å ta naustområde med tilhøyrande friluftsområde i sjø ut av planen i denne omgang.

## VURDERING

Det er fremja 2 motsegner til planen (miljøvernavdelinga og fiskeridirektoratet) og det er varsla 1 motsegn (Statens vegvesen). Fleire av punkta i motsegnene kan ein løyse med å rullere kommuneplanen. Dette har ført til at planen har blitt liggjande.

Når no rådmannen vel å legge fram ein redusert plan til eigengodkjenning, er det fordi det ligg føre konkrete byggeplanar for fleire tomter innafør plangrensene. Rådmannen tar difor fleire av punkta i motsegnene til følge. Rådmannen har drøfta planframlegget med fylkesmannen si miljøvernavdelinga og tilrår difor at Fast utval for Plansaker planframlegg for godkjenner Einestrand bustadfelt m/føresegner med følgjande endringar:

- Naustområde vert trekt ut – arealet skal regulerast til friluftsområde
- Friluftsområde i sjø vert trekt ut – arealet vert liggjande uregulert
- Tomt 13 i bustadfelt B2 vert trekt ut – arealet skal regulerast til friluftsområde
- Den nordre avkøyrsløp vert trekt ut – arealet skal regulerast til bustadområde (delast mellom tomt 6 og 9)

## KONKLUSJON

Sjå vurdering



**MASFJORDEN KOMMUNE****Sakspapir**

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	104/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	121/08	Alf Strand
Formannskapet	11.12.2008	119/08	Alf Strand

Arkiv: N-101.5	Arkivsaknr.: 06/761
----------------	---------------------

**SAK 121/08 - KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK  
AKTIVITET 2007 - 2010****KS-121/08 VEDTAK:**

1. Det reviderte handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

**Perioden 2007 – 2010:****A ordinære anlegg:**

1. Miniatyrskyttebane på Sandnes – elektroniske skiver.
2. Alpinanlegg i Stordalen, Perstovatrekket
3. Alpinanlegg i Stordalen, snøproduksjon
4. Merking av turløyper
5. Krøllgras på treningsfelt i Nordbygda idrettsanlegg
6. Lysløype/turveg på Sleire

**B. Nærmiljøanlegg**

1. Nordbygda skule, fritidspark
2. Matre skule, fritidspark
3. Ballbinge på Sørsida
4. Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
5. Orienteringskart for områda rundt skulane
6. Sykkelerossbaner
7. Skileikeanlegg

**C. Anlegg som må planleggast og utgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

1. Fleirbrukshall i samarbeid med Gulen
2. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
3. Krøllgras 7-ar bane på Matre
4. Vassportanlegg

**LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5 – 12 ÅR)****A Ordinære anlegg:**

1. Klubbhus ved skitrekke i Stordalen
2. Lysløype/turveg i Stordalen

**B Nærmiljøanlegg:**

1. vidareutvikling av nærmiljøanlegget ved Sandnes skule
2. Tennisbane på Matre
3. Ballbingar i nye byggefelt

**Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:**

Lars Solheim spurde om han er ugild sidan han er styremedlem i Stordalen skitrekk A/S.

Ordfører Håkon Matre sa at Solheim ikkje er ugild sidan dette ikkje er ein konkret søknad. Lars Solheim vart samrøystes kjent gild i denne saka.

Denne saka vart handsama i ekstramøte i formannskapet i dag før kommunestyret.

Rådgjever Alf Strand orienterte då om uttalen frå Idrettsrådet som låg føre. Han sa at hadde uttalen frå Idrettsrådet lege føre før sakshandsamar skreiv saka, ville det vore Idrettsrådet si prioritering som ville lege som framlegg til vedtak.

Strand orienterte i formannskapet om miniatyrskyttebane på Sandnes som i 2007 fekk tilskot frå tippemidlane med kr. 80.000. Dei vil no kjøpa inn elektroniske skiver, og senda søknad om tippemidlar for 2009 til dette føremålet.

Rådmannen orienterte om at dei trekkjer første framlegget sitt.

**Nytt framlegg frå rådmannen:**

Prioritet nr 1 under pkt A ordinære anlegg for perioden 2007 – 2010 blir:

Elektroniske skiver til miniatyrskyttebana på Sandnes. Deretter føl ein framlegget frå idrettsrådet.

Saka vart drøfta.

**Laila S. Reknes, Ap:**

Masfjorden Arbeidarparti ser ikkje at me kan vera med å byggja ny fleirbrukshall med symjebasseng.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at Gulen behandlar saka om fleirbrukshall i dag. Kommunestyret vil få denne saka til handsaming i næraste framtid.

Leiar i eldrerådet spurde om ordet og sa at skal ein tenkje miljø må ein tenkje på mindre einingar så det ikkje blir så mykje køyring.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet/framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det reviderte handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

**Finansiering****Heimel**

**FS-119/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:****1. Det reviderte handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre****Perioden 2007 – 2010:****A ordinære anlegg:**

1. Miniatyrskyttebane på Sandnes – elektroniske skiver.
2. Alpinanlegg i Stordalen, Perstovatrekket
3. Alpinanlegg i Stordalen, snøproduksjon
4. Merking av turløyper
5. Krøllgras på treningsfelt i Nordbygda idrettsanlegg
6. Lysløype/turveg på Sleire

**B. Nærmiljøanlegg**

1. Nordbygda skule, fritidspark
2. Matre skule, fritidspark
3. Ballbinge på Sørsida
4. Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
5. Orienteringskart for områda rundt skulane
6. Sykkelcrossbaner
7. Skileikeanlegg

**C. Anlegg som må planleggast og utgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

1. Fleirbrukshall i samarbeid med Gulen
2. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
3. Krøllgras 7-ar bane på Matre
4. Vassportanlegg

**LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5 – 12 ÅR)****A Ordinære anlegg:**

1. Klubbhus ved skitrekket i Stordalen
2. Lysløype/turveg i Stordalen

**B Nærmiljøanlegg:**

1. vidareutvikling av nærmiljøanlegget ved Sandnes skule
2. Tennisbane på Matre
3. Ballbingar i nye byggefelt

**Det skjedde i Formannskapet den 11.12.2008:**

Rådgyever Alf Strand orienterte om uttalen frå idrettsrådet som låg føre. Han sa at hadde den lege føre før sakshandsamar hadde skrive saka ville det vore idrettsrådet si prioritering som ville lege som framlegg til vedtak.

Strand orienterte om miniatyrskyttebane på Sandnes som i 2007 fekk tilskot frå tippemidlane med kr. 80.000. Dei vil no gå vidare og få innkjøp elektroniske skiver. Det vil då bli sendt søknad om tippemidlar for 2009.

Rådmannen gjer framlegg om at Elektroniske skiver til miniatyrskyttebana på Sandnes blir ført som prioritet nr 1 under A ordinære anlegg for perioden 2007 -2010 og at ein føl framlegg frå frå idrettsrådet for dei andre punkta.

**Nytt framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.**

**FS-104/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

**Saka vert utsett til ekstramøte i formannskapet den 11.12.2008.**

**Finansiering****Heimel****Utskrift til:**

Idrettsrådet  
Hordaland fylkeskommune

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Det vart delt ut skriv med uttale frå Idrettsrådet i Masfjorden til denne saka. Dette skrivet var kome sakshandsamar i hende etter at sakspapira vart sendt ut.

Pga av at formannskapet ikkje hadde fått sett seg inn innhaldet dette skrivet gjorde ordførar Håkon Matre framlegg om å utsetja saka til ekstramøte i formannskapet den 11.12.2008.

**Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det reviderte handlingsprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

**Finansiering****Heimel****Utskrift til:**

Idrettsrådet

Hordaland fylkeskommune

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	31.08.2006	Lokalavisene	KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - HØYRING
4	I	20.09.2006	Risnrs IL v/Atle Bjarne Andersen	Svar på høyring om kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
16	U	10.01.2007	Idrettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007 - 2010 vedteke i K-sak 57/06
18	I	14.01.2008	Idrettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Vedr søknad om spelemidlar for 2008
19	U	23.01.2008	Fleire adressatar	Melding om vedtak
20	U	24.01.2008	Fleire mottakarar	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007-2010
22	I	27.11.2008	Idrettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Vedr. sak om kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007 - 2010

## BAKGRUNN/ FAKTA

I samband med søknader om spelemidlar må kommunestyret kvart år vedta ei prioriteringsliste over anlegg som det kan søkjast spelemidlar til. I sak 07/08 vedtok kommunestyret 15.01.2008 følgjande handlingsprogram for 2008:

### A Ordinære anlegg

1. Alpinanlegg Stordalen, skitau, lys og bakkeplanering
2. Alpinanlegg Stordalen, Perstovatrekket
3. Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon
4. Merking av turløyper
5. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg

### **Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet A, 1, 2, 3 og 5 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 4 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag og grunneigarar.

### B Nærmiljøanlegg

- 1 Nærmiljøanlegg, Sleire grendahus
- 2 Nordbygda skule, fritidspark
- 3 Matre skule, fritidspark
- 4 Minigolfanlegg Sandnes
- 5 Orienteringskart for områda rundt skulane
- 6 Sykkelcrossbaner
- 7 Skileikeanlegg
- 8 Ballbinge på Sørsida

**Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet 1, 2, 3 og 4 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 5 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 6, 7 og 8 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

**C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

- 1 Evt. fleirbrukshall i samarbeid med Gulen
- 2 Vassportanlegg

**LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)****A Ordinære anlegg**

- 1 Lysløype ved Sleire

**B Nærmiljøanlegg**

- 1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
- 2 Tennisbane på Matre
- 3 Ballbingar i nye byggjefelt

Av desse anlegga fekk pkt. A 1 i Stordalen spelemidlar i år. Det same gjorde pkt B1, Nærmiljøanlegg på Sleire. Det vart i tillegg søkt om spelemidlar til pkt. A2 og A3 i Stordalen, men desse kom ikkje høgt nok på prioriteringslista til fylkeskommunen.

**VURDERING**

Det har så langt kome innspel om følgjande nye anlegg:

Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage

Kunstisbane eller volleyballbane under nærmiljøanlegget Sandnes skule

Begge deler er teke inn i handlingsprogrammet nedanfor.

**Rådmannen går inn for følgjande handlingsprogram for 2009:****A Ordinære anlegg**

1. Alpinanlegg Stordalen, Perstovatrekket
2. Alpinanlegg Stordalen, snøproduksjon
3. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
4. Merking av turløyper
5. Krøllgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg

3. prioritet, Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage er eit nytt tiltak som har kome opp i samband med arbeidet med kommunedelplan for Sandnes. Turvegen vil i tillegg til å leggja til rette for meir fysisk aktivitet, òg sikra trafikktryggleiken på strekninga.

**Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet A, 1, 2 og 5 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 4 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag og grunneigarar. Prioritet 3 er eit kommunalt tiltak.

## **B Nærmiljøanlegg**

1. Nordbygda skule, fritidspark
2. Matre skule, fritidspark
3. Kunstisbane eller volleyballbane Sandnes
4. Orienteringskart for områda rundt skulane
5. Sykkelcrossbaner
6. Skileikeanlegg
7. Ballbinge på Sørsida

### **Planføresetnader til handlingsprogrammet:**

Prioritet 1, 2 og 3 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 4 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 3 er eit nytt tiltak. Det kjem i staden for den tidlegare planlagde minigolfbana. Minigolfbane får ein ikkje spelemidlar til. Skulen vurderer kva type anlegg ein kan ha på det aktuelle området.

## **C Anlegg som må planleggast og konsekvensutgreiast før dei kjem med på prioriteringslista:**

- 1 Evt. fleirbrukshall i samarbeid med Gulen
- 2 Vassportanlegg

## LISTE OVER LANGSIKTIGE OPPGÅVER (5-12 ÅR)

### **A Ordinære anlegg**

- 1 Lysløype ved Sleire

### **B Nærmiljøanlegg**

- 1 Vidareutvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
- 2 Tennisbane på Matre
- 3 Ballbingar i nye byggjefelt

## KONKLUSJON

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek framlegget til handlingsprogram for 2009 slik det ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	108/08	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	11.12.2008	122/08	Ørnulf Lillestøl
Formannskapet	11.12.2008	115/08	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-130, N-138	Arkivsaknr.: 08/850
---------------------	---------------------

### SAK 122/08 - BYGGING AV UMLEIGEBUSTADER PÅ HOSTELAND

#### KS-122/08 VEDTAK:

Det vert oppført 5 utleigebustader på Hostelnd i samsvar med Gravdal sitt tilbod, og samordna i tid med oppføring av omsorgsbustader.

Finansieringsbehov er sett til kr. 5 mill eks moms og vert dekket ved låneopptak, kr. 3 mill og med bruk av fond, kr. 2 mill.

Rådmannen får fullmakt til å invitera private til å tiltre delar av tilbodet, dvs. seksjonsvis.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Det vart delt ut møtebok frå ekstramøte i formannskapet som vart halde før kommunestyret.

Frode Langhelle, spurde om finansiering.

**Frode Langhelle, H**, sette fram slikt framlegg til tilleggspunkt:

Rådmannen får fullmakt til å invitera private til å tiltre delar av tilbodet, dvs. seksjonsvis.

**Liv Oda Dale, Ap**, sa at det er viktig å ha nok husvære til gjennomgangsbustader, slik at ein ikkje sel ut for mykje.

#### Røysting:

Det vart fyrst røysta over dei to punkta i tilrådinga frå formannskapet.

**Desse vart samrøystes vedteke.**

Det vart så røysta over Høgre sitt framlegg til tilleggspunkt.

**Dette vart samrøystes vedteke.**



**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert oppført 5 utleigebustader på Hosteland i samsvar med Gravdal sitt tilbud, og samordna i tid med oppføring av omsorgsbustader.

Finansieringsbehov er sett til kr. 5 mill eks moms og vert dekket ved låneopptak, kr. 3 mill og med bruk av fond, kr. 2 mill

**FS-115/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Det vert oppført 5 utleigebustader på Hosteland i samsvar med Gravdal sitt tilbud, og samordna i tid med oppføring av omsorgsbustader.

Finansieringsbehov er sett til kr. 5 mill eks moms og vert dekket ved låneopptak, kr. 3 mill og med bruk av fond, kr. 2 mill.

**Finansiering****Heimel****Det skjedde i Formannskapet den 11.12.2008:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS-108/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Saka vart utsett til ekstramøte i formannskapet den 11.12.2008.

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Saka vart utsett.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert oppført 5 utleigebustader på Hosteland i samsvar med Gravdal sitt tilbud, og samordna i tid med oppføring av omsorgsbustader.

Finansieringsbehov er sett til kr. 5 mill eks moms og vert dekket ved låneopptak, kr. 3 mill og med bruk av fond, kr. 2 mill

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	05.11.2008	Reknes Byggjevarer LL	Tilbod på bygging av utleigebustader på Hosteland
1	I	10.11.2008	Gravdal Bygg AS	Tilbod på bygging av utleigebustader på Hosteland

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

I samband med at det vart sendt ut anbudsforespurnad på bygging av omsorgsbustader vart det også sendt førespurnad på pris/utforming på bygging av utleigebustader på Hosteland og på Sandnes. ( sjå eiga sak om utleigebustader på Sandnes)

For Hosteland sin del er bakgrunnen for dette at Nordbygdaområdet har stor mangel på denne type bustader. Vi opplever også at verksemdene i Sløvågområdet har vanskar med å busetje tilsette der, og vi har ved mange høve sagt nei til personar som har vendt seg til kommunen med førespurnad om hus. Skal vi nå målet om auka innbyggartal er fleire husvære naudsynt.

### HØYRING/UTTALE

Bustadbygging og etablering av utleigebustader/gjennomgangsbustader har vor eit delprosjekt i lokalsamfunnsutviklingsprosjektet. Spørsmålet har vore drøfta i eiga gruppe og i styringsgruppa ved fleire høve. Det har vore semje om behovet, men vi har ikkje hatt eigne prosjekt på dette.

### FAKTA

Kommunen eig i dag 4 einingar i Ytre Haugsdal og det er jamt større etterspurnad enn ledige husvære både privat og kommunalt. Kommunen har 6 gjennomgangsbustader i Indrefjorden og 16 på Sørsida.

Då vi la ut omsorgsbustadene på anbod, nytta vi samstundes høvet til å be om tilbod på utleigebustader. Vi ba om pris på 5 einingar. 2 einingar med 1 soverom, 2 med 2 soverom og 1 med 3 soverom. Anlegget er planlagt plassert i kommunalt byggjefelt Hosteland aust, nedst ved riksvegen.

Det vart sendt ut førespurnad som avgrensa anbodskonkurransen i august. Gravdal bygg as, Reknes byggjevarer og Walde bygg as vart invitert.

Ved anbodsopning hadde Gravdal og Reknes konkrete pristilbod på bygging av utleigebustader. Walde har omtalt i sitt anbod for omsorgsbustader at tilsvarande bygg som dette også kan etablerast som utleigebygg.

Pristilbod utan mva:

Gravdal as: 4775000,-

Reknes: 6996000,-

Walde: (ikkje konkret tilbod)

Det vart i førespurnaden presisert at det i tillegg til pris også ville verte vurdert utforming, plassering og utnytting av tomt.

Gravdal sitt utkast foreslår 2 bygg med 3+2 einingar i eit tun. Bustadene er i to etasjar med sov/loftstove/bod i 2. etg.

Reknes foreslår eit bygg med 5 husvære i rekke med ”knekk” /vinkel på midten. Alt er plassert alt på eit plan.

## VURDERING

Både Reknes og Gravdal sine utkast er funksjonelle bustader som er eigna til å imøtekomme dei behov marknaden no krev i denne delen av kommunen. Tilgang på bustader kan bidra til at einskildpersonar/familiar buset seg her som alternativ til å leige i andre kommunar. For denne delen av kommunen er avstandane små spesielt til Gulen med også til nordre delar av Lindås.

Prisforskjell mellom tilbydarane er såpass stor at dette er heilt avgjerande for val av tildeling. Gravdal sitt tilbod vert derfor tilrådd. Gravdal er også i administrativt vedtak tildelt oppdrag på oppføring av omsorgsbustader, og vil då kunna samkøyre desse byggeprosjekta. Dette gjeld bruk av underentreprenørar, rigg, administrasjon osv.

Pristilbodet frå Gravdal gjeld ut 2008. Oppstart bygging av omsorgsbustadene er sett til midten av januar 2009.

Ved å føra opp utleigeeiningar i byggefeltet får kommunen bygd vidare på dei investeringane som er gjort i området. Bustadene vil også liggja perfekt plassert for utleige til kommunalt tilsette, da kommunen har ein stor del av sine arbeidstakarar plassert i dette området.

## Finansiering

Tilbodspris frå Gravdal er : 4 775 000,- ekskl. mva. I tillegg kjem mindre kostnader til tomt/anlegg (framføring av VA, el og tele) og utviding til 2 sov på to einingar. Rådmannen legg til grunn ein kostnad på 5 mill kr. ekskl. mva Dette er ei svært god pris på 5 bustadeiningar.

Det kan ikkje påreknast Husbanktilskot til denne type bustader. Men marknaden for utleige av bustader i Nordbygda er godt, og husleigeinntektene kan finansiera ein stor del av investeringa. Husleigene må vurderast seinare, men eit anslag ut frå husleigenivået kommunen har i dag viser at om lag 60% av kostnaden i dette prosjektet kan finansierast ved leigeinntekter- til betaling av renter og avdrag i låneperioden. Minst 40%- 2. mill. kr. må vera eigenkapital- og leggjast inn i budsjettet for 2009. Rådmannen tilrår at eigenkapitalen blir finansiert ved bruk av fond, og at det blir gjort eit låneopptak for det resterande, 3.mill kr. Då er dette prosjektet fullfinansiert.

Rådmannen meiner også at kommunen må gjera ein ny gjennomgang av all kommunal eigedom med tanke på å selja det vi ikkje har absolutt trong for. Som kommunestyret er kjende med gjennom statusrapporten på vedlikehald, har vi ein svært stor eigedomsmasse å vedlikehalda. Sal av deler av noverande eigedom kan gje eigenkapital til å gå inn med nybygg der kommunen no har trong for det.

## Konklusjon

Rådmannen går inn for følgjande vedtak:

Det vert oppført 5 utleigebustader på Hosteland i samsvar med Gravdal sitt tilbod, og samordna i tid med oppføring av omsorgsbustader.

Finansieringsbehov er sett til kr. 5 mill ekskl moms og vert dekkja ved låneopptak, kr. 3 mill og med bruk av fond, kr. 2 mill

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	111/08	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	11.12.2008	123/08	Ørnulf Lillestøl
Formannskapet	11.12.2008	116/08	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-138, N-317	Arkivsaknr.: 08/851
---------------------	---------------------

### SAK 123/08 - TILBOD BUSTADER FOR SAL PÅ SANDNES

#### KS-123/08 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune ser trong for at det blir etablert fleire bustader på Sandnes.
2. Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å forhandle fram bindande tal for utbygging av inntil 5 utleigebustader på Sandnes, også med tanke på bygging i kommunal regi dersom ikkje private vil nytta høve til å tiltre tilbodet.
3. Rådmannen utarbeider framlegg til finansieringsplan til behandling ved saldering av budsjettet 1. kvartal 2009.

#### Finansiering

Vert å koma attende til når prosjektet skal endeleg handsamast

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

**Frode Langhelle, H**, gjorde framlegg om eit tilleggspunkt:

Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å forhandle fram bindande tal for utbygging av inntil 5 utleigebustader på Sandnes, også med tanke på bygging i kommunal regi dersom ikkje private vil nytta høve til å tiltre tilbodet.

Rådmannen utarbeider finansieringsplan til behandling ved saldering av budsjettet 1. kvartal 2009.

**Kari Skår Sørheim, KrF**, hadde eit tilleggsframlegg til Høgre sitt framlegg til pkt. 1.:

Masfjorden kommune ser trong for at det blir etablert fleire bustader på Sandnes.

Willy Borge spurde om kor mange kommunale utleigebustader det var på Sandnes og kor mange ledige det er.

Rådmannen svara at ho hadde ikkje heilt nøyaktig tal, men taler er ca 10 og det er berre ei ledig.

Rådmannen trekkjer sitt framlegg i pkt. 2. og pkt 3.

#### Røysting:

Framlegget frå Høgre og KrF vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune vurderer å føra opp 5 utleigebustader på Sandnes i samsvar med Gravdal sitt tilbud.

Rådmannen får fullmakt til å gå vidare med forhandlingar med Gravdal for å koma fram til bindande tal for utbygginga og å kartleggja om det er private interessentar som ynskjer å kjøpa husvære i prosjektet..

Kommunestyret vil ta endeleg stilling til prosjektet når kostnadene for utbygginga og rekneskapsresultata for 2008 er kjende.

**Finansiering**

Vert å koma attende til når prosjektet skal endeleg handsamast.

**Heimel****FS-116/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Masfjorden kommune vurderer å føra opp 5 utleigebustader på Sandnes i samsvar med Gravdal sitt tilbud.

Rådmannen får fullmakt til å gå vidare med forhandlingar med Gravdal for å koma fram til bindande tal for utbygginga og å kartleggja om det er private interessentar som ynskjer å kjøpa husvære i prosjektet.

Kommunestyret vil ta endeleg stilling til prosjektet når kostnadane for utbygginga og rekneskapsresultata for 2008 er kjende.

**Finansiering**

Vert å koma attende til når prosjektet skal endeleg handsamast.

**Det skjedde i Formannskapet den 11.12.2008:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om prosjektet og at det allereie har kome konkrete førespurnader på å kjøpa husvære.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS-111/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

**Saka vart utsett til ekstramøte i formannskapet den 11.12.2008.**

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Saka vart utsett.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.11.2008	Gravdal Bygg as	Tilbod på bustader for sal på Sandnes

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

I samband med innhenting av tilbod på bygging av omsorgsbustader og utleigebustader på Hosteland, vart det også bede om tilbod på bygging av utleigeleiligheter/leiligheiter for sal på Sandnes. Førespurnaden vart sendt til Gravdal bygg as, Reknes byggjevarer og Walde bygg as. Kommunen har stilt tomtene 30/50/1, 2 og 3 i Sandnes II bustadfelt til disposisjon for prosjektet. Det er berre Gravdal bygg as som har sendt oss tilbod på dette.

Vi har ved mange høve sagt nei til personar som har vendt seg til kommunen med førespurnad om hus, også på Sandnes. Skal vi nå målet om auka innbyggartal er fleire husvære naudsynt.

**HØYRING/UTTALE**

Bustadbygging og etablering av utleigebustader/gjennomgangsbustader har vor eit delprosjekt i lokalsamfunnsutviklingsprosjektet. Spørsmålet har vore drøfta i eiga gruppe og i styringsgruppa ved fleire høve. Det har vore semje om behovet, men vi har ikkje hatt eigne prosjekt på dette.

**FAKTA**

Kommunen eig i dag 4 einingar i Ytre Haugsdal. Kommunen har 6 gjennomgangsbustader i Indrefjorden og 16 på Sandnes. Sjølv om vi har mest bustader på Sandnes, har vi også her sagt nei til mange førespurnader om husvære. Fleire av husværa som kommunen har i dette området er einebustader og lite tenlege som utleigeeiningar. Desse bør seljast til private og erstattast med leiligheiter. Slik kan kommunen redusera vedlikehaldsbehovet.

Gravdal skisserar to ulike alternativ for å byggje i aktuelt område/tomt. Dei presiserar at dette er ei utfordrande tomt å byggje ut til denne type bygg.

Alternativ 1: Rekkjehus

5 einingar med to etasjar. Storleik mellom 65 – 80 kvm. Garasje kjeller.

Alternativ 2. Leiligheiter

6 einingar. Storleik mellom 42 – 80 kvm. 2x 1 sov, 2 x 2 sov og 2x 3 sov  
Garasje i kjeller. Felles heis og inngang på etasje

Gravdal føreset at kommunen. kjøper bustadene evt garanterer for sal.

Prisane er anslag og ikkje bindande på same måte som i dei andre prosjekta. Kommune må i utgangspunktet ta stilling til alternativ, investeringsanslaget, vilkåra og deretter be om detaljprosjektering fram mot bindande kontrakt.

Prisanslag alternativ 1: 5.250.000,-

Prisanslag alternativ 2: 5.500.000,-

Dersom bustadene skal seljast til private vil det også påkomme mva. Dette vil gje pris på 6.562.500,- og 6.875.000,-

## VURDERING

Tilbudet frå Gravdal er tiltalande, med gode leiligheter til ein god pris. Det er også tenleg for kommunen om ein kan utnytta dette tomteområdet til leiligheter.

I utgangspunktet har ikkje kommunen sjølv same store trongen for nye leiligheiter på Sandnes som på Nordbygda. Men det er jamt etterspurnad etter husvære på Sandnes, og her har vi også hatt interessantar som vil kjøpa leiligheter utan at det har vore noko å tilby.

Rådmannen ville primært ynskja at private aktørar gjekk i gang med å byggja ut småhusvære for salg på Sandnes. Men rådmannen ser også positivt på at kommunen står for ei slik utbygging fordi dette også kan vera med på å nå målet vårt om auka folketal.

Prosjektet på Sandnes er ikkje eit ferdig tilbud frå Gravdal si side. Dei har teke atterhald om inntil 15% påslag ved detaljprosjektering. Bindande tilbud må liggja føre når prosjektet vert endeleg godkjent. Dette kan vi arbeida vidare med. Prosjektet på Sandnes må ha prioritet etter omsorgsbustader og utleigebustader på Nordbygda.

## FINANSERING

Førebels tilbodspris frå Gravdal er :

Prisanslag alternativ 1: 5.250.000,-

Prisanslag alternativ 2: 5.500.000,-

Dersom bustadene skal seljast til private vil det også påkomme mva. Dette vil gje pris på 6.562.500,- og 6.875.000,-

Dette er ei svært god pris på 5 bustadeiningar på den tomten det her er tale om..

Det kan ikkje påreknast Husbanktilskot til denne type bustader. Men marknaden for utleige av bustader i Sandnes har vore god, og husleigeinntektene kan finansiera ein stor del av investeringa. Husleigene må vurderast seinare, men eit anslag ut frå husleigenivået kommunen har i dag viser at om lag 60% av kostnaden i dette prosjektet kan finansierast ved leigeinntekter- til betaling av renter og avdrag i låneperioden. Minst 40%- må vera eigenkapital.

Rådmannen meiner at kommunestyret må vurdere om det er rom for dette prosjektet etter at rekneskapsresultatet for 2008 er kjend. Under føresetnad av at resultatet for 2008 gjev rom for avsetjing til dette føremålet kan rådmannen tilrå å gjennomføra prosjektet. Rådmannen rår til

at saka må koma attende til kommunestyret til endeleg godkjenning når 2008- resultatet er kjend og vi har bindande tal frå Gravdal.

I tida fram til endelege tal frå Gravdal og rekneskapsresultat for 2008 er klare, må ein også ha ei marknadsundersøking på om det er private som vil kjøpa leiligheiter i prosjektet.

Rådmannen meiner også at kommunen må gjera ein ny gjennomgang av all kommunal eigedom med tanke på å selja det vi ikkje har absolutt trong for. Som kommunestyret er kjende med gjennom statusrapporten på vedlikehald, har vi ein svært stor eigedomsmasse å vedlikehalda. Sal av deler av noverande eigedom kan gje eigenkapital til å gå inn med nybygg der kommunen no har trong for det. Rådmannen ser det som ein føremon om ein kan selja noko av den kommunale bustadmassen på Sandnes og sitja att med nye utleigeleiligheter.

## KONKLUSJON

Rådmannen går inn for følgjande vedtak:

Masfjorden kommune vurderer å føra opp 5 utleigebustader på Sandnes i samsvar med Gravdal sitt tilbud.

Rådmannen får fullmakt til å gå vidare med forhandlingar med Gravdal for å koma fram til bindande tal for utbygginga og å kartleggja om det er private interessentar som ynskjer å kjøpa leiligheiter i prosjektet..

Kommunestyret vil ta endeleg stilling til prosjektet når kostnadene for utbygginga og rekneskapsresultata for 2008 er kjende.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	112/08	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2008	124/08	Alf Strand
Formannskapet	11.12.2008	117/08	Alf Strand

Arkiv: N-132, N-102	Arkivsaknr.: 08/878
---------------------	---------------------

### SAK 124/08 - SLUTTRAPPORT OG SLUTTREKNESKAP FOR NYTT TAK NORDBYGDA SKULE

#### KS-124/08 VEDTAK:

Sluttrapport og sluttrekneskap for utbygginga av Nordbygda skule vert godkjende slik dei ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Saka vart handsama i ekstramøte i formannskapet i dag før kommunestyret starta. Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

#### Røysting i kommunestyret:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Sluttrapport og sluttrekneskap for utbygginga av Nordbygda skule vert godkjende slik dei ligg føre.

#### Finansiering

#### Heimel

#### **FS-117/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Sluttrapport og sluttrekneskap for utbygging av Nordbygda skule vert godkjende slik dei ligg føre.

**Det skjedde i Formannskapet den 11.12.2008:**

Ass. Rådmannen Svein Helge Hofslundsengen orienterte om finansieringa. Dette prosjektet vert nytta til å ta ut rest finansiering av rentekompensasjon skuleanlegg etter noverande ordning (opphøyr 8.12.2008) – slik at ein no har teke ut 100%, og er klar til ny ordning med rentekompensasjon frå 1.1.2009.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**FS-112/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

**Saka vart utsett til ekstramøte i formannskapet den 11.12.2008.**

**Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2008:**

Saka vart utsett.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Sluttrapport og sluttrekneskap for utbygginga av Nordbygda skule vert godkjende slik dei ligg føre.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.10.2007	Ingeniør Aarland AS	Nordbygda skule - prosjektering av tak trinn 2 barneskulen mot øst
2	I	05.02.2008	Ing. Aarland As	Ferdigbefaring arkitektfag Nordbygda skule - tak trinn 2
2	I	27.11.2008	Kontrollutvalet	Særutskrift frå Kontrollutvalet frå møte 27.11.08

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN/ FAKTA**

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak 16/07 i møtet 26.04.2007:

**Kommunestyret godkjenner kontrakt med Brødrene Hindenes AS på byggjearbeid Nordbygda skule innanfor ein kostnad på kr 3000000.**

Dette gjeld fyrste byggesteg på utbetring av Nordbygda skule og handlar om nytt tak over praksisfløyen med tilrettelegging for framtidig ventilering av denne fløyen og gymsal/garderobar.

Arbeidet vart sett i gang og fullført i 2007.

Når det gjeld 2. byggesteg, nytt tak over klasseromsfløyen Nordbygda skule, gjorde kommunestyret slikt vedtak i sak 112/07 i møte 25/10 2007:

Kommunestyret tar orienteringa om status og framdrift i prosjektet Vøle av tak Nordbygda skule til orientering.

Kommunestyret delegerer til formannskapet å vurdere og gjere vedtak når det gjeld mogleg framskunding og ferdigstilling av takreparasjon på Nordbygda skule, jfr. Lov om off anskaffelser §2.1

I budsjettmøtet 13.12.2007 vart nytt tak over klasseromsfløyen på Nordbygda skule prioritert som nr. 1 på lista over større utbetringstiltak for skular og barnehagar.

Kontrakten gjekk her og til Brødrene Hindenes AS, og kontraktsummen var kr 1876600 ekskl. mva. I investeringsbudsjettet for 2008, vedteke av kommunestyret 13/12 2007, sak 127/07, vart det lagt inn kr 2000000 ekskl. mva til prosjektet.

Arbeidet vart avslutta til skulestart hausten 2008.

Sluttrapport og sluttrekneskap for begge prosjekta ligg no føre.

Investeringsprosjekt Nordbygda skule;			
utgifter;			
konto;		rekneskap	budsjett
01204	kopieringstenester	1 084,80	
01951	byggesaksgebyr	5 400,00	
02300	vedlikehald	1 059 035,40	
02309	nybygg	3 820 423,99	5 000 000
02706	konsulenttenester	14 450,00	
03501	tenester frå NGIR	18 136,96	
04290	moms	1 227 157,79	1 250 000
	sum	6 145 688,94	6 250 000
finansiering Nordbygda skule			
		rekneskap	budsjett
09101	lån	3 000 000,00	3 000 000
09700	overf. frå drift	3 145 688,94	3 250 000
	sum	6 145 688,94	6 250 000
	Mindreforbruk:	104 311	

**UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET****KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE  
SÆRUTSKRIFT**

**Møtedato,** 27.11.2008  
**Stad:** Kommunehuset  
**Kl.:** 09.15 – 13.30  
**Tilstades:** Kjell Løvik (leiar), Jan Otto Daae (nestleiar) og Wenke Ekren,  
**Innkalla:** Assisterande rådmann Svein Helge Hofslundsengen  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss.  
**Forfall:**

.....

**46/08 Sluttregneskap for investeringsprosjekt nytt tak Nordbygda skule**

Kontrollutvalet fikk i møte lagt fram investeringsregneskap og ein revisjonsuttale for investeringsprosjekt nytt tak Nordbygda skule.

Assisterande rådmann gav ein orientering om prosjektet. Prosjektet har vore gjennomført som eit total anbod. Totale kostnader med prosjektet er kr 6.146.000,-, og har eit mindreforbruk på om lag kr 104.000,-.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har 27.11.08 gitt følgjande uttale til prosjektrekneskapen for nytt tak Nordbygda skule.

Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen til nytt tak Nordbygda skule til etterretning. Etter kontrollutvalet sin mening gir prosjektrekneskapen tilfredsstillande informasjon. Prosjektet har eit mindreforbruk på om lag kr 104.000,-.

Masfjordnes, 27.11.08

Kjell Løvik/leiar

Bent Gunnar Næss/sekretær

**VURDERING/ KONKLUSJON**

Utbeingsarbeida på Nordbygda skule er gjennomførte til den pris og tid som var fastsett i kontraktane.

Det er bygt nytt tak over dei to gamle fløyane på Nordbygda skule. Arbeidet omfattar heilt ny takkonstruksjon med dragarar og takstolar/sperr slik at det no er mønetak over begge fløyane. Taktekkinga er stålpanner. Det er lagt til rette for ventilasjon, men ventilasjonsanlegg er ikkje montert. Eksisterande avtrekkskanalar har blitt ført gjennom tak.

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenna sluttrapport og regneskap slik dei ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	03.12.2008	113/08	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	11.12.2008	125/08	Lovisa Midtbø
Formannskapet	11.12.2008	118/08	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-132, N-20	Arkivsaknr.: 07/294
--------------------	---------------------

### SAK 125/08 - SLUTTRAPPORT SOLHEIM KYRKJE - RESTAURERING OG TILBYGG

#### KS-125/08 VEDTAK:

1. Sluttrapport Solheim kyrkje - restaurering og tilbygg vert teke til vitring.
2. Overskriding vert finansiert med overføring frå drift til investeringsbudsjettet.
3. Lån vert teke opp av Fellestrådet til restaurering av Solheim kyrkje.
4. Investering vert ført i balansen til Masfjorden kommunale fellestråd.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Saka vart handsama i ekstramøte i formannskapet i dag før kommunestyret starta. Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Kari Skår Sørheim sa at det kunne vera interessant ved eit passande høve å invitera Fellestrådet til kommunestyret for å orientera om kva planar dei har og om arbeidet som Fellestrådet gjer.

Ordførar sa at det var eit godt forslag som me må prøva å få til.

Vigdis Søvik hadde ein kommentar til dei to siste sakene som no har vore handsama. Det er positivt å sjå kva arbeid som er vorte gjort. Administrasjonen og politikarane har gjort eit godt arbeid. Dette må me vera stolte av.

#### Røysting:

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

#### FS-118/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Sluttrapport Solheim kyrkje – restaurering og tilbygg vert teke til vitring.
2. Overskriding vert finansiert med overføring frå drift til investeringsbudsjettet.
3. Lån vert teke opp av Fellestrådet til restaurering av Solheim kyrkje.
4. Investering vert ført i balansen til Masfjorden kommunale fellestråd.

## FS-113/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett til ekstramøte i formannskapet den 11.12.2008.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Sluttrapport Solheim kyrkje - restaurering og tilbygg vert teke til vitring.
- Overskriding vert finansiert med overføring frå drift til investeringsbudsjettet.
- Lån vert teke opp av Solheim kyrkje
- Investering vert ført i balansen til Masfjorden kommunale fellelsråd.

### Utskrift til:

Fellelsrådet

## SAKSTILFANG:

### Ikkje vedlagt:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	19.03.2007	Husbanken	Søknad om prosjektgodkjenning av tilbygg Solheim kyrkje
3	U	15.05.2007	Masfjorden Kyrkjelege Fellelsråd; Solheim sokneråd	Melding om vedtak - Solheim kyrkje - restaurering og tilbygg
4	I	21.06.2007	Solheim grendalag	Rydding av Solheim kyrkje
5	I	10.04.2008	Masfjorden kyrkjelege fellelsråd v/dagleg leiar	Nyinstallert elektrisk anlegg i Solheim kyrkje - driftsvanskar
7	I	07.05.2008	Kyrkjeverje Arnold Matre	Merknader til referat frå møte om nytt bårehus og vedlikehald Solheim kyrkje
9	I	27.11.2008	Kontrollutvalet	Særutskrift frå Kontrollutvalet den 27.11.08 i høve sluttrapport Solheim kyrkje

### Sakstilfang vedlagt:

Sluttrapport Solheim kyrkje – restaurering og tilbygg.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Syner til vedlagt sluttrapport frå rådmannen dagsett 21.11.2008

### UTTALE

Kontrollutvalet hadde møte på kommunehuset den 27.11.08.

<b>Møtedato,</b>	<b>27.11.2008</b>
Stad:	Kommunehuset
Kl.:	09.15 – 13.30
Tilstades:	Kjell Løvik (leiar), Jan Otto Daae (nestleiar) og Wenke Ekren,
Innkalla:	Assisterande rådmann Svein Helge Hofslundsengen

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss.  
Forfall:

---

#### **45/08 Sluttrekneskap for investeringsprosjekt Solheim kyrkje**

Kontrollutvalet fikk i møte lagt fram investeringsrekneskap og ein revisjonsuttale for investeringsprosjekt Solheim kyrkje.

Assisterande rådmann gav ein orientering om prosjektet. Det vart orientert om korleis prosjektet var organisert. Det arbeidet som kommunen har gjort i prosjektet er ikkje synleggjort i rekneskapet. Det betyr at det reelle overforbruket på prosjektet er vesentleg høgare enn 235.000,-. Organiseringa av prosjektet har gitt visse utfordringar med omsyn til ansvar og kostnadskontroll.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har 27.11.08 gitt følgjande uttale til prosjektrekneskapen for Solheim kyrkje.

Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen til Solheim kyrkje til etterretning. Etter kontrollutvalet sin meining gir prosjektrekneskapen tilfredsstillande informasjon.

Prosjektet har eit meirforbruk på om lag 235.000,-.

Kommunestyret må ved godkjenning av prosjektrekneskapen løyve dei ekstra midlane for å få prosjektet full finansiert. Kommunestyret må sjølv ta stilling til korleis denne ekstra løyvinga skal finansierast.

FAKTA

VURDERING

KONKLUSJON

- Sluttrapport Solheim kyrkje - restaurering og tilbygg vert teke til vitring.
- Overskriding vert finansiert med overføring frå drift til investeringsbudsjettet.
- Lån vert teke opp av Solheim kyrkje
- Investering vert ført i balansen til Masfjorden kommunale fellelsråd.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	11.12.2008	114/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2008	126/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102.1	Arkivsaknr.: 08/902
----------------	---------------------

### SAK 126/08 - BUDSJETTREVISJON 2008

#### KS-126/08 VEDTAK:

1. Det vert gjort budsjettendringar investeringsbudsjettet i tråd med pkt. 1-9 under faktadelen
2. Momskompensasjon som gjeld investeringane skal overførast frå drift til investering fullt ut.
3. Det vert gjort budsjettendringar investeringsbudsjettet i tråd med pkt. 1-9 under faktadelen
4. Meirinntekter vert budsjettert og avsett til fond, eigenkapital framtidige investeringar – vedtaksmynde delegert til ordførar innan 31.12.08
5. Elles delegering til ordførar å ta stilling til søknader om overføring av unytta løyvingar

#### Finansiering

Budsjettet er og blir i balanse med dei endringsframlegg som ligg føre i saka

#### Heimel

Kommunestyret, Kommunelova, økonomireglementet

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Denne saka var handsama i ekstramøte i formannskapet tidlegare i dag der saka vart samrøystes vedteke.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte, jfr. saksutgreiinga.

#### Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



**FS-114/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Det vert gjort budsjettendringar investeringsbudsjettet i tråd med pkt. 1-9 under faktadelen.
2. Momskompensasjon som gjeld investeringane skal overførast frå drift til investering fullt ut.
3. Det vert gjort budsjettendringar investeringsbudsjettet i tråd med pkt. 1-9 under faktadelen.
4. Meirinntekter vert budsjettert og avsett til fond, eigenkapital framtidige investeringar – vedtaksmynde delegert til ordførar innan 31.12.08.
5. Elles delegering til ordførar å ta stilling til søknader om overføring av unytta løyvingar.

**Finansiering**

Budsjettet er og blir i balanse med dei endringsframlegg som ligg føre i saka

**Heimel**

Kommunestyret, Kommunelova, økonomireglementet

**Det skjedde i Formannskapet den 11.12.2008:**

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- 1 Det vert gjort budsjettendringar investeringsbudsjettet i tråd med pkt. 1-9 under faktadelen
- 2 Momskompensasjon som gjeld investeringane skal overførast frå drift til investering fullt ut.
- 3 Det vert gjort budsjettendringar investeringsbudsjettet i tråd med pkt. 1-9 under faktadelen
- 4 Meirinntekter vert budsjettert og avsett til fond, eigenkapital framtidige investeringar – vedtaksmynde delegert til ordførar innan 31.12.08
- 5 Elles delegering til ordførar å ta stilling til søknader om overføring av unytta løyvingar

**Finansiering**

Budsjettet er og blir i balanse med dei endringsframlegg som ligg føre i saka

**Heimel**

Kommunestyret, Kommunelova, økonomireglementet

**Utskrift til:**

Driftseiningar som vert berørt av budsjettrevisjonen

Revisjonen

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Oppfølging av 2.tertitalrapport – budsjettendringsbehov – få eit mest muleg reelt forhold mellom investeringar som vert utført i 2008 og budsjettet, og sikre finansiering av investeringar som vert forskyvd i tid i form av avsetjingar gjennom 2008 driftsbudsjettet.

### HØYRING & UTTALE

Innspel frå driftseiningane i samband med rapportering pr. 31.10.08 til rådmannen i tråd med økonomireglementet.

### FAKTA

#### Revisjonsgrunnlag investeringsbudsjettet;

- 1) Breibandsprosjektet – samla 980.000 – fylkeskommunalt tilskot og HØYKOM med 50%, resten kommunal eigenfinansieringsdel – kommunal eigenfinansieringdel med bruk av fond (2.5300.000) (bruker av avsetjing og disponering av årsoverskotet 2007)
- 2) KLP eigenkapitalinnskot– utgift 250.000,-, finansiert med bruk av fond (pensjon – 2.5600.100)
- 3) NAV bygg (500.000 i nettoutgift, 140.000 i kommunal finansieringsdel (overføring frå drift relatert til rammeområde sosial- og barnevern), resten med overføring stat, konto 08900 – 360' i inntekt.
- 4) Omsorgsbustadar flytta over til 2009 budsjettet – får og konsekvensar drift. Overføring frå drift til investering som delfinansiering, vert gjort om til avsetjing til fond – fond vert brukt i 2009 rekneskapen til delfinansiering av investeringsprosjektet
- 5) Budsjettdekning tilrettelegging bustadføremål under teneste 31505 – tilrettelegging av bustadfelt med 1 mill.kr. – finansiert med bruk av kraftfondet
- 6) Kommunale vegar, overføring frå drift – løyving i drift, overføre til investeringsbudsjettet
- 7) Avlaupsnett, auka opp bruttobudsjettet, finansiert med overføring frå andre – netto ingen endring
- 8) Budsjettere og overføre kostnader formidlingslån frå drift til investering
- 9) Finansierte avvik Solheim kyrkje, overføring av drift (+ unytta midlar tak Nordbygda skule)

**Revisjonsgrunnlag driftsbudsjettet;**

- 1) Opphøyr av teneste 25405 , fordele budsjettmidlar (løn) til Indre Masfjorden barnenahge, Masfjorden sjukeheim pleie og heimetenester indre 25409 (med om lag 325.000)
- 2) Avsetjing av midlar til kulturfond – 500.000, slik at fondet utgjør 1.000.000,- pr. 31.12.08
- 3) Sysselsetjingstiltak Matre skule (konto 10503 – teneste 20203 med om lag 150.000)
- 4) Bruk av fond Nordbygda skule – for å dekke meirutgifter (brukt av avsetjing 2007 med 500.000 som er brukt i 08) – finansiert med bruk av fond
- 5) Budsjettere med inntekter tenese 23305 sals- og skjenkekontroll
- 6) Budsjettere (meirinntekt på 100.000 konto 18900 og avsette konto 15400 med 100.000) frå teneste 23407.
- 7) Heimetenester sør, ekstratiltak som medfører behov for å korrigere løns- og driftspostar. Meirutgifter vert dekkja ved å bruke av fond, inntektsføre bruk av fond (kr. 386.500) som vart avsett i 2007 rekneskapen.
- 8) Oppfølging museum – jf. orientering 2.tertial – budsjettdekning for noverande overskriding som skissert i sist Kommunestyremøte
- 9) Føre 700.000 som utlån Stordalen skisenter i investeringsbudsjettet, førebels ført som driftstilskot under teneste 38004 – forskottering av tippemidlar.
- 10) Kommunale vegar, overføre 1 mill.kr. avsett i drift til inv. (jf. bruk av rekneskapsoverskot 2007)

**VURDERING**

Dei aller fleste budsjettendringane er kommentert tidlegare, m.a. under handsaming av 2.tertialrapport og som innhald i den rapporten + presentasjonar.

Hensikta er å få eit betre samsvar mellom hovudoversikt investering og skjema 2A/2B investering – jf. revisjonsmerknad, samt å gjere formelt vedtak om avsetjing som er tenkt nytta til finansiering av investeringar i 2009, kor ein m.a. har tenkt bruk av fond investeringsprosjekt omsorg-/psykiatribustadar Hosteland (inv.prosjekt overført frå 2008 til 2009). Dette føreset då at rekneskapen 2008 kjem ut med eit driftsresultat som føreset i budsjettsalderingssaka frå mai 2008. Årets løns- og pensjonskostnader kan skape problem for å oppnå det resultat som budsjettsalderinga la opp til.

Ein del aktivitet innan rammeområda medfører at ein del tenester bruker av tidlegare års avsetjingar til disposisjonsfond.

Budsjettendringar elles innan drift er å rette opp i nokre skeivheiter og endra forhold i løpet av driftsåret.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at det vert gjort budsjettendringar i tråd med faktadelen, og for andre forhold vert delegert avgjerdsmynde til ordførar – som 1) søknader om overføring av unytta løyvingar og 2) disponering av evt. meirinntekter (her under evt. Konesjonskraft når ein vert kjent med endeleg volum, budsjettert med eit volum på 26,5 GWh, ein håper framleis på 29,8 GWh).

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2008	127/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/908
-----------	---------------------

### 127/08 DELEGERTE VEDTAK

#### DRÅD. 003/08: Valg av entreprenør- utbyggjar

##### Rådmannen sitt vedtak:

Bygging av omsorgsbustader vert tildelt Gravdal bygg som totalentreprise. Vedtaket er fatta på grunnlag av tilbod motteke 07.11.08.

Det vert igangsett byggeprosess så snart dette praktisk let seg gjere.

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### KS-127/08 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 11.12.2008 vert vitna**

Håkon Matre  
Ordførar

Kari Skår Sørheim  
Kommunestyremedlem

Jan Otto Daae  
Kommunestyremedlem